

# **Kartlegging av biologisk mangfold i Gjemnes 1999-2000.**

**John Bjarne Jordal**



**Gjemnes kommune**

Forfattar:  
John Bjarne Jordal  
6610 Øksendal  
Telefon 71 69 54 45  
epost: bjjordal@online.no

Utgjevar:  
Gjemnes kommune  
6631 Batnfjordsøra

Kan siterast fritt med vising til kjelde.

Rapporten kan tingast frå:

Gjemnes kommune  
6631 Batnfjordsøra

Tlf: 71 29 11 11

Denne rapporten kan refererast som:

**Jordal, J. B., 2000: Kartlegging av biologisk mangfald i Gjemnes kommune 1999-2000. Gjemnes kommune. 110 s. + kart.**

*Framsidedfoto: Traner på Osmarka, ein sjeldan hekkefugl i Møre og Romsdal. Eit av særtrekka ved naturen i Gjemnes er dei mange austlege artane av både fugl, planter og insekt på Osmarka, artar som er sjeldne eller fråverande elles i fylket. Dei slakke åsane, skogen, myrene og innsjøane gjev oss kanskje også assosiasjonar til Austlandet. Resten av kommunen er meir typisk for fjordstroka på Nordvestlandet, og gjer at Gjemnes alt i alt er ein svært variert kommune. Foto: Ulf Johannessen.*

## KARTLEGGING AV BIOLOGISK MANGFALD I GJEMNES KOMMUNE


Dei kommunale oppgåvene er mange, og vi er svært glade for at rapporten over det biologiske mangfaldet i vår kommune no er fullført. Rapporten presenterer mykje nytt og interessant stoff. Vi vil takke John Bjarne Jordal for godt utført arbeid. Resultatet er skapt på grunnlag av mange befaringar rundt om i kommunen og grundig bearbeiding og systematisering. Dessutan vil vi også takke dei personane som på kvar sin måte har deltatt med opplysningar.

Prosjektet er finansiert av statlege midlar tildelt frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal og frå kommunale midlar i fellesskap.

Kva slags arbeid er det som er utført gjennom denne rapporten og kva kan vi bruke dette materialet til. Ei systematisk kartlegging av kva som veks og gror ute i naturen vår er tidlegare ikkje utført. Vi har no tilgang til kva slags natur vi omgir oss med og ikkje minst opplysningane om kva som er spesielt for vår kommune. Informasjonen som vi får tilgang til gjennom denne rapporten, vil også ha stor nytteverdi for både offentleg og privat planlegging.

Denne rapporten vil bli tilgjengeleg for alle, og vi vonar at mange vil få stor glede av rapporten.

Batnfjordsøra, 11. desember 2000.

  
Odd Steinar Bjerkeset  
Ordførar

  
Nils Martin Sæther  
Rådmann

# INNHALD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>SAMANDRAG</b> .....  | <b>5</b>  |
| <b>INNLEIING</b> .....  | <b>9</b>  |
| Bakgrunn .....  | 9         |
| Formål .....  | 9         |
| Nokre begrep .....  | 9         |
| <b>METODAR OG MATERIALE</b> .....                                 | <b>11</b> |
| Generelt .....  | 11        |
| Innsamling av informasjon .....                                   | 11        |
| Bestemmelsesarbeid og dokumentasjon .....                         | 14        |
| Verdsetting og prioritering .....                                 | 14        |
| Presentasjon .....  | 16        |
| <b>NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK</b> .....                           | <b>17</b> |
| Landskap m.m. ....  | 17        |
| Klima .....   | 17        |
| Geologi .....   | 17        |
| Lausmassar .....  | 18        |
| Natur- og biogeografisk plassering .....                          | 18        |
| Havstrand og kyst .....   | 19        |
| Kulturlandskap .....  | 20        |
| Skog .....  | 21        |
| Ferskvatn .....   | 23        |
| Myr .....   | 23        |
| Berg og rasmark .....   | 24        |
| Fjell .....   | 24        |
| <b>OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK)</b> .....                         | <b>25</b> |
| Batnfjorden: Oppunder Harstadvfjellet (alm) .....                 | 25        |
| Batnfjorden: Perseterlia (alm) .....                              | 26        |
| Batnfjorden: under Steinlifjellet (rikmyr) .....                  | 27        |
| Batnfjordsøra (strand) .....                                      | 27        |
| Bergsøya: Jåholman .....  | 28        |
| Bergsøya: Sætra - Brannholmen (strand) .....                      | 29        |
| Bergsøya: v. for Halset (edellauvskog) .....                      | 30        |
| Brakstadstranda: Brubekk (naturbeitemark) .....                   | 30        |
| Flemma: ved Flemsetervatnet (myr) .....                           | 31        |
| Flemma: Flemsetra (naturbeitemark) .....                          | 31        |
| Flemma: Gagnat og Sogna (kulturlandskap) .....                    | 32        |
| Flemma: Nebba (alm) .....   | 33        |
| Flemma: Varvika (alm) .....                                       | 34        |
| Flemma: Varviksetra (rikmyr) .....                                | 34        |
| Flåberget (naturbeitemark) .....                                  | 35        |
| Flålia (alm, rik fjellvegetasjon) .....                           | 35        |
| Fursetfjellet: Pikhauget-Uførelva (rikmyr) .....                  | 36        |
| Fursetfjellet: Raudliløken (rikmyr) .....                         | 37        |
| Fursetfjellet: Stangarmyra, Langliløken (rikmyr, ferskvatn) ..... | 38        |
| Gjemnes: ved Gjemnes kyrkje (svartor) .....                       | 39        |
| Gjemnes: Høgheiskarven (Blåfjellet)(rik fjellvegetasjon) .....    | 40        |
| Gjemnes: Høgsetleira (strand) .....                               | 40        |
| Gjemnes: Ikornneset-Høgset (svartor m.m.) .....                   | 41        |
| Gjemnesaksla (alm) .....  | 42        |
| Gjemnesstranda: Jutulen & Øverjutulen (naturbeitemark) .....      | 43        |
| Hoem: Kinna (naturbeitemark) .....                                | 43        |
| Hoem: Svanavollen (naturbeitemark) .....                          | 44        |
| Osmarka: Aspåsmyran (intakt låglandsmyr) .....                    | 45        |
| Osmarka: Duskardbekken (rikmyr) .....                             | 46        |
| Osmarka: Duålia (gammel furuskog) .....                           | 47        |

|   |            |
|---|------------|
| Osmarka: Duålisetra (naturbeitemark) .....                          | 48         |
| Osmarka: Fosterlågen (ferskvatn) .....                              | 49         |
| Osmarka: Fosterlågen: Duneset (skog) .....                          | 51         |
| Osmarka: Heggemsvatnet-Holåvatnet naturreservat .....               | 52         |
| Osmarka: sørvest for Fosterlågen (myr) .....                        | 54         |
| Osmarka: Storelva .....   | 55         |
| Osmarka: Åslitjvatnet (rikmyr) .....                                | 55         |
| Silsetfjellet: Gammelsetra (naturbeitemark) .....                   | 56         |
| Silsetfjellet: Innergardssetra (naturbeitemark) .....               | 57         |
| Silsetfjellet: Stokkåsen (naturbeitemark) .....                     | 57         |
| Silsetfjellet: Torkilsbu (naturbeitemark) .....                     | 58         |
| Silsetfjellet: ved Silsethytta (rikmyr) .....                       | 59         |
| Silsetvatnet: Under Durmålhaugen (alm) .....                        | 60         |
| Storlandet: Nerlia-Sevikneset (svartor) .....                       | 60         |
| Storlandet: Stokkedalen/Storåsen (kalkskog) .....                   | 61         |
| Storlandet: Stokkedalen/Storåsen (rikmyr) .....                     | 62         |
| Storlandet: Øverlandsetra (naturbeitemark) .....                    | 62         |
| Torvik: Orsetsetra (naturbeitemark) .....                           | 63         |
| Torvik: Orsetsetra (rikmyr) .....                                   | 63         |
| Torvik: Ranem: Neshammaren (rik fjellvegetasjon) .....              | 64         |
| Torvikbukta (strand) .....  | 64         |
| Torvikdalen: Reitan (alm) .....                                     | 65         |
| Torvikdalen: Haugbulia (alm) .....                                  | 66         |
| Torvikvatnet (innsjø) .....   | 66         |
| Øre: Rådalen (hasselskog) .....                                     | 67         |
| Øre: Sjømælingfjellet (rik fjellvegetasjon) .....                   | 67         |
| Øre: Sjømælingfjellet: Raudberget (olivin) .....                    | 68         |
| Øre: Skeisdalen: v. Sjømælingsetra (rikmyr) .....                   | 68         |
| Øre: Skeisdalen: Kvennrottdalen (naturbeitemark) .....              | 69         |
| Øre: Skeisdalen: Sjømælingsetra (naturbeitemark) .....              | 70         |
| Åndal, beite v. Kvernaelva (naturbeitemark) .....                   | 70         |
| Åndal: Åndalslia (edellauvskog, styva alm) .....                    | 71         |
| Åndal: Øyalia (alm) .....   | 72         |
| Åndalsfjellet: Litjvassdalen (alm) .....                            | 73         |
| Åndalsfjellet: Litjvatnet og Botnavatnet (myr/ferskvatn) .....      | 74         |
| Åndalssetrane (naturbeitemark) .....                                | 74         |
| Ikkje undersøkte lokalitetar .....                                  | 76         |
| Ikkje prioriterte lokalitetar .....                                 | 79         |
| <b>RAUDLISTEARTAR I GJEMNES .....</b>                               | <b>86</b>  |
| Kjelder .....   | 86         |
| Karplanter .....  | 86         |
| Sopp .....  | 87         |
| <b>FORVALTNING OG TILRÅDINGAR .....</b>                             | <b>89</b>  |
| Viktige naturtypar i Gjemnes og forslag til omsyn og skjøtsel ..... | 89         |
| Kontroll med innførte artar .....                                   | 90         |
| Kunnskapsstatus og behov for vidare undersøkingar .....             | 92         |
| <b>LITTERATUR .....</b>   | <b>93</b>  |
| Litteratur som omhandlar Gjemnes .....                              | 93         |
| Annan litteratur .....  | 102        |
| <b>VEDLEGG: PLANTELISTER .....</b>                                  | <b>103</b> |
| <b>VEDLEGG: SOPPLISTER .....</b>                                    | <b>109</b> |

# SAMANDRAG

## ***Bakgrunn og formål***

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid.

## ***Metodikk***

Metoden går i hovudsak ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

For å få tak i eksisterande kunnskap er det brukt litteratur, Naturbasen m.m. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, databasar på Internett, museumssamlingar, og samtalar med fagfolk og lokalkjente folk. For å skaffa fram ny kunnskap er det satsa ein del på feltarbeid, i alt 13 feltdagar. Informasjonen er samanstilt og lokalitetane er prioritert etter metodane i DN-handboka. Dette omfattar mellom anna vektlegging av indikatorartar (signalartar). Informasjonen er presentert på kart og i rapport.

## ***Naturgrunnlag og naturtypar***

Dei ulike naturtypane i Gjemnes er kort skildra. Viktige naturtypar for det biologiske mangfaldet i Gjemnes er havstrand (særleg strandenger), kulturlandskap (særleg naturbeitemarker), myr (særleg rikmyr og større intakte låglandsmyrer) og skog (særleg rik edellauvskog med t. d. alm). Andre interessante typar er rike innsjøar i kulturlandskapet, berg og rasmark, og rik fjellvegetasjon. Gjemnes har i visse område ein berggrunn (særleg amfibolitt) som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m. Dette medfører m. a. at Gjemnes har nokre av dei viktigaste rikmyrområda i Møre og Romsdal utanom Surnadal/Rindal og Smøla. Det opne landskapet på Osmarka med myrer, innsjøar, skog og slakke åsar ikkje berre liknar på Austlandet, det har også eit fugle- og planteliv med mange austlege artar, som gjer området særmerkt i Møre og Romsdal. Bortsett frå dette er Gjemnes ein kystnær kommune med eit sterkt kystpreg i vegetasjonstypar, flora og fauna.

Tabell 1. Naturtypar kartlagte etter DN-handboka i Gjemnes kommune.

| Hovudnaturtype | Undernaturtype            | Kommentar  |
|----------------|---------------------------|--|
| Berg/rasmark   | sørvendte berg/rasmarker  | Solrike berg/rasmarker med interessant flora   |
| Ferskvatn      | rike kulturlandskapssjøar | Næringsrike innsjøar i kulturlandskapet  |
| Ferskvatn      | viktig bekkedrag          | Bekker/elvar som er lite påverka av inngrep  |
| Ferskvatn      | andre viktige lokalitetar | På Vestlandet kan det vera grunn til å ta med ein del innsjøar/tjønner i låglandet (ikkje berre i kulturlandskapet, og ikkje berre dei næringsrike slik som i DN-permen) |
| Fjell          | rik fjellvegetasjon       | Spreidd forekomst i snaufjellet og nordvendte berg   |
| Havstrand/kyst | undervassenger            | Område med havgras eller ålegras, oftast lite tørrlagt   |
| Havstrand/kyst | strandenger/ strandsump   | Saltpåverka enger og sumpar i fjøra  |
| Havstrand/kyst | brakkvassdelta            | Batnfjordsøra er eit brakkvassdelta  |
| Kulturlandskap | naturbeitemark            | Artsrike, helst ugjødsle beitemarker med lang hevd   |
| Kulturlandskap | hagemark                  | Open beitemark med spreidde tre. Brukt om skogområde ved Åndal med store styvingsalmer (no slutta skog)  |
| Myr            | intakt låglandsmyr        | Myr i låglandet som er lite påverka av fysiske ingrep  |
| Myr            | rikmyr                    | Baserik myr (høg pH) med ein del spesielle artar   |
| Skog           | rik edellauvskog          | Skogar m. alm, hassel el. svartor, og varmekjære planter.  |
| Skog           | kalkskog                  | Skog med gras- og urterik vegetasjon av kalkkrevande planter   |
| Skog           | gammelskog                | Skog med store, gamle furutre, helst også med indikatorartar på kontinuitet  |
| Skog           | rik sumpskog              | Skog med svartor m.m., oftast på fuktig mark i stranda   |

### Viktige lokalitetar i Gjemnes

Nedanfor er lista opp alle lokalitetar i kategori A (svært viktig), B (viktig) og C (lokalt viktig). Lokalitetane er gjeve nummer frå 301 og oppover. Lokalitetar som er med i Naturbasen (Fylkesmannen 1999) har også eit nummer i denne basen, dette er i denne rapporten nemnt i parentes.

Tabell 2. Oversikt over avgrensa og verdsette lokalitetar i Gjemnes, sorterte alfabetisk etter namn.

Namnsettinga er prøvd gjort slik at nærliggjande lokalitetar hamnar saman. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Alle lokalitetsnummer tek til med 1557- som er kommunenummeret. I tabellen er berre siste del av nummeret teke med.

| Nr. | Lokalitet                               | Naturtype                            | Verdi |
|-----|---|--------------------------------------|-------|
| 301 | Batnfjorden: Oppunder Harstadvfjellet   | skog: rik edellauvskog               | B     |
| 302 | Batnfjorden: Perseterlia                | skog: rik edellauvskog               | B     |
| 363 | Batnfjorden: Under Steinlifjellet       | myr: rikmyr                          | B     |
| 303 | Batnfjordsøra                           | havstrand: strandeng                 | A     |
| 304 | Bergsøya: Sætra - Brannholmen           | havstrand: strandeng                 | B     |
| 366 | Bergsøya: Jåholman                      | havstrand: andre viktige førekomstar | C     |
| 305 | Bergsøya: v. for Halset                 | skog: rik edellauvskog               | B     |
| 306 | Brakstada: Brubekk                      | kulturlandskap: naturbeitemark       | C     |
| 315 | Flemma: Gagnat                          | kulturlandskap: naturbeitemark       | A     |
| 307 | Flemma: Nebba                           | skog: rik edellauvskog               | B     |
| 308 | Flemma: Varvika                         | skog: rik edellauvskog               | B     |
| 309 | Flemma: Varviksætra                     | myr: rikmyr                          | B     |
| 310 | Flåberget                               | kulturlandskap: naturbeitemark       | C     |
| 311 | Flålia                                  | skog: rik edellauvskog               | B     |
| 312 | Fursetfjellet: Pikhaugen-Uførelva       | myr: rikmyr                          | B     |
| 313 | Fursetfjellet: Raudliløken              | myr: rikmyr                          | A     |
| 314 | Fursetfjellet: Stangarmyra, Langliløken | myr: rikmyr                          | A     |
| 316 | Gjemnes kyrkje                          | skog: rikare sumpskog                | B     |
| 317 | Gjemnes: Høgliskarven                   | fjell: rik fjellvegetasjon           | B     |
| 318 | Gjemnes: Høgsetleira                    | havstrand: strandeng                 | B     |
| 319 | Gjemnes: Ikornneset-Høgset m.m.         | skog: rikare sumpskog (svartor)      | C     |
| 320 | Gjemnesaksla                            | skog: rik edellauvskog               | B     |

| Nr. | Lokalitet                                      | Naturtype                                | Verdi |
|-----|--|--|-------|
| 321 | Gjemnesa: Jutulen & Øverjutulen                | kulturlandskap: naturbeitemark           | A     |
| 322 | Hoem: Kinna                                    | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 323 | Hoem: Svanavollen                              | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 365 | Osmarka: Aspåsmyran                            | myr: intakt låglandsmyr, rikmyr          | A     |
| 324 | Osmarka: Duskardbekken                         | myr: rikmyr                              | B     |
| 325 | Osmarka: Duålia                                | skog: gammelskog                         | C     |
| 326 | Osmarka: Duålisetra                            | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 327 | Osmarka: Flemsetervatnet                       | myr: andre viktige førekomstar           | B     |
| 328 | Osmarka: Flemsetra                             | kulturlandskap: naturbeitemark           | C     |
| 329 | Osmarka: Fosterlågen                           | ferskvatn                                | B     |
| 330 | Osmarka: Fosterlågen: Duneset                  | skog: gråor-heggeskog/gammel lauvskog    | B     |
| 331 | Osmarka: Heggmsvatnet-Holåvatnet naturreservat | ferskvatn: rike kulturlandskapssjøar     | A     |
| 332 | Osmarka: myrer sørvest for Fosterlågen         | myr: intakt låglandsmyr                  | B     |
| 333 | Osmarka: Storelva                              | skog: gråor-heggeskog                    | B     |
| 334 | Osmarka: Åslitjvatnet                          | myr: rikmyr                              | B     |
| 335 | Silsetfjellet: Gammelsetra                     | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 336 | Silsetfjellet: Innergardssetra                 | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 337 | Silsetfjellet: Stokkåsen                       | kulturlandskap: naturbeitemark           | A     |
| 338 | Silsetfjellet: Torkilsbu                       | kulturlandskap: naturbeitemark           | A     |
| 339 | Silsetfjellet: ved Silsethytta                 | myr: rikmyr                              | B     |
| 340 | Silsetvatnet: Under Durmålhaugen               | skog: rik edellauvskog                   | C     |
| 341 | Storlandet: Nerlia-Sevikneset                  | skog: rikare sumpskog (svartor)          | C     |
| 342 | Storlandet: Stokkedalen/Storåsen               | skog: kalkskog                           | A     |
| 343 | Storlandet: Stokkedalen/Storåsen               | myr: rikmyr                              | B     |
| 344 | Storlandet: Øverlandsetra                      | kulturlandskap: naturbeitemark           | C     |
| 345 | Torvik: Orsetsetra                             | kulturlandskap: naturbeitemark           | C     |
| 346 | Torvik: Orsetsetra                             | myr: rikmyr                              | B     |
| 347 | Torvik: Ranem: Neshammaren                     | fjell: rik fjellvegetasjon               | B     |
| 348 | Torvikbukta                                    | havstrand: strandeng                     | B     |
| 349 | Torvikdalen: Reitan                            | skog: rik edellauvskog                   | B     |
| 350 | Torvikdalen: Haugbulia                         | skog: rik edellauvskog                   | B     |
| 351 | Torvikvatnet                                   | ferskvatn: andre viktige førekomstar     | C     |
| 353 | Øre: Rådalen                                   | skog: rik edellauvskog                   | B     |
| 352 | Øre: Sjømælingfjellet: Raudberget              | fjell: rik fjellvegetasjon (olivin)      | B     |
| 354 | Øre: Sjømælingfjellet: Sæterdalen              | fjell: rik fjellvegetasjon               | B     |
| 367 | Øre: Skeidsdalen: v. Sjømælingsetra            | rikmyr                                   | B     |
| 355 | Øre: Skeidsdalen: Kvennrottdalen               | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 356 | Øre: Skeidsdalen: Sjømælingsetra               | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |
| 357 | Åndal: beite v. Kvernaelva                     | kulturlandskap: naturbeitemark           | C     |
| 359 | Åndal: Åndalslia                               | skog: rik edellauvskog                   | A     |
| 364 | Åndal: Øyalia                                  | skog: rik edellauvskog                   | B     |
| 360 | Åndalsfjellet: Litjvassdalen                   | skog: rik edellauvskog                   | B     |
| 361 | Åndalsfjellet: Litjvatnet og Botnavatnet       | myr/ferskvatn: andre viktige førekomstar | C     |
| 362 | Åndalssetrane                                  | kulturlandskap: naturbeitemark           | B     |

Tabell 3. Fordeling av lokalitetar etter naturtype og verdi. A=svært viktig, B=viktig, C=lokalt viktig. Berg/rasmark inngår i fleire av dei registrerte skog- og fjellområda, men er ikkje utskilt som eigne lokalitetar.

| Huvudnaturtype\verdi | A | B  | C | Sum |
|----------------------|---|----|---|-----|
| havstrand/kyst       | 1 | 3  | 1 | 5   |
| kulturlandskap       | 5 | 8  | 6 | 21  |
| ferskvatn            | 1 | 1  | 1 | 3   |
| myr                  | 3 | 11 | 1 | 15  |
| skog                 | 1 | 17 | 4 | 22  |
| berg/rasmark         | 0 | 0  | 0 | 0   |
| fjell                | 0 | 4  | 0 | 4   |

### **Raudlisteartar**

Ei *raudliste* er ei liste over artar som i ulik grad er truga av menneskeleg verksemd. Det kan vera ulike fysiske inngrep i form av utbygging, det kan vera skogsdrift eller omleggingar i jordbruket, forureining, samling m.m. Slike artar kallast raudlisteartar, og er lista opp i ein nasjonal rapport (DN 1999b).

Raudlisteartar av virveldyr er ikkje presenterte her, sidan dette kjem inn under viltkartlegging (DN 1996), som ikkje inngår i dette prosjektet. Det er registrert relativt få raudlisteartar av planter, sopp og lav i Gjemnes, men dei som er kjent, er omtala i eit eige kapittel.

### **Forvaltning og tilrådingar**

Eit eige kapittel inneheld råd om forvaltning og skjøtsel av dei ulike viktige naturtypene i Gjemnes. Det går særleg på å prøva å unngå fysiske inngrep, oppretthalda beiting i verdifullt kulturlandskap, unngå treslagskifte i verdifull skog, og unngå forureining.

Omtale av truslar, og råd om omsyn og forvaltning tek ikkje omsyn til kor aktuell eventuelle truslar er i dag. T. d. er attgroing konsekvent ført opp som trussel i naturbeitemarks-lokalitetar.

Det er vidare teke med ei kort vurdering av kunnskapsstatus etter dette prosjektet, og på kva område det er behov for meir kunnskap. Dette gjeld særleg skog, myr, kulturlandskap og marine område. Dessutan er kunnskapen om mange organismegrupper i Gjemnes svært dårleg.

### **Litteratur**

Ein eigen litteraturliste er under utarbeiding over litteratur om naturen i Møre og Romsdal. Eit søk på Gjemnes i denne basen ga vel 270 treff. Her vil det forhåpentleg finnast noko som har lokal interesse, t. d. til skulebruk.

# INNLEIING

## Bakgrunn

Bakgrunnen for rapporten er tilgang på statlege tilskott til kartlegging av biologisk mangfald, kombinert med kommunen sitt ønske om betre kjennskap til område med naturverdiar som bør takast omsyn til i kommunalt planarbeid. Dette er ledd i ei statleg satsing for å auka kompetansen og styrka det lokale nivået i forvaltninga av det biologiske mangfaldet.

Bakgrunnen frå statleg hald er Stortingsmelding nr. 58 (1996-97), " Miljøvernpolitikk for en bærekraftig utvikling. Dugnad for framtida". Denne vart vedteken i 1998, og legg premissane for kartlegginga av alle norske kommunar. Forhistoria til dette er igjen Brundtlandkommisjonen rapport frå 1997, og "Konvensjonen om biologisk mangfald" som vart vedteken på verdskonferansen i Rio i 1992, ratifisert av Norge i 1993 og som tredde i kraft i 1994. Heile kartleggingsarbeidet i kommunane er planlagt ferdig innan 2004. Direktoratet for Naturforvaltning (DN) kom i 1999 med ei handbok som gjev retningslinene for korleis arbeidet er tenkt gjennomført (DN 1999a).

## Formål

Hovudføremålet med prosjektet er å gje kommunen, men også dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltninga av naturen i kommunen, slik at ein betre kan ta omsyn til det biologiske mangfaldet i alt planarbeid. Eit delmål er å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Eit generelt formål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får håpa at rapporten blir eit viktig dokument i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen.

Arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet (jfr. metodikk-kapitlet).

## Nokre begrep

**Beitemarkssopp:** grasmarkstilknytt soppartar med liten toleranse for gjødsling og jordarbeiding, og med preferanse for langvarig hevd – dei har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker.

**Biologisk mangfald** omfattar mangfald av

- naturtypar
- artar
- arvemateriale innanfor artane

**Edellauvskog:** skog med vesentlig innslag av dei varmekjære lauvtreslaga (alm, bøk, ask, pisslønn, lind, svartor, eik og hassel). I Gjemnes er det alm, svartor og hassel som er aktuelle. Desse treslagene krev ein gjennomsnittstemperatur for perioden juni-september på 11-13 °C, medan gran og furu greier seg rundt 8-9 °C og fjellbjørk toler heilt ned i 7-7,5 °C (Hafsten 1972).

**Indikatorart (signalart):** ein art som på grunn av strenge miljøkrav er til stades berre på stader med spesielle kombinasjonar av miljøforhold. Slike artar kan dermed gje god informasjon om miljøkvalitetane der den lever. Ein god indikatorart er vanleg å treffa på når desse miljøkrava er tilfredsstilte. Eksempel: Marinøkkel er ein god indikator på gamle naturbeitemarker (t.d. Duålisetra), breiull er ein indikatorart på rikmyr. For å identifisera ein verdifull naturtype bør helst ha fleire indikatorartar.

**Kontinuitet:** i økologien bruka om relativt stabil tilgang på bestemte habitat, substrat eller kombinasjon av bestemte miljøforhold over lang tid (ofte fleire hundre til fleire tusen år). Det kan i kulturlandskapet t.d. dreia seg om gjentatt årleg forstyrning i form av beiting, slått eller trakkpåverknad. I skog kan det t. d. dreia seg om kontinuerleg tilgang på daud ved av ulik dimensjon og nedbrytingsgrad, eller eit stabilt fuktig mikroklima.

**Naturbeitemark:** gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark".

**Natureng:** i snever forstand gamle slåttemarkar med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd. I andre samanhengar blir omgrepet bruka i ei vidare tyding om gras- og urterik vegetasjon i både gamle slåttemarkar og naturbeitemarker.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for særleg mange artar, eller artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Naturengplanter:** planter som er knytta til engsamfunn, og som har liten toleranse for gjødsling, jordarbeiding og attgroing. De har derfor tyngdepunkt i naturenger og naturbeitemarker, og er dermed en parallell til beitemarkssoppene.

**Nøkkelbiotop:** ein biotop (levestad) som er viktig for mange artar, eller for artar med strenge miljøkrav som ikkje så lett blir tilfredsstilt andre stader i landskapet.

**Raudliste:** liste over artar som i større eller mindre grad er truga av menneskeleg verksemd (DN 1999b).

**Signalart:** blir i denne rapporten bruka omtrent synonymt med indikatorart. I "signalart" ligg det litt meir at ein bør vakna opp og leita etter fleire teikn på ein evt. verdifull lokalitet.

**Tradisjonelt kulturlandskap:** dominerande typar av jordbrukslandskap for minst 50-100 år sidan, forma av slått, husdyrbeite, trakk, krattrydding, lauving og lyngheiskjøtsel kombinert med låg gjødslingsintensitet og relativt lite jordarbeiding, med innslag av naturtypar som naturenger og naturbeitemarker, hagemark, slåttelundar og lynghei.

**Truga artar:** artar som er oppførte på den norske raudlista, også kalla raudlisteartar.

# METODAR OG MATERIALE

## Generelt

I hovudsak kan ein seia at arbeidet har gått ut på å identifisera område som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, fordi dei er levestader for særleg mange artar, eller for uvanlege eller kravfulle artar som har vanskeleg for å finna leveområde elles i landskapet. Kva naturtypar dette gjeld, er definert i ei handbok i kartlegging av biologisk mangfald (Direktoratet for naturforvaltning 1999a).

Eksempel:

- ein registrerer ikkje alle strender, men t. d. større strandengområde
- ein registrerer ikkje alt kulturlandskap, men t. d. artsrike naturbeitemarker
- ein registrerer ikkje alle innsjøar, men t. d. næringsrike vatn i låglandet
- ein registrerer ikkje blåbærbjørkeskog, men t. d. rik edellauvskog med alm og mange varmekjære planter
- ein registrerer ikkje alle myrer, men t. d. rikmyr med orkidéar og andre kalkkrevande planter
- ein registrerer ikkje vanlege fjellheier, men rik fjellvegetasjon med kalkkrevande planter

Vilt- og fiskekartlegging inngår ikkje i metodeopplegget, heller ikkje kartlegging av marine område.

Gangen i arbeidet er slik at ein først må setta seg inn i eksisterande kunnskap, så samla inn ny kunnskap (feltarbeid), deretter systematisera materialet, prioritera lokalitetane og til slutt presentera dette på kart og i rapport eller liknande.

## Innsamling av informasjon

Informasjonen kjem dels frå innsamling av eksisterande kunnskap, men mest gjennom eige feltarbeid i 1999 og 2000.

### *Litteratur*

Det er leita systematisk i litteratur som kan tenkjast å ha informasjon frå Gjemnes. Dette har vorte lettare å få oversikt over i år 2000, da underteikna saman med Geir Gaarder på oppdrag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal har laga eit utkast til litteraturliste over naturen i fylket. Denne databasen er søkbar på kommune, og skal etter planen liggja på Fylkesmannens heimesider på Internett frå etterjulsvinteren 2001. Eit søk på Gjemnes i databasen er presentert i litteraturoversikta attast i rapporten.

### *Museumssamlingar, databasar, Internett*

Det er relativt lite å finna om Gjemnes i museumssamlingar og databasar på Internett. Ein har likevel prøvd nokre søk.

### *Innsamling frå personar*

Ei rekkje einskildpersonar sit på interessante opplysningar om naturen i Gjemnes. Noko er innsamla. Det er eit betydeleg arbeid å samla all denne informasjonen, og det hadde vore

ønskjeleg å kunne bruka noko meir tid til dette. I samband med eit informasjonsmøte for grunneigarar i Gjemneshallen 14.09.1999 kom det inn ein del aktuell informasjon.

### ***Eigne registreringar av biologisk mangfald***

I 1993-1996 har underteikna undersøkt ein del kulturlandskapsområde i kommunen (Jordal & Gaarder 1993, 1995, 1997). I 1996 vart det utført 5 feltdagar i kulturlandskapet på oppdrag av Landbruksavd. hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal, og i samarbeid med Gjemnes kommune. I 1997 brukte underteikna 3 dagar på å undersøkje edellauvskog på oppdrag av Gjemnes kommune (upublisert rapport til kommunen). I tillegg har Jordal & Gaarder (1998a) samla opplysningar om raudlisteartar av planter, lav og sopp frå kommunen. I 1999-2000 er det utført 13 feltdagar i Gjemnes. Feltarbeidet er truleg den delen av prosjektet som får størst verdi for kommunen på lengre sikt, sidan mykje ny kunnskap er samla og systematisert.

Eit utval lokalitetar er registrert meir detaljert. Floraen er undersøkt ved at det er laga krysslister for dei kartlagte lokalitetane. Særleg interessante funn vil bli sendt til Botanisk museum i Oslo, der dei skal vera fritt tilgjengeleg for alle. Vegetasjonen er kartlagt i grove trekk etter vegetasjonstypene hos Fremstad (1997).

Sopp er særleg samla i gammal grasmark i område med tradisjonelt kulturlandskap, sidan ein del slike artar kan brukast til å verdsetta slikt landskap (sjå nedanfor).

Interessante fugleobservasjonar er notert i samband med alt feltarbeidet.

Tabell 4. Oversikt over nokre skriftlege kjelder bruka for å kartleggja eksisterande naturinformasjon frå Gjemnes, med kort skildring av innhaldet. Ei meir fullstendig oversikt over litteratur som vedkjem Gjemnes er presentert attast i rapporten.

| Kjelde                        | Kommentar  |
|-------------------------------|--|
| Bugge (1993)                  | Nemner 2 almelok. (Reitan i Torvikdalen, Flemma) og ein botanisk interessant lok. med gråor m.m. (Rådalen under Kammen i Skeidsdalen), sjå Holten (1978, 1979)                     |
| Fremstad & Elven (1996)       | Behandlar platanlønn med utbreiingskart, også Gjemnes er med.  |
| Frisvoll & Blom (1992)        | Gjennomgang av raudlista for mosar, Gjemnes er ikkje nemnt.  |
| Fylkesmannen i MR (1982)      | Verneplanen for våtmark, omtalar Heggemsvatnet/Holåvatnet og Aspåsmyrene   |
| Fylkesmannen i MR (1999)      | Naturbasen, kart + tekstdel (databaseutskrift) for Gjemnes kommune   |
| Fylkesmannen i MR (2000)      | Viltkart for Gjemnes, kart + tekstdel  |
| Folkestad (1976)              | Den første samanstilling av kunnskap om naturen i Gjemnes  |
| Folkestad (1978)              | Oppsummering av viktige våtmarksområde i fylket, inkl. Gjemnes   |
| Fægri (1960)                  | Utbreiingskart for kystplanter, einskilde artar også kjent frå Gjemnes, ingen frå raudlista  |
| Gjerde (1975)                 | Rapport om fuglelivet på Osmarka   |
| Gjærevoll (1990)              | Utbreiingskart for fjellplanter, einskilde artar også i Gjemnes, ingen raudlista   |
| Holten (1978)                 | Reitan i Torvikdalen, Flemma (austsida av Nebba)   |
| Holten (1979)                 | Rådalen m.m.   |
| Holten m. fl. (1986b)         | Behandlar strandområda Batnfjordsøra, Leira og Sætra-Brannholmen (Bergsøya)  |
| Jordal (1993)                 | Nemner nokre soppfunn frå Gjemnes.   |
| Jordal (1997)                 | Mindre rapport til Gjemnes kommune om edellauvskog og raudlisteartar i Gjemnes, upublisert.  |
| Jordal & Gaarder (1993, 1995) | Nemner funn inkl. raudlisteartar frå beitemark på Gagnat.  |
| Jordal & Gaarder (1997)       | Gjennomgang av ein del kulturlandskapsområde med plante- og sopplister. Nemner nokre funn av raudlista beitemarkssopp. Omtale av Bergsholmen med planteliste, ein svartorlokaltet. |
| Jordal & Gaarder (1998a)      | Gjennomgang av raudlisteartar i fylket av planter, lav og sopp, nokre frå Gjemnes  |
| Jordal & Sivertsen (1992)     | Nemner funn inkl. raudlisteartar frå beitemark på Gagnat.  |
| Kristiansen (1974)            | Behandlar strandenger (Batnfjordsøra, Leira, Torvikbukta)  |
| Kristiansen (1982)            | Behandlar strandengene på Batnfjordsøra  |
| Moen (1984)                   | Behandlar verdifulle myrområde i fylket, inkl. Aspåsmyran, myrer ved Litjvatnet (Osmarka) og Stangarvatnet (Fursetfjellet) i Gjemnes.  |
| Olsvik (1996a)                | Tar for seg augnestikkarar i ferskvass- og myr-miljø i kommunen.   |
| Oterhals (1996)               | Verneplan for havstrand og elveos, omtalar fleire lokalitetar.   |
| Stokke & Gjeldnes (1998)      | Behandlar fuglefaunaen i kommunen, upublisert manus.   |
| Tollan (1937)                 | Nemner førekomst av svartor på Skjæret ved Angvik.   |

## Bestemmelsesarbeid og dokumentasjon

Artsbestemming av planter er gjort ved hjelp av Elven m. fl. (1994), og norske namn følger også denne utgåva.

Bestemming av sopp er utført ved hjelp av stereolupe, stereomikroskop og diverse litteratur. For raudskivesopp (*Entoloma*) har ein brukt Noordeloos (1992, 1994). For jordtunger (*Geoglossum*, *Microglossum*, *Trichoglossum*) har ein brukt Olsen (1986). For dei andre artane, har ein brukt Hansen & Knudsen (1992, 1997) og Ryman & Holmåsén (1984). For vokssopp har ein brukt Boertmann (1995). Norske namn på sopp følger Gulden m. fl. (1996) med seinare tillegg.

Bestemming av lav er gjort ved hjelp av Krog m. fl. (1994), Moberg & Holmåsén (1986) og Tibell (1999).

Vitskaplege namn følger dei publikasjonane vi har bruka i arbeidet.

Alle interessante funn av planter, sopp og lav er tekne vare på, og vil bli overlate til Botanisk Museum på Tøyen, Oslo.

Namnsetting av fugl følger Gjershaug m. fl. (1994).

## Verdsetting og prioritering

### *Generelt*

Ved verdsetting av naturmiljøet blir det i praksis gjort ei *innbyrdes rangering* av det biologiske mangfaldet. Det kan settast fram fleire påstandar som grunnlag for å verdsetta einskilde naturmiljø eller arter høgare enn andre, og dei to viktigaste er truleg:

- Naturmiljø og arter som er sjeldne, er viktigere å ta vare på enn dei som er vanlege
- Naturmiljø og arter som er i tilbakegang, er viktigare å ta vare på enn dei som har stabile førekomstar eller er i framgang

### *Kriteriar og kategoriar*

Ein viser her berre til verdsettingskriteria i DN (1999a). Kategoriane her er:

- A (svært viktig)
- B (viktig)
- C (lokalt viktig)

Kriteria for desse kategoriane gjev heilt klart rom for ein del skjøn. Dessutan er kriteria for C - "lokalt viktig" ikkje presentert i handboka. Ein del lokalitetar som truleg ikkje bør koma i kategori B - viktig, er plasserte i kategori C - lokalt viktig. For å koma i kategori A bør ein lokalitet ha særlege og uvanlege kvalitetar, t. d. forekomst av artar som er sårbare eller truga på raudlista, eller dei må vera særleg velutvikla og artsrike. For å koma i kategori B vert det ikkje stilt så strenge krav, men nokre definerte vilkår må vera oppfylte.

### *Avvik frå DN-handboka i denne rapporten*

Rapportforfattaren er usamd med DN-handboka på nokre punkt

- DN-handboka vil føra alle rike edellauvskogar nord for Sogn og Fjordane til kategori A (svært viktig)
- DN-handboka vil føra alle naturbeitemarker med raudlisteartar i kategori A (svært viktig)

Desse kriteria gjer det vanskeleg å skilja mellom lokalitetar som klart er heilt ulike, og som bør verdsettast ulikt. Når det gjeld rik edellauvskog er ein ikkje usamd i at lokalitetane blir sjeldnare nordover, men grensa for å føra alle lokalitetar i kategori A bør flyttast nordover, i det minste nord for Møre og Romsdal. Når det gjeld naturbeitemarker meiner underteikna at krava for å koma i kategori A bør vera noko strengare.

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av rik edellauvskog:

- A (svært viktig)** større, velutvikla edellauvskog med mange varmekjære planteartar (m. a. alm-lindeskog)
- B (viktig)** velutvikla edellauvskog med nokre varmekjære planteartar
- C (lokalt viktig)** mindre skogparti med spreidde edellauvtre og få varmekjære planteartar (t. d. dårleg utvikla gråor-almeskog)

I denne rapporten er følgjande kriteriar nytta for verdsetting av naturbeitemarker:

- A (svært viktig)** velutvikla lokalitetar med mange indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, forekomst av raudlisteartar i kategori sårbar eller direkte truga
- B (viktig)** lokalitetar med ein del indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling, ofte med forekomst av raudlisteartar i kategori sjeldan eller hensynskrevande
- C (lokalt viktig)** lokalitetar som er små eller litt attgrodde eller dårleg utvikla, og med relativt få indikatorar på langvarig hevd utan gjødsling.

### ***Ikkje undersøkte og uprioriterte lokalitetar***

Potensielt interessante lokalitetar som ikkje er undersøkte, er samla i eit eige avsnitt. Prosjektet hadde tronge rammer, og ein viser her til behovet for vidare kartlegging. Lokalitetar som er oppsøkt, men som ikkje er prioriterte, er kort omtala i avsnittet "Uprioriterte lokalitetar". Dette er gjort fordi det trass alt dreier seg om eit mindre tal lokalitetar, og fordi det kan ha interesse å vita at eit område er oppsøkt eller vurdert.

Årsaker til at lokalitetar er uprioriterte:

- ein har ikkje funne tilstrekkelege biologiske verdiar
- DN-handboka om biologisk mangfald inneheld ikkje metodar til å verdsetta vedkomande lokalitet (t. d. hekkeområde for sjøfugl eller rovfugl)

### ***Litt om viltkartlegging***

Hekkeområde for t. d. sjøfugl, rovfugl eller ugler er ikkje vurdert i denne rapporten. Grunnen til dette er at alle virveldyr med unntak av fisk (dvs. pattedyr, fugl, krypdyr og amfibiar) i den tradisjonelle norske naturforvaltninga har høyrte inn under såkalla "viltkartlegging". DN har utarbeidd ei eiga handbok i viltkartlegging (DN 1996). Den gruppa som utarbeidd DN-handboka om biologisk mangfald (DN 1999a) lukkast ikkje med å bryta denne tradisjonen, slik at "vilt" framleis ikkje er ein integrert del av forvaltninga av biologisk mangfald. Det same gjeld i stor grad for vassdrag og ferskvassfisk. Vi har derfor ei tredelt naturforvaltning når det gjeld organismegrupper på land/i ferskvatn: vilt, ferskvassfisk og "resten". Marine miljø har også si eiga forvaltning. Dette avspeglar seg også i lovverket, sidan ein t. d. har ei viltlov, ei lov om innlandsfiske og ei lov om naturvern. Desse strukturane er i betydeleg grad til hinder for å få ei heilskapleg naturforvaltning i Norge, både nasjonalt og lokalt. Det er

grunn til å tru at ein på lokalplanet har større høve til å gjennomføra heilskapleg planlegging og arealforvaltning enn på regionalt og nasjonalt nivå.

Sjølv om DN (1999a) altså omhandlar alle naturtypar og biologisk mangfald generelt, blir altså ikkje alle organismegrupper vurderte, og ikkje alle naturtypar verdsette og prioriterte med denne metoden. Vil vil lenge måtte slita med fleire andre metodeopplegg parallelt: handbok i viltkartlegging (DN 1996), samt dei lenge varsla handbøkene i kartlegging av ferskvatn (DN på Internett) og marine miljø (DN under arbeid).

### ***Bruk av raudlisteartar/signalartar***

Når dei ulike lokalitetane er skildra, er det av og til oppramsa mange artar som er funne på staden. Dette kan vera for å illustrera trekk ved t. d. vegetasjonen, og ikkje alle artsfunn er like viktige for å verdsetta lokaliteten. Nokre artar blir lagt særleg mykje vekt på i verdsettinga. Desse er:

- raudlisteartar
- signalartar (indikatorartar)

Raudlisteartar er omtala i eit eige kapittel i rapporten. Signalartar blir kort omtala her. Nedanfor blir det oppramsa ein del artar som er brukt som signalartar og vektlagt i verdsettinga.

- Rikmyr: t. d. breiull, engmarihand, stortviblad, kvitkurle, engstorr, loppestorr, jåblom, småsivaks, sveltull, gulstorr, fjellfrøstjerne
- Edellauvskog: t. d. svarterteknapp, breiflangre, vårerteknapp, skogstorr, ramslauk, sanikel
- Rik fjellvegetasjon: reinrose, raudsildre, gulsildre, kastanjesiv, fjellsmelle
- Havstrand: grusstorr, havstorr, ishavsstorr, bogestorr, småhavgras
- Naturbeitemark: ei rekkje artar definerte som anten naturengplanter eller beitemarkssopp hos Jordal & Gaarder (1995).

## **Presentasjon**

### ***Områdeskildringar***

Dei undersøkte lokalitetane er omtala i eit avsnitt med faktaark for lokalitetar. Ein har her i store trekk følgd DN (1999a) med nokre justeringar. I dette kapitlet er områda sorterte alfabetisk etter namn, og ikkje etter naturtype. Namnsettinga er forsøkt gjort slik at geografisk nærliggjande lokalitetar hamnar saman. Lokalitetsnummer i dette prosjektet er velt frå 301 og oppover, for ikkje å bli blanda saman med nummer i Naturbasen til Fylkesmannen.

Truslar nemner ikkje berre dei som er aktuelle i dag, men dei som kan bli aktuelle seinare. T. d. er det for naturbeitemark konsekvent ført opp attgroing som trussel. For edellauvskog er stort sett treslagskifte ført opp sjølv om dagens eigarar ikkje har planer om noko slikt.

### ***Kartavgrensing***

Alle nummererte lokalitetar er innteikna på økonomisk kart 1:20000 som er overlett til kommunen. Avgrensingane blir ikkje særleg nøyaktige i denne målestokken. Ein må oppfatta avgrensingane som omtrentlege og orienterande.

# NATURGRUNNLAG OG NATURBRUK

Dette kapitlet er eit av resultatata i prosjektet "Kartlegging av biologisk mangfald i Gjemnes".

## Landskap m.m.

Gjemnes ligg i ytre fjordstrok i midtre deler av Møre og Romsdal. Landarealet er oppgjeve til 372 km<sup>2</sup>. Landskapet er er prega av fjordar, dalføre med jordbrukslandskap, og fjell som dels både er høge og bratte. Osmarka skiller seg ut med eit meir roleg landskap med avrunda former, store skog- og myrområde, slake åsar og innsjøar. Spennvidda i kommunen sine naturtypar er stor, frå havdjup via grunner, holmar, skjer, strandberg, sand- og grusstrender, kulturlandskap, skog, myr og vassdrag til ville berghamrar og snaufjell med eit nokså alpint preg.

Tabell 5. Nokre geografiske data for Gjemnes kommune. Kjelde: Statistisk sentralbyrå, Gjemnes kommune.

| Parameter                        | Verdi                              |
|----------------------------------|------------------------------------|
| Landareal                        | 372,0 km <sup>2</sup>              |
| Del av fylket sitt areal         | 2,5 %                              |
| Jordbruksareal                   | 25,4 km <sup>2</sup>               |
| Strandline (fastland + øyar)     | 85,8 km                            |
| Høgaste punkt                    | 1027 m o. h. (Snøtinden)           |
| Talet på øyar (samla areal)      | 57 (9,2 km <sup>2</sup> )          |
| Talet på ferskvatn (samla areal) | 287 (totalt 10,5 km <sup>2</sup> ) |
| Areal 0-150 m o.h.               | 27,2 %                             |
| Areal 150-300 m o.h.             | 24,8 %                             |
| Areal 300-600 m o.h.             | 33,1 %                             |
| Areal >600 m o.h.                | 14,8 %                             |

## Klima

Klimaet i Gjemnes er oseanisk (kystprega). Eit typisk trekk ved eit oseanisk klima er liten temperaturforskjell mellom sommar og vinter. I eit slikt klima er vintertemperaturane er høge, i Gjemnes ligg temperaturen litt over 0°C som gjennomsnitt for januar.

Gjennomsnittstemperatur for juli i låglandet er rundt 13-14°C. Vidare er det relativt mykje nedbør (årsnedbør rundt 1500-2000 mm, Holten m. fl. 1986a), hyppig nedbør (>220 dagar med nedbør >0,1 mm i løpet av året) og fuktig luft. Kjelde: Nasjonalatlas for Norge.

## Geologi

Mesteparten av kommunen er prega av relativt sure gneisbergartar, noko som er typisk for Nordvestlandet. Dette er nokså harde bergartar som forvitrar seint og gjev eit sparsamt og litt surt jordsmonn. Dette jordsmonnet får ein vegetasjon av planter som er tilpassa desse litt karrige tilhøva. Berggrunnskart i målestokk 1:250.000 finst no tilgjengeleg i fargar (kartblad Ålesund, Lutro m. fl. 1998). Dei lokale kartblada Eide og Tingvoll i målestokk 1:50000 finst og som berggrunnskart, men berre i svartkvitt (NGU 1990,1991). I ein del område (t. d.

Fursetfjellet, Silsetvatnet, Storlandet) finst meir baserike bergartar, m. a. gabbro, amfibolitt og glimmerskifer, og dette gjev seg utslag i eit rikare planteliv.

## Lausmassar

Dei lokale kartblada Eide og Tingvoll i målestokk 1:50000 finst som kvartærgeologiske kart, men berre i svartkvitt (NGU 1989, 1990). Overdekninga av lausmassar varierer sterkt innanfor kommunen. Det er ein del fjell og berg som har eit svært tynt lausmassedekke eller ikkje i det heile. Lausmassane er i stor grad morenemasse frå siste istida. I dalføra er det oftast ein del elveavsett materiale. Lausmasseforekomstane på og nær strender er påverka av kor utsett stranda er for ver og vind. På eksponerte stader er ofte alle lausmassar vaska vekk slik at ein har berre blanke berget. På meir beskytta stader kan det vera bra med finare sediment, alt frå rullestein til fin sand og leire. Sand og leire finn ein helst på dei mest beskytta strendene. Desse dannar grunnlag for vegetasjonstypen strandeng.

## Natur- og biogeografisk plassering

Nordisk Ministerråd (1984) deler Skandinavia inn i **naturgeografiske regionar**. Gjemnes høyrer her til region 39 Møre og Trøndelags kystskogregion.

Norge sitt kulturlandskap er inndelt i **landskapsregionar** som er definert og karakterisert av NIJOS (1993). For avgrensing av regionar i vårt fylke viser vi til kartet utgjeve av Fylkesmannen i Møre og Romsdal (1998). Gjemnes tilhøyrer i denne samanheng region 26 Fjordbygder i Møre og Trøndelag.

Biogeografi har å gjera med geografisk utbreiing av av artar og naturtypar. Viktigaste einskildfaktor er klimaet som varierer både med avstand frå kysten og høgde over havet. Det er også visse skilnader frå sør til nord i fylket. For meir presist å beskriva naturen på staden kan ein oppgje **vegetasjonssone** og **vegetasjonsseksjon**.

**Vegetasjonssonar** beskriv variasjonar i vegetasjonen frå sør til nord, og frå havnivå og opp mot fjellet. Oppdelinga og avgrensinga er knytt til utbreiing av plantesamfunn og planteartar, som igjen i stor grad avspeglar lokalklimaet. Vegetasjonssonar er beskrive av Moen (1998).

Følgjande vegetasjonssonar finst i Møre og Romsdal:

**Boreonemoral sone** (nordleg edellauvskog- og barskogsone)

**Sørboreal sone** (sørleg barskogsone)

**Mellomboreal sone** (midtre barskogsone)

**Nordboreal sone** (fjellskogsone)

**Alpine soner** (Låg-, mellom- og høggalpin sone)

Vegetasjonen i Gjemnes fordeler seg på alle desse sonene med unntak av boreonemoral sone (Moen 1998).

Omgrepet **vegetasjonsseksjon** blir bruka for å beskriva variasjonar i plantelivet mellom kyst og innland. Omgrepet oseanisk blir bruka om vegetasjon og artar knytt til kysten, med milde vintrar, liten temperaturskilnad mellom vinter og sommar og fuktig, nedbørrikt klima, medan kontinental blir bruka tilsvarande om vegetasjon og artar knytt til innlandet, med kalde

vintrar, stor temperaturskilnad mellom vinter og sommar og tørrare klima. Inndelinga baserer seg på Moen (1998).

Følgjande vegetasjonsseksjonar finst i Møre og Romsdal:

**O3. Sterkt oseanisk seksjon:** Her er det stort innslag av mosar, planter m.m. knytt til eit fuktig klima med milde vintrar. Nedbørmengda er stor, og talet på dagar med nedbør er høgt. Seksjonen finst i ei stripe ytst på kysten som i vårt fylke er smal på Nordmøre og brei på Søre Sunnmøre. Sonen blir delt i to underseksjonar:

**O3t. Vintermild underseksjon.** Her finst ein del frostømfintlege planter, med purpurlyng som viktigaste indikator. Andre er heifrytle, blankburkne og vestlandsvikke. Denne underseksjonen finst berre i låglandet på ytterkysten omlag nord til Ålesund.

**O3h. Humid underseksjon.** Dette er resten av O3, og manglar dei mest frostømfintlege artane. Den alpine sonen er artsfattig som følgje av at det vantar ei rekkje fjellplanter som krev stabile vintertilhøve.

**O2. Klart oseanisk seksjon:** Område med ein årsnedbør på over 1200 mm, med noko lågare vintertemperaturar enn i O3-seksjonen. Artar og vegetasjon knytt til fuktig klima er også her svært utbreidd. Seksjonen dekkjer store område i ytre og midtre fjordstok.

**O1. Svakt oseanisk seksjon:** Årsnedbør 800-1200 mm. Ei rekkje svakt vestlege artar finst, men dei mest kystbundne vantar eller finst spreidd (t. d. rome). Dekkjer eit relativt smalt område i indre fjordstrok og dalføra innafor, frå Geiranger til Trollheimen.

**OC. Overgangsseksjon (til kontinentale seksjonar):** Årsnedbør på 500-800 mm. Nokre svakt vestlege planter førekjem, innslag av ein del austlege planter og plantesamfunn, mellom anna tørrbakkesamfunn. Til denne seksjonen høyrer berre nokre mindre område i austlege deler av Sunndal, Nettet og Rauma.

Vegetasjonen i Gjemnes tilhøyrer oseanisk seksjon (O2) med unntak av utsida av Storlandet som er meir kystprega og tilhøyrer sterkt oseanisk seksjon (O3) (Moen 1998).

## Havstrand og kyst

### *Strender*

Kommunen har lange strender langs Kvernesfjorden, Batnfjorden, Bergsøyfjorden og rundt Bergsøya i ytre fjordstrok, og langs Tingvollfjorden og Sunndalsfjorden i midtre fjordstrok. Strendene er stort sett bratte, særlig i midtre fjordstrok. Større flate areal finst på Batnfjordsøra og på Høgsetleira. Den første lokaliteten er ei stor og flat grusøyr ved utløpet av Batnfjordselva. Den andre lokaliteten er ei større strandeng av landhevingstype med store gruntvassområde utanfor. Strendene i kommunen har stort sett middels eksponering. Svært eksponerte strender finst mellom Gjemnes og Stokke, nordvestsida av Bergsøya og strendene mellom Torvikbukta og Kvalvåg. Beskytta strandlokalitetar er det lite av. Den mest beskytta lokaliteten er Høgsetleira, som ligger i ei lun bukt med innsnevring ut mot fjorden.

### *Sjøfuglområde*

Dei viktigaste sjøfuglområda er skildra av Folkestad & Loen (1998). I tillegg finst kort omtale av nokre mindre viktige i Naturbasen hos Fylkesmannen. Ein har i denne rapporten ikkje prioritert å ta med sjøfuglområde, fordi dei høyrer inn under viltkartlegging. Dette prosjektet omfattar ikkje viltkartlegging.

## Kulturlandskap

Etter ønske frå kommunen og økonomisk dekning frå Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen, brukte rapportforfattaren i september 1996 5 dagar på registreringar i kommunen. I 1999 og 2000 er det og brukt 3 dagar på det same.

Tabell 6. Biologiske data for dei undersøkte kulturlandskapslokalitetane (27 lok.) med verdivurdering. For lokalitetar som også er undersøkt tidlegare omfattar resultatata alt som er kjent frå lokaliteten, ikkje berre det som er funne i 1999-2000. Lokalitetane er sorterte alfabetisk etter lokalitetsnamn. Forklaring på forkortingar:

|             |   |  |
|-------------|---|--|
| <i>pl</i>   | talet på planteartar totalt                                       | <b>Raudlista sopp: talet på soppartar i ulike raudlistekategoriar (Bendiksen m. fl.1997)</b><br><i>E</i> direkte truga artar<br><i>V</i> sårbare artar<br><i>R</i> sjeldne artar<br><i>CD</i> hensynskrevande artar<br><i>Σrl</i> talet på raudlisteartar<br><br><b>Verdi-vurdering:</b><br><i>A</i> svært viktig (DN-handboka)<br><i>B</i> viktig (DN-handboka)<br><i>C</i> lokalt viktig<br>- ikkje prioritert |
| <i>npl</i>  | talet på naturengplanter (sjå Jordal & Gaarder 1995)              |  |
| <i>gms</i>  | totaltalet av soppartar i grasmark                                |  |
| <i>bms</i>  | talet artar av beitemarkssopp (sjå Jordal & Gaarder 1995)         |  |
| <i>pbms</i> | talet på artspoeng for beitemarkssopp (sjå Jordal & Gaarder 1995) |  |
| <i>vs</i>   | talet på vokssoppartar  |  |

| Lokalitetsnamn                 | Tal planter |            |            |                | Poeng/tal sopp |            |            |           | Tal raudlisteartar |          |          |           |            | Verdi |
|--------------------------------|-------------|------------|------------|----------------|----------------|------------|------------|-----------|--------------------|----------|----------|-----------|------------|-------|
|                                | <i>pl</i>   | <i>npl</i> | <i>spl</i> | <i>npl+spl</i> | <i>pbms</i>    | <i>gms</i> | <i>bms</i> | <i>vs</i> | <i>E</i>           | <i>V</i> | <i>R</i> | <i>CD</i> | <i>Σrl</i> |       |
| Bergsøya: Bergsholmen          | 90          | 13         | 0          | 13             | 0              | 3          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Bergsøya: Høgholmen            | 46          | 8          | 0          | 8              | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Bergsøya: Isakholmen           | 54          | 9          | 0          | 9              | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Bergsøya: Ljåholmen            | 62          | 7          | 0          | 7              | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Bergsøya: Storholmen           | 56          | 12         | 0          | 12             | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Brubekk                        | 27          | 8          | 0          | 8              | 7              | 11         | 6          | 4         |                    |          |          |           |            | C     |
| Brubæksetra                    | 45          | 6          | 0          | 6              | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Duålisetra                     | 55          | 15         | 0          | 15             | 18             | 27         | 12         | 10        |                    | 1        |          | 1         | 2          | B     |
| Flemsetra                      | 42          | 9          | 0          | 9              | 4              | 5          | 4          | 3         |                    |          |          |           |            | C     |
| Flåberget                      | 49          | 14         | 1          | 15             | 0              | 1          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | C     |
| Gagnat og Sogna                | 116         | 16         | 0          | 16             | 37             | 49         | 25         | 14        | 1                  |          | 1        | 3         | 5          | A     |
| Gagnatsetrene                  | 58          | 7          | 0          | 7              | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Gjemnes: Øver-Jutulen          | 60          | 17         | 0          | 17             | 28             | 29         | 14         | 8         |                    | 3        |          |           | 3          | A     |
| Kinna                          | 24          | 5          | 0          | 5              | 6              | 7          | 3          | 2         |                    |          |          | 1         | 1          | B     |
| Langdalen: Botnvatnet          | 75          | 7          | 1          | 8              | 0              | 0          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | -     |
| Orsetsetra                     | 48          | 11         | 1          | 12             | 5              | 17         | 5          | 3         |                    |          |          |           |            | C     |
| Silsetfjellet: Gammelsetra     | 43          | 13         | 2          | 15             | 18             | 26         | 13         | 10        |                    | 1        |          | 1         | 2          | B     |
| Silsetfjellet: Innergardssetra | 51          | 10         | 2          | 12             | 23             | 35         | 17         | 10        |                    |          |          | 2         | 2          | B     |
| Silsetfjellet: Stokkåsen       | 51          | 13         | 2          | 15             | 35             | 35         | 18         | 13        |                    | 2        |          | 4         | 6          | A     |
| Silsetfjellet: Torkilsbu       | 71          | 16         | 2          | 18             | 35             | 25         | 13         | 8         |                    | 3        |          | 2         | 5          | A     |
| Skeidsdalen: Kvenrottdalen     | 74          | 12         | 13         | 25             | 0              | 1          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | B     |
| Skeidsdalen: Sjømælingsetra    | 53          | 12         | 0          | 12             | 17             | 24         | 12         | 9         |                    | 1        |          | 2         | 3          | B     |
| Svanavollen                    | 49          | 8          | 0          | 8              | 12             | 29         | 11         | 5         |                    |          |          | 1         | 1          | B     |
| Øre: Myklebostad               | -           | -          | -          | -              | 5              | 8          | 4          | 3         |                    |          |          |           |            | C     |
| Øverlandsetra                  | 75          | 17         | 2          | 19             | 0              | 3          | 0          | 0         |                    |          |          |           |            | C     |
| Åndal: v. Kvernaelva           | 53          | 15         | 0          | 15             | 2              | 4          | 2          | 2         |                    |          |          |           |            | C     |
| Åndalssetrene                  | 56          | 13         | 4          | 17             | 9              | 18         | 8          | 7         |                    |          |          |           |            | B     |

### Naturbeitemarker

Ei naturbeitemark er ei gammal beitemark med låg jordarbeidingsgrad, låg gjødslingsintensitet og langvarig hevd; omgrepet er ei direkte oversetting av det svenske "naturbetesmark". Denne naturtypen er ofte artsrik og inneheld ei rekkjeartar og raudlisteartar som i liten grad finn livsrom elles i landskapet. Slike lokalitetar finst i Gjemnes nokre stader i nærleiken av gardane, men også i seterlandskapet der det framleis blir beita. I tillegg er det undersøkt eit utmarksbeite i ei snøraspåverka fjellside i Skeisdalen der det går mykje sau. Dyr på utmarksbeite er i stor grad sau. På einkilde setrar og mange beite nær gardane går det storfe. Hestar går og på beite somme stader. Sauetalet i Gjemnes har variert mellom 1200 og 1800 vinterfôra dyr dei siste 20 åra (Jordal & Gaarder 1997). Beita snørasing er ein interessant type i Gjemnesfjella, ein lokalitet er undersøkt, mange finst.

### ***Hagemark***

Hagemark er tresett beite. Område med styvingstre, særleg alm, er å betrakta som kulturlandskap. Fleire slike område er i denne rapporten likevel omtala under skog, fordi desse styvingstrea i dag oftast står inne i tett lauvskog. Området med styva alm øvst på Åndal er klassifisert som kulturlandskap, fordi dei biologiske verdiane i dette området først og fremst er knytt til tidlegare kulturpåverknad. I dag er likevel også dette området som skog å sjå til.

### ***Slåttemyr***

Tidlegare var det mange stader vanleg å slå myrer som ein del av utmarksslåtten. I Gjemnes har ein funne ein del opplysningar om dette frå Osmarka. Særleg rikmyrar, som Gjemnes har ein del av, var aktuelle å slå fordi dei gav godt høyr (jfr. t. d. Moen 2000). På Osmarka, ved Hanasetmyrene, er det observert ei stakkstong, og på ei informasjonstavle ved Duålisetra blir det fortelt om myrslått på rikmyrene ved Duskardbekken. Dette påverka vegetasjonen, og mellom anna skal det bli meir orkidéar av at myra blir slått.

## **Skog**

Gjemnes har mykje skog. Berre bestemte skogtypar er aktuelle å kartleggja, og i Gjemnes gjeld dette m. a. *rik edellauvskog* (ofte med alm, men også med hassel), og *rikare sumpskog* (svartorbestandar blir ofte ført til denne typen, sjølv om dei ikkje alltid er like "sumpete"). Vidare er det påvist *kalkskog* med orkidéar og hjartegras på Storlandet (Stokkdalen), og vidare *gammel furuskog* i Duålia. Skikkeleg gammel skog, med mykje læger og daud ved i ulike dimensjonar og av ulik nedbrytingsgrad er ikkje funne i Gjemnes i samband med dette prosjektet.

### ***Rik edellauvskog***

**Almebestandar** vart registrerte i 1997 og 1999. I tillegg er det vist til omtale av to almebestandar (Reitan i Torvikdalen og austsida av Nebba ved Flemma), som begge er undersøkt av Holten (1978). Alm tilhøyrrer dei varmekjære treslaga, og veks stort sett i solvarme lier som gjerne vender mot sørvest, sør eller søraust. På grunn av god bonitet er det utført treslagskifte til gran på ein del slike lokalitetar. Dette er ein av grunnane til at attverande forekomstar ofte står i nokså bratt og uret terreng og gjerne oppunder ein berghammar med steinur nedanfor, men slikt terreng gjev også eit gunstig lokalklima for almen.

Almeskogen kan i vårt fylke delast i to hovudtypar (Fremstad 1997):

- D4 Alm-lindeskog (sjølv om ikkje lind finst, kan skogen på grunn av artsinventaret i skogbotnen førast til denne typen, som er den mest varmekjære)
- D5 Gråor-almeskog (den vanlegaste typen i fylket og i Gjemnes)

Almen har i vårt fylke truleg hatt vesentleg større utbreiing i det varmare klimaet i steinalderen og bronsealderen. I tidlegare tider har mjøl av innerborken frå alm vore bruka i dårlege kornår til å blanda i matmjølet. Fram til midten av vårt århundre har lauv og greiner vore bruka mykje til fôr, og mykje av dei større almetrea vi finn har vore styva. Almen har også vore bruka til ulike emne og til ved. I dette århundret har almen gått tilbake som følgje av treslagskifte.

**Almen er truga:** På Austlandet er almen i dag sterkt truga av almesjuka, ein sopp som blir spreidd av ei borkbille som heiter almesplintborar. Almen er der meir eller mindre utdøyande, noko som gjev oss på Nordvestlandet eit større ansvar for å ta vare på dei bestandane vi har att. I vårt fylke har vi imidlertid dei seinare åra fått ein ny trussel – hjorten. Dei store hjortebestandane beiter i kritiske periodar om vinteren både småtre og bork av alm. Dette treslaget er svært næringsrikt og noko av det beste hjorten veit om vinteren når han ikkje når tak i blåbærlyng. Det er derfor det første treslaget han går laus på. I vårt fylke er det i dag truleg svært lite forynging av alm på grunn av beiting på småtre og busker. Vidare er bestandane fleire stader utdøyande som følgje av borkgnag på opptil 40-50 cm tjukke tre, sjå t. d. tabell 7 og omtalen av bestandane under Gjemnesaksla nedanfor. Dette er det lite merksemd omkring, og forskning på hjort er for det meste jakt- og bestandsorientert, og ikkje orientert mot samspel med økosystemet elles. På grunn av dei tette vinterbestandane av hjort mange stader kan almen vera utdøyande i vårt fylke også. I Gjemnes er det berre bestandar i indre dalstrok som ovanfor Åndal (Øyalia, Litjvassdalen) som ikkje er gnaga på. I desse områda trekkjer hjorten vekk når snølaget blir tjukt.

Eit forslag som har vore framsett om å forynga almen gjennom hogst må frårådst da mykje av gjenveksten på alm synest å ha opphøyr i store deler av kommunen som følgje av hjortebeiting.

Tabell 7. Omfang av borkgnag av hjort på alm i Gjemnesaksla, 10.09.1997, JBJ.

| Stammediameter i brysthøgde | Ant. tre  | Borkgnag, % av omkretsen avgnaga, gjennomsnitt (min.-maks.) | % av trea utan borkgnag |
|-----------------------------|-----------|---|-------------------------|
| 0-9 cm                      | 8         | 78% (60-100)  | 0                       |
| 10-19 cm                    | 15        | 52% (0-80)  | 7% (1 av 15)            |
| 20-29 cm                    | 8         | 44% (0-80)  | 13% (1 av 8)            |
| 30-39 cm                    | 2         | 35% (0-70)  | 50% (1 av 2)            |
| 40-49 cm                    | 1         | 40%   | 0                       |
| <b>SUM</b>                  | <b>34</b> | <b>55% (0-100)</b>  | <b>9% (3 av 34)</b>     |

### ***Rikare sumpskog***

**Svartor** er eit treslag som trivst på fuktig mark. Fremstad (1997) skiller mellom ulike typar sumpskog der svartor kan inngå, og som er aktuelle i vårt fylke:

- E1 Fattig sumpskog, undertype E1b svartor-utforming
- E4 Rik sumpskog
- E6 Svartor-strandskog

Regionalt forekjem svartor i Romsdal og på Nordmøre mest som spreidde tre langs strendene, somme stader med større bestandar (Molde: Fannestranda; Rauma og Nesset: Langfjorden, Tingvoll: Straumsnes og Tingvollvågen; Halså: Aakvik). I Gjemnes er svartor funne på strand på Storlandet i området Sevikneset-Nerlia, vidare langs stranda ved Gjemnes kyrkje og på Bergsholmen ved Bergsøya. Alle stadene er det naturleg å føra bestandane til svartor-strandskog (Fremstad 1997). I DN-handboka skal desse kartleggjast som rikare sumpskog.

Innover frå Gjemnes finst svartor i eit rundt 100 m breitt, svært oppsplitta belte langs stranda frå ca. 100 meter sør for Gjemnes gard og ein kilometers veg innover fjorden eller så. Mellom anna står det svartor like ved Gjemnes skule. Ved plassen Jutulen står det stor svartor i tunet, og det er oppslag av svartor i skogkanten nord for bruket. Ingen stader her finst tilsvarende bestandar som ved Gjemnes kyrkje. Svartor står dels eit godt stykke unna stranda, men overalt spreidd slik at ein ikkje kan tala om svartorskog.

Svartor er vanskeleg å kartlegga på avstand. Ei kartlegging krev at ein går langs strendene, noko det ikkje har vore rom for i prosjektet ut over dei lokalitetane kommunen har bedt meg oppsøkje. Svartor er derfor ikkje godt kartlagt i kommunen.

Svartorbestandar som vart registrerte i 1997 og 1999-2000 (pluss Bergsholmen i 1996, Jordal & Gaarder 1997) er skildra i rapporten. I tillegg nemner Tollan (1937) at det på dette tidspunktet fanst svartor på Skjæret nord for Angvik, men denne lokaliteten er ikkje oppsøkt, og det er ikkje kjent om arten finst der i dag.

## Ferskvatn

Ferskvatn omfattar innsjøar og rennande vatn. Dei kartleggingstypane som er mest aktuelle i Gjemnes er rike kulturlandskapssjøar (nokre få, m. a. på Osmarka), og viktige bekkedrag i kulturlandskapet. Den siste kategorien har ikkje vore prioritert i kartlegginga, men burde vore betre undersøkt. Vanlege vatn og tjønner fell utanfor dei definerte typane i DN-handboka, men kan likevel ha lokal verdi slik som mange stader på Vestlandet, der det er lite innsjøar. Verdier tilknytt ferskvatn kan vera fugl, planter eller insekt (t. d. augnestikkarar).

## Myr

Gjemnes har ein god del myr. Desse finst særleg på Osmarka og vestover til Fursetfjellet, men spreidde myrområde finst i heile kommunen. Av kartleggingstypar er det særleg rikmyr som er funne mange stader, og da med ei rekkje interessante planteartar. Gjemnes har i visse område ein berggrunn (særleg amfibolitt) som gjev eit meir baserikt jordsmonn og innslag av kalkkrevande planter m.m. Dette medfører m. a. at Gjemnes har nokre av dei viktigaste rikmyrområda i Møre og Romsdal utanom Surnadal/Rindal og Smøla. Det opne landskapet på Osmarka med myrer, innsjøar, skog og slakke åsar ikkje berre liknar på Austlandet, det har også eit fugle- og planteliv med mange austlege artar, som gjer området særmerkt i Møre og Romsdal. I myrene gjeld dette planter som t. d. blystorr og strengstorr. Av austlege fuglar er det særleg trane, grønstilk, gluttsnipe og kvinand som kan nemnast. Ved Heggemsvatnet er det fanga raudaugevassnymfe, ein austleg augnestikkar-art som her har sin einaste funnstad på Vestlandet (Olsvik 1996a). Ved Stangarvatnet er det funne ein annan austleg augnestikkar.

## **Berg og rasmark**

Her er det særleg sørvendte berg og rasmarker som skal kartleggast. Desse finst ofte i tilknyting til edellauvskog (almebestandar) og har ved fleire høve vore kartlagt saman med desse. Dei har og vore kartlagt i samband med rik fjellvegetasjon. Ingen lokalitetar er ført opp som rein berg/rasmark.

## **Fjell**

I DN-permen (DN 1999a) er berg og rasmark skilt ut som ein naturtype, medan rike fjellområde er ein annan type. I Gjemnes glir desse typane over i kvarandre. Rik fjellvegetasjon finst i Gjemnes ofte i tilknyting til berg og rasmark. Det er registrert nokre lokalitetar med kalkkrevande fjellvegetasjon i Gjemnes, og dette er heller ikkje uventa ut frå geologiske tilhøve. Dessutan er det registrert eit område med olivin og spesiell vegetasjon knytta til dette (Sjømælingfjellet).

## OMRÅDESKILDRINGAR (FAKTAARK)

Alle omtala lokalitetar er namnsett etter region innanfor kommunen og deretter sorterte alfabetisk etter namn. Nærleggjande lokalitetar vil dermed hamna saman. På denne måten håpar ein at det blir lettare å finna fram enn om lokalitetane var sorterte etter naturtype. For å auka informasjonsmengda i overskrifta er hovudnaturtype eller undernaturtype el. liknande sett i parentes etter namnet.

Kvar lokalitet er skildra etter ein fast struktur, slik at dei fleste relevante opplysningar tilrådd i DN-handboka blir lett tilgjengeleg. Artslister finst som vedlegg attast i rapporten.

Forkortingar som er nytta:

|     |   |                    |
|-----|---|--------------------|
| AM  | = | Asbjørn Moen       |
| GGa | = | Geir Gaarder       |
| JBj | = | John Bjarne Jordal |
| JIH | = | Jarle Inge Holten  |

### Batnfjorden: Oppunder Harstadjellet (alm)

|                          |                                     |
|--------------------------|-------------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-301                            |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                        |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 296-301, 735-738                 |
| <b>Høgde over havet:</b> | 200-300 m                           |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog, berg                          |
| <b>Naturtype:</b>        | edellauvskog, sørvendt berg/rasmark |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                          |
| <b>Mulege truslar:</b>   | treslagskifte, borkgnag av hjort    |
| <b>Undersøkt:</b>        | 30.08.99, JBj                       |

#### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ei bratt lauvskogsli oppunder Harstadjellet med ein god almebestand opp til vel 300 m over havet, der skogen møter hamrar og bratte flog.

*Vegetasjon:* Skogen består mest av bjørk og alm med innslag av osp, rogn, hassel, hegg og selje, i nedre deler står det og nokre graner. I øvre del av lia er det mosegrodd steinur. I nedre del av lia er det frodig storbregnevegetasjon med skogburkne, ormetelg og sauettelg. Elles er det blåbærdominerte og moserike parti.

*Kulturpåverknad:* ubetydeleg i øvre deler

*Artsfunn:* I øvre deler aukar innslaget av varmekjære planter som hengjeaks, hundekveke, brunrot, svarterteknapp, lundrapp og krossved. I fuktige parti er det høgstaudevegetasjon med skogrørkvein, vendelrot, skogburkne, bringebær, gullris, mjødurt, skogsvinerot, krattlodnegras, krattmjølke, kratthumleblom, sølvbunke, engsyre, sumphaukeskjegg, stornesle, raud jonsokblom og revebjølle. Somme stader dominerer storfrytle. I urene er det ein del tørkeprega vegetasjon med geitrams, svartburkne, maurave, småbergknapp, småsmelle og taggbregne. Oppunder berget er det snøraspåverka engsamfunn med smalkjempe, blåknapp, blåtopp, gjerdevikke, blåklokke, skjermsvæve, tepperot, tiriltunge, bleikstorr, kvitmaure, småengkall, fjellmarikåpe, blåkoll, engsoleie og firkantperikum. I berget veks m. a. bergfrue, svartstorr og rosenrot.

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Desse bratte rasmarene med alm og berghamrar har truleg liten skogbruksmessig betydning. Ein bør unngå treslagskifte.

## **Batnfjorden: Perseterlia (alm)**

|                          |                     |
|--------------------------|---------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-302            |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide        |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 281-297, 713-725 |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 150-380 m           |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog    |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)          |
| <b>Mulege truslar:</b>   | treslagskifte       |
| <b>Undersøkt:</b>        | 10.10.1999, JBJ     |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Ovafor Persetra førekjem alm i eit belte langs lia under heile Skredfjellet i bortimot 2,5 km lengde. Lia har ei blanding av granplantefelt og lauvskog med alm.

*Vegetasjon:* Underteikna har berre gjort ei kort befarings ovafor Myran i nordaustlege del av almeforekomstane. Treslaga forutan alm og planta gran var hassel, gråor, bjørk, rogn og hegg. Dei fleste almene var ikkje styva og 10-40 cm i stammediameter. Det vart funne ei styva alm med stammediameter ca. 80 cm. Dei fleste almetrea er meir eller mindre ringborka av hjort og følgjeleg meir eller mindre døyande. Ingen andre treslag er nemnande angrepne.

*Kulturpåverknad:* Det er nokre granplantefelt i lia.

*Artsfunn:* Det mest spesielle funnet her var ein bra bestand av skogstorr, ein art som er registrert fleire stader i edellauvskog i Gjemnes, men som er nokså sjeldan i fylket elles. Geir Gaarder har fortelt meg at han har funne den uvanlege plantearten tannrot i almeskog i området Persetra-Åndal ein gong ca. 1983, men han hugsar ikkje lenger staden. Ovafor Myran var det frodig undervegetasjon av høgstauder, mindre urter og bregner: skogburkne, kratthumbleblom, mjødukt, ormetelg, hengjeaks, sølvbunke, skogsvinerot, skogstorr (bra bestand), vendelrot, turt, skogkarse, myske, bringebær, storklokke, skogsalat, sauetelg, lundrapp, breiflangre, kvitblattistel, bleikstorr, krattmjølke, strandrøyr, skogstjerneblom, storfrytle, revebjølle, haremat, hundekveke. På styva alm vart det konstatert påvekst av mykje sølvnever og lungenever.

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, og forekomst av styva alm, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Største trugsmålet mot almen her er vinterbestandane av hjort, som gnagar borken av både tre og buskar, og beitar dei fleste nyskott. Elles blir det tilrådd å unngå treslagskifte i dei viktigaste almebestandane.

## Batnfjorden: under Steinlifjellet (rikmyr)

|                          |                                  |
|--------------------------|----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-363                         |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 306 709                       |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 270 m                            |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr                              |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr m.m.                      |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                       |
| <b>Mulege truslar:</b>   | skogplanting (fysiske inngrep ?) |
| <b>Undersøkt:</b>        | 29.08.2000, JBJ                  |

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten er om lag 100 meter lang og ligg i bjørkeskogen like ovafor vegen mellom Gammalsetra og Nysetra sør for Bjerkeset. Dette er eit mindre rikmyrområde som må sjåast i samanheng med andre nærliggjande rikmyrområde, m. a. Stangarmyra-Langliløken.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen var rikmyr og rik skogmyr omkransa av bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Det var planta noko gran i området.

*Artsfunn:* Breiull, engstorr, gulstorr, fjellfrøstjerne, myraugnetrøst, særbustorr, loppestorr, dvergjamne, myrsauløk, småsivaks, sveltull, fjelltistel, jåblom, harerug, knegras, gulsildre, storblåfjør.

*Prioritering:* Som eit mindre rikmyrområde hamnar dette i kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## Batnfjordsøra (strand)

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-303 (Naturbasen: 1557-69-1)   |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 327-333, 745-752  |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 0-3 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | havstrand  |
| <b>Naturtype:</b>        | strandenger, brakkvassdelta  |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig), midlertidig verna som naturreservat                                      |
| <b>Mulege truslar:</b>   | tidlegare: fysiske inngrep (midlertidig verna 25.02.91)                                    |
| <b>Undersøkt:</b>        | Kristiansen (1974, 1982), Holten m. fl. (1986b), Oterhals (1996), Stokke & Gjeldnes (1998) |

### Områdeskildring

*Generelt:* Typisk fjorddelta med store tidevassområde inst i Batnfjorden. Lokaliteten er først undersøkt av Kristiansen (1974), med kort botanisk skildring. Kristiansen (1982)

gjennomførte senere en grundig botanisk dokumentasjon av Batnfjordsøra med vegetasjonskart som viktig vedlegg. Lokaliteten er også skildra av Holten m. fl. (1986b). Fuglelivet er skildra av Oterhals (1996) og Stokke og Gjeldnes (1998).

*Vegetasjon:* Naturbasen: Strandengvegetasjon med stor variasjon av artar og vegetasjonstypar. Soneringane, frå skjørbuksurt-forstrand til bakre fuktenger og tangvollar, er intakte. Dei botaniske verneverdiane er svært store, i tillegg har naturtypen store elvedelta blitt sjeldan i Møre og Romsdal. Deltaområdet har og stor verdi som beite- og hekkeområde for ender og vadefugl, og som overvintringsområde. (Holten m. fl. 1986b): Vegetasjonstypar:

skjørbuksurt-forstrand, saltbendel-forstrand, saltsev-eng, raudsvingel-grusstorr-eng store forekomster, ærlig i vest, strandstjerne-strandkjempe-forstrand, fjøresevaks-eng, rustsevaks-eng, fjørestorr-eng, bakre myrliknende våtmark, med blåtopp, taresaltgras-grusstrand, tangmelde-voll, strandrug-voll, kveke-voll, høgurt-flerårsvoll, med mjøddurt som dominant, åkerdylle-voll, fragmentarisk i aust.

*Kulturpåverknad:* Riksveg i sørvest, idrettsplass og dyrkamark i sør og industriareal i søraust.

*Artsfunn:* (Holten m. fl. 1986b): Middels artsrikt (67). Raudsvingel er einaste dominerende art. Relativt høg frekvens av fjørekoll, strandkryp, saltsiv og strandkjempe. Relativt store bestand av den nordlege arten grusstorr.

Oterhals (1996): Batnfjordsøra er eit viktig hekke-, raste- og overvintringsområde for fleire våtmarkstilknytt fugleartar. Av våtmarksfugl hekkar tjeld, vipe, raudstilk og fiskemåse. Elles beiter ein del fugl i området både sommar og vinter m.a. gråhegre, stökkender, krikkender, ærfugl, sjøorre, silender, tjeld, vipe, dessutan er det registrert songsvaner og laksender parvis i vinterhalvåret. Området vart derfor vurdert til regional/lokal verneverdi samband med vern av våtmarker i fylket.

Andre kjelder fortel om ein del sjeldne fugleobservasjonar: brakksvale i 1978, dverggås i 1989, splitterne i 1995 og mongolturteldue (Bentz 1979, Johnsen 1980, Myklebust m. fl. 1998, Stokke & Gjeldnes 1998).

Batnfjordselva fører laks og sjøaure i ca. 8 km. *Gyrodactylus salaris* blei påvist på lakseungar i elva i 1980. Elva vart rotenonbehandla i 1994 og friskmeldt i 1999.

*Prioritering:* Større og velutvikla delta skal prioriterast i A (svært viktig). Ein har vurdert det slik at Batnfjordsøra kan seiast å vera større og velutvikla sjølv om det er ein del redusert.

### **Skjøtsel og hensyn**

Naturbasen, Oterhals (1996): Deltaet, som er midlertidig verna, er med i framlegget til ein verneplan for havstrand- og elveos for fylket. Riksvegen og idrettsplassen må sjåast som irreversible inngrep, medan områda med de fysiske inngrepene ute på strandengområdet let seg restaurera. Batnfjordsøra er ein av dei attverande og relativt intakte større grusøyrene i Møre og Romsdal. Dei fleste større lokalitetane av denne typen ligg i indre fjordstrok ved utløpet av de største elvene fra innlandet. Gode eksempel på dette er utløpa av Surna, Driva og Rauma, som alle er meir eller mindre nedbygd.

## **Bergsøya: Jåholman**

**Lokalitetsnummer:** 1557-366 (Naturbasen: 1557-11-0)  
**Kartblad:** 1321 II Kristiansund  
**UTM (EUREF 89):** MQ 403-405, 862-865  
**Høgde over havet:** 0-10 m  
**Hovudnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** andre viktige forekomstar  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** ingen kjente  
**Undersøkt:** 20.09.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)  
**Områdeskildring** (Holten m. fl.1986b)

*Generelt:* Jåholmen er den nordlegaste av dei fire holmane som vart undersøkt på utsida av Bergsøya.

*Vegetasjon:* Det finst noko røsslynghei her, og elles fukthei med m. a. knappsviv. Vidare finst tangvoll- og strandbergvegetasjon. Av tre- og buskvekstar fann ein bjørk, einer, furu, kjøtttype og rogn.

*Kulturpåverknad:* ubetydeleg i dag

*Artsfunn:* Det vart funne 62 planteartar, av desse 7 vanlege naturengplanter. Eit heilt spesielt funn som ikkje har noko med kulturpåverknad å gjera, var **knortestorr** (*Carex otrubae*).

Denne arten er tidlegare funnen berre ein handfull gonger her i fylket nord til Bud i Fræna (Naustdal 1945, Malme 1971, Holten m. fl. 1986, Elven m. fl. 1994). Funnet på Jåholmen var dermed ny norsk nordgrense, inntil arten hausten 2000 vart funnen i Aure kommune (Grisvågøya, kjelde: Geir Gaarder). Knortestorr er eit høgt, stivt storr som vaks i ei tuve med ca. 10 strå like over flomålet i ei bergsprekk, ein typisk veksestad for denne arten. Det vart ikkje funne beitemarkssopp på Jåholmen. Naturbasen: "Fleire holmar og skjær med hekkande sjøfugl. Gruntområda er viktige beiteområde for fugl."

*Prioritering:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av funnet av knortestorr, men arten er knytt til ein naturtype (strandberg) som ikkje er beskriven i DN-handboka.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ingen spesielle tiltak er nødvendige. Storstila bålrensing kan øydeleggja forekomsten.

## **Bergsøya: Sætra - Brannholmen (strand)**

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-304 (Naturbasen: 1557-23-0)  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 405-410, 854-856   |
| <b>Høgde over havet:</b> | 0-2   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | havstrand   |
| <b>Naturtype:</b>        | strandenger   |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | fysiske inngrep   |
| <b>Undersøkt:</b>        | 06.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), betrakta frå vegen 03.07.2000, JBJ |

### **Områdeskildring** (Holten m. fl.1986b)

*Generelt:* Svært eksponert vik på nordsida av Bergsøya med artsrik strandvegetasjon med 71 registrerte planteartar. Relativt grovt substrat, med størst forekomst av grus og stein. Mindre areal med grovsand heilt i aust, innanfor Brannholmen.

*Vegetasjon:* Relativt mange saltengvegetasjonstypar er representert på lokaliteten. Av vegetasjonstypar kan nemnast fjøresaltgras-eng, ishavsstorr-eng, raudsvingel-eng (beiteutforming med stor forekomst av karve og engsoleie), og ulike tangvoll-samfunn.

*Kulturpåverknad:* (1984) Sterkt husdyrbeite langs heile sjø-land-gradienten. Til dels typiske beiteutformingar av strandeng-samfunna, med beiteplanter som engsoleie og karve. Nokre stader tydelege trakkskader i fjøresaltgras-engene.

*Artsfunn:* Relativt trivielt artsutval, funn av ishavsstorr.

*Prioritering:* Som strandengområde blir dette prioritert som B (viktig) fordi det har ein viss storleik og fordi beitepåverknad blir vurdert som positivt i DN-handboka.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep i strandsona. Det er ønskeleg med beiting, men ein bør følgja med så ikkje evt. trakkskader blir for store.

## Bergsøya: v. for Halset (edellauvskog)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-305  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 395-397, 830-832   |
| <b>Høgde over havet:</b> | ca. 90-200 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog, berg/rasmark  |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog, rikare sumpskog, sørvendt berg og rasmark, kalkskog |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | treslagskifte, borkgnag av hjort (alm)                                |
| <b>Undersøkt:</b>        | 03.07.2000, JBJ   |

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg vest for Halset på Bergsøya, i ei skogli som er slakt hallande nedst og bratt øvst.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er prega av rikare sumpskog med svartor nedst, med rogn, bjørk, selje, platanlønn, gråor og hegg, og fuktengplanter som engstorr, sumphaukeskjegg, myrmaure og enghumleblom. Lenger opp kjem rik edellauvskog med hassel, hengjebjørk og alm (utan borkgnag av hjort), og ein del jordnøtt og kusymre i botnen. I same området finst og steinete rasmarker med sisselrot, blå rapp, svartburkne og åkerminneblom, og enda lenger opp eit mindre område med lågurtfuruskog med artar som markjordbær, tågebær og fingerstorr.

*Kulturpåverknad:* Noko hogstspor.

*Artsfunn:* I alm-hasselskogen vart det notert m. a. lundrapp, svarterteknapp, kusymre, jordnøtt, kratthumleblom og sanikel. Av kystplanter elles: fagerperikum og heiblåfjør.

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Platanlønn bør fjernast, og ein bør unngå treslagskifte. Elles bør ein unnlata å hogga svartor og alm.

## Brakstadstranda: Brubekk (naturbeitemark)

|                          |                          |
|--------------------------|--------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-306                 |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll          |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 545-546, 713-715      |
| <b>Høgde over havet:</b> | 10-80 m                  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap           |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark           |
| <b>Prioritet:</b>        | C (lokalt viktig)        |
| <b>Mulege truslar:</b>   | opphøyr drift, attgroing |
| <b>Undersøkt:</b>        | 04.10.1999, JBJ          |

### Områdeskildring

*Generelt:* Brubekk er eit brattlendt gardsbruk ved fjorden litt sør for Angvika. Innmarka blir slått og beita av geit, storfe og sau.

*Vegetasjon:* Særleg kantområda har vore lite gjødsla. Vegetasjonen i kantane er dels engkvein-gulaks-eng.

*Kulturpåverknad:* Slått og beiting. Tidlegare overflatedyrka.

*Artsfunn:* Det vart funne 27 planteartar, av desse 8 vanlege naturengplanter. Det vart funne 6 for det meste vanlege artar av beitemarkssopp, kvit køllesopp (*Clavaria falcata*) kan nemnast.

*Prioritering:* Lokaliteten var relativt triviell, men har likevel nokre indikatorartar på naturengmiljø. Ut frå tilgjengelege data får lokaliteten kategori C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er positivt at innmarka blir halden ved like gjennom slått og beiting. Kantområda er relativt artsrike og bør ikkje gjødslast.

## **Flemma: ved Flemsetervatnet (myr)**

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-327 (Naturbasen 1557-21-0)                     |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 487-494, 769-777                                 |
| <b>Høgde over havet:</b> | 230-250 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr   |
| <b>Naturtype:</b>        | andre viktige forekomstar, terrengdekkjande myr     |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | ingen kjente, fysiske inngrep?                      |
| <b>Undersøkt:</b>        | 04.10.1999, JBJ. (Vurdert frå flyfoto av Moen 1984) |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Flatmyr- og bakkemyrområde vest for Flemsetervatnet. Mindre areal har terrengdekkjande myr, øyblandingsmyr og strengmyr (Moen 1984).

*Vegetasjon:* Myrene er dels fattigmyr og dels ombrotrof tuvemyr (nedbørsmyr). Det vart og funne intermediære parti.

*Kulturpåverknad:* Det er veg fram til forbi vatnet, området har ein del hytter. Vatnet er drikkevasskjelde og svakt regulert. Myrene er intakte.

*Artsfunn:* Mest interessant var blautmyrene nær vatnet i nord- og nordvestenden. På desse blautmyrene vart det funne strengstorr, blystorr, sivblom, kvitmyrak og kanskje nøkkesiv (undersøkingstidspunktet var i seinaste laget). Dei to første er sjeldne og austlege artar i Møre og Romsdal. I dei intermediære partia vart det notert gulstorr, myrsauløk, myrfrytle og myrkråkefot. Det vart elles notert to myrtilknytt soppantar: myrhette og myrsvovelsopp. Haukugle har hekka i området (Stokke & Gjeldnes 1998).

*Prioritering:* Myrene fell ikkje inn under nokon av kartleggingstypene i DN-handboka, bortsett frå noko terrengdekkjande myr. Dei har likevel klar verdi og blir prioriterte som B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## **Flemma: Flemsetra (naturbeitemark)**

|                          |                 |
|--------------------------|-----------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-328        |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 499 775      |
| <b>Høgde over havet:</b> | 280-300 m       |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap  |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark  |

**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing (opphøyr av beiting)  
**Undersøkt:** 04.10.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Flemsetra er ein mindre setervoll som ligg inne i skogen i lia aust for Flemsetervatnet.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er prega av lite beiting og betydeleg attgroing, med sølvbunkeeng, mykje daudgras, oppslag av småbjørk i kantane og utpå vollen, spreidd einer og litt bringebær.

*Kulturpåverknad:* Litt streifbeiting av sau.

*Artsfunn:* Det vart funne 42 stort sett vanlege planteartar, av desse 9 naturengplanter. Her kan nemnast t. d. hårsvæve og smalkjempe, som begge truleg er på veg ut pga. attgroing. Det vart funne 4 vanlege artar beitemarkssopp.

*Prioritering:* Lokaliteten blir plassert i kategori C (lokalt viktig) på grunn av storleik, tilstand (attgroing) og artsutval (få indikatorartar).

### **Skjøtsel og hensyn**

Dersom ein vil hindra at vollen gror til, bør ein rydda noko skog og buskar, og anten slå eller sørge for eit visst beitetrykk.

## **Flemma: Gagnat og Sogna (kulturlandskap)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-315  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 540-546, 771-778  
**Høgd over havet:** ca. 0-30 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark, hagemark  
**Prioritet:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing  
**Undersøkt:** 14.10.92 SS & JBJ, 29.8.93 av JBJ, 14.9.93 av GG, JBJ og SS; 11.10.94 (GGa) (Jordal & Sivertsen 1992 og Jordal & Gaarder 1993).

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Tidlegare er beitemarker med einer ved Gagnatneset og Postvikneset undersøkt og omtala (Jordal & Sivertsen 1992, Jordal & Gaarder 1993, 1995, Aksdal 1994). Det er sidan laga ei skjøtels- og tiltaksplan for kulturlandskapet på Gagnat (Gagnat 1996). Dette er ei god kjelde til kulturhistoria og generell skildring av området, og det meste treng ikkje gjentakast her.

*Vegetasjon:* Typisk for Gagnatgardane er fleire særprega einerbakkar som i seinare tid er beita berre av storfe. Av vegetasjonstypar finst einerbakkar sør for Oppistua (gjødsla for hand, grunnlendt og noko trakkpåverka), utover mot Gagnatneset (tett einer som saman med lauvtre og klunger gjev eit nokså attgrodd preg) og på Postvikneset (mest artsrike lokalitet for beitemarkssopp). Elles finst sølvbunkeeng ved Postvikneset, lauvskog med m. a. hassel ved Gagnatneset, sørvendte tørrberg inn mot bukta, og ei tresett tidlegare slåttemark på Kobbiskjeret. Ovafor vegen ved Sogna ligg ei attgroande, lite gjødselpåverka slåtteeng med engkvein, raudsvingel og gulaks, liljekonvall og grov nattfiol, og oppslag av bjørk, osp, ormetelg, skogburkne og bringebær. Det vart i 1996 utlagt ei 10x10 meters analyserute for

vegetasjon i einerbakken på Postvikneset. Forutan einer dominerte engkvein, gulaks, tytebær, lækjeveronika og blåknapp. Ruta inneheldt 31 planteartar, av desse 8 naturengplanter. Dette er eit vanleg resultat i naturbeitemark på kalkfattig grunn. Utan at vi hadde studert soppfloraen ville ikkje denne einerbakken blitt vurdert som særleg interessant.

*Kulturpåverknad:* Ifølgje Gagnat (1996) vart det slutt på småfehaldet før 1970, og rundt 1980 forsvann den siste hesten. Beiting av storfe åleine viser seg å ikkje vera tilstrekkeleg til å motverka attgroing av beitemarkene med einer og andre tre og buskar. Bilete frå 1950-talet viser eit mykje opnare landskap.

*Artsfunn:* I 1996 vart det laga planteliste for Gagnat og Sogna med hovudvekt på opne landskapstypar, som også inkluderer slåtteeinga på øversida av vegen ved Sogna. Det vart i 1996 funne 117 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Det høge artstalet må sjåast på bakgrunn av stor variasjon i vegetasjonstypar. Kulturlandskapet på Gagnat er artsrikt når det gjeld floraen. Noko av det mest interessante er førekomsten av grov nattfiol ved Sogna, og dei artsrike tørrberga ved sjøen nedafor Oppistua med m. a. sølvmure, småsmelle, hårsvæve, olavsskjegg og småbergknapp. Det er tidlegare funne 26 artar av beitemarkssopp (38 poeng). Dette er kommentert i tidlegare rapportar, men det er grunn til å minna om at fleire av artane er sjeldne, og at røykbrun jordtunge (*Geoglossum hakelieri*) står som direkte truga på raudlista.

*Prioritering:* Lokaliteten har regionalt uvanlege naturtypar (einerbakkar og slåtteeing). Han blir verdsett som A (svært viktig) særleg på grunn av forekomst av ein direkte truga soppart.

### **Skjøtsel og hensyn**

I beitemarkene, og i heilt skogkledd, tidlegare kulturmark, tilrår tiltaksplana fjerning av dei fleste trea, rydding av lauvkratt, tynning av einer, gjerding, forsiktig grøfting, auka beitetrykk og bruk av fleire dyreslag (småfe/hest). Dei delene av beitet der det er påvist mange artar av beitemarkssopp bør ikkje gjødselast korkje med handlegjødsel eller husdyrgjødsel. Vi har ikkje mykje å tilføya til dette. Platanlønn bør fjernast heilt. Det blir tilrådd slått på slåtteeinga ovafor vegen ved Sogna, og enga bør helst ikkje gjødselast. Rundt dei sørvendte tørrberga i bukta nedafor Oppistua bør ein fjerna tre og buskar, da vegetasjonen på desse berga er lyskrevande. Som tiltaksplana seier, bør detaljar i arbeidet drøftast med fagfolk ute i marka før det blir sett i verk.

## **Flemma: Nebba (alm)**

|                          |                                    |
|--------------------------|------------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-307 (Naturbasen: 1557-103-11) |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                    |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 524-526,793-796.                |
| <b>Høgde over havet:</b> | 60-250 m                           |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                               |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog                   |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                         |
| <b>Mulege truslar:</b>   | treslagskifte, borkgnag av hjort   |
| <b>Undersøkt:</b>        | Holten (1978)                      |

### **Områdeskildring (Holten 1978)**

*Generelt:* Dette er eit ganske stort alm- og hasselkratt i ei sørausteksponert bratt li ovenfor tettbebyggelsen i Flemma.

*Vegetasjon:* I dei nedre partia, frå ca. 100 m o.h. og opp til 200 m o.h. er bestandet svært frodig. Av treslag finst alm, hassel, bjørk, osp og krossved.

*Artsfunn:* Feltsjiktet vekslar mellom enger med lundgrønaks på tørre parti og storbregneenger med skogburkne, ormetelg, kvitsoleie, storklokke og kranskonvall på fuktigare mark. I lysopne deler av lia er dei varmekjære artane svarterteknapp og vårerteknapp vanlege. Det vart også funne fingerstorr og trollbær.

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå treslagskifte. Elles bør ein unnlata å hogga alm.

## **Flemma: Varvika (alm)**

|                          |                                  |
|--------------------------|----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-308                         |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 517-523, 797-804              |
| <b>Høgde over havet:</b> | 60-300 m                         |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                             |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog                 |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                       |
| <b>Mulege truslar:</b>   | borkgnag av hjort, treslagskifte |
| <b>Undersøkt:</b>        | 04.09.1997, JBJ                  |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten er ei søraustvendt li i Varvika mellom Flemma og Hoem.

*Vegetasjon:* Landskapet i Varvika er som ei austvendt gryte, med ei meir søraustvendt lisode med noko alm, tildels ganske stor, opptil 40-50 cm i diameter i brysthøgde. Det vart ikkje sett styva alm i dette området. Skogtypane er gråor-almeskog med noko hassel, gråor-heggeskog og noko blåbærbjørkeskog. Det vart også observert noko grov osp og selje. Det vart konstatert sterk hjortebeiting på almebusker, og almetre opptil 20 cm i diameter var drepne av hjort som følge av borkgnag.

*Kulturpåverknad:* Litt hogstspor, noko planta gran.

*Artsfunn:* Meir eller mindre varmekjære artar som vart observerte: brunrot, hengjeaks, hundekveke, kranskonvall, lundrapp, myske, myskegras, skogsvinerot. Både selje og alm hadde påvekst av lungenever. Kvitryggspett har hekka (Stokke & Gjeldnes 1998).

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Almeforekomstane bør ikkje utsettast for hogst eller treslagskifte. Uttak av andre treslag, t. d. bjørk og rogn til ved er uproblematisk.

## **Flemma: Varviksetra (rikmyr)**

|                          |                                     |
|--------------------------|-------------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-309 (Naturbasen 1557 - 17 - 0) |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                     |
| <b>UTM (ED):</b>         | MQ 514,793                          |
| <b>Høgde over havet:</b> | 345-360                             |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | Myr                                 |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr                              |

**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** ingen kjente  
**Undersøkt:** Holten (1978)

#### **Områdeskildring** (Holten 1978)

*Generelt:* Lokaliteten ligg like ved Varviksætra på vestsida av Varvikvatnet.

*Vegetasjon:* Grunn rikmyr med stor forekomst av den relativt sjeldne myrarten sveltull som er på vestgrensa her.

*Kulturpåverknad:* Noko streifbeiting (1978).

*Artsfunn:* Kornstorr dominerer, andre rikmyrartar: breiull, kornstorr, engstorr, bjønnbrodd, dvergjamne, gulstorr, særbustorr, loppestorr, myrsauløk.

*Prioritering:* Dette er ei mindre rikmyr, og blir prioritert i kategori B (viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## **Flåberget (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-310  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 294 706  
**Høgde over havet:** 250 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing  
**Undersøkt:** 16.09.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Flåberget er ein gammal buplass i skogen 270 m o. h. aust for Furset.

*Vegetasjon:* Den tidlegare dyrkamarka er i dag dels open voll med sølvbunkeeng og meir lågvaksen, gras/urterik natureng, dels ung, einsaldrå bjørkeskog med ein undervegetasjon av einstape og sølvbunke. Attgroinga går altså sin gang i retning bjørkeskog.

*Kulturpåverknad:* Området var i 1996 beita litt av hest, og det var slått litt rundt huset.

*Artsfunn:* Det vart funne 49 stort sett vanlege planteartar, av desse 13 naturengplanter. Her kan nemnast t. d. heiblåfjør, fjellmarikåpe, kornstorr og kjertelaugnetrøst. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

*Prioritering:* Tilstand (attgroing) og relativt få indikatorartar tilseier kategori C (lokalt viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Dersom ein vil hindra at vollen gror til, bør ein rydda noko skog og buskar, og anten slå eller sørge for eit visst beitetrykk.

## **Flålia (alm, rik fjellvegetasjon)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-311  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 295-301, 708-713  
**Høgde over havet:** 100-200 m

**Hovudnaturtype:** skog, berg  
**Naturtype:** rik edellauvskog, rik fjellvegetasjon  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** treslagskifte, borkgnag av hjort  
**Undersøkt:** 30.08.1999, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Flålia er ei skogli på nordsida av Flåberget aust for Furset i Batnfjorden.

*Vegetasjon:* Oppunder Flåberget finst spreidd alm i ei nordvestvendt li, noko som er uvanleg og tyder på eit gunstig lokalklima. Øvre deler er nokså bratt og ulendt med ein skog beståande av bjørk, rogn, hassel, hegg, gråor, selje og alm. Almen er opp til vel 30 cm i stammediameter og med moderat borkgnag av hjort. Undervegetasjonen var frodig og høgvaksten høgstaudevegetasjon.

*Kulturpåverknad:* I denne lia finst granplantefelt og ein skogsveg i nedre deler.

*Artsfunn:* Av artsinventaret kan nemnast nattfiol, turt, myske, myskegras, skogrøyrkvein, liljekonvall, hengjeaks, storklokke, brunrot, storfrytle, stankstorkenebb, stornesle, skogsvinerot, trollurt, trollbær, skogvikke, kratthumbleblom, kvitsoleie, kranskonvall, hundekveke, strutsving og firblad. Dette er ein av dei meir artsrike gråor-almeskogane i kommunen.

I berget vart det funne bergfrue, sisselrot, einer, storfrytle, skjørlok og rosenrot. Vidare fanst fleire rike sig med gulsildre, loppestorr, jåblom, svarttopp, tettegras, fjelltistel, gulstorr, grønstorr, raudsildre, dvergjamne og fjellsyre.

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Almen står i den brattaste delen av lia, oppunder hamrane i Flåberget. Skogbruksmessig er dette eit marginalt område, almebestandane bør sparast og ein bør unngå treslagskifte.

## Fursetfjellet: Pikhaugen-Uførelva (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1557-312  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 277-287, 669-675  
**Høgd over havet:** 240-340 m  
**Hovudnaturtype:** myr  
**Naturtype:** rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** fysiske inngrep (muleg hyttebygging, vegar)  
**Undersøkt:** 29.08.2000, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* På vestsida av riksvegen, sørover mot kommunegrensa mot Molde, er det og eit rikmyrområde, men ikkje så rikt som Raudliløken og Langliløken. Området ligg oppover frå hyttefelta mellom Uførelva og Pikhaugen og oppover retning Raudheia.

*Vegetasjon:* Lokaliteten har hovudsakeleg intermediære bakkemyrer med rikmyrinnslag.

*Kulturpåverknad:* Det er ein del hytter i området, og truleg ønskje om å byggje fleire. Det vart også observert spor etter motorisert køyring på berr mark i myrene.

*Artsfunn:* Det vart funne ein del meir krevande artar som breiull, myrsnelle, myraugnetrøst, dvergjamne, storblåfjør, trådstorr, hundekvein, svarttopp, bjønnbrodd, fjellfrøstjerne, særbustorr, gulstorr, myrsauløk, harerug, småsivaks og jåblom. Elles vart det funne myrklegg, kystmyrklegg og sivblom.

*Prioritering:* Dette er eit mindre område og ikkje så rikt som Raudliløken og Langliløken. Intermediærmyr dominerer. Lokaliteten blir derfor plassert i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep.

## **Fursetfjellet: Raudliløken (rikmyr)**

|                          |                                  |
|--------------------------|----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-313                         |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 298-328, 674-697              |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 250-400                          |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr                              |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr m.m.                      |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)                 |
| <b>Mulege truslar:</b>   | skogplanting (fysiske inngrep ?) |
| <b>Undersøkt:</b>        | 29.08.2000, JBJ                  |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er eit stort myrområde som strekkjer seg langs kommunegrensa mot Molde frå Vasslihaugen nær Stangarmyra i vest til Stormyra og Silsetvatnet i aust. På undersøkingstidspunktet var myrene raude av bjønnskjegg, dette kan vera bakgrunnen for namnet.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består av avvekslande flate fattigmyrer og småflekker med nedbørsmyr, og intermediære og rike bakkemyrer i rundt 3 km lengde. Bakkemyrene dominerer over store område. Dei rikaste myrområda er spreidd over heile arealet, men er noko mindre hyppige i det austlege området mot Stormyra, nord for Skallia (på sørsida av bekken). Det er notert ein del breiullforekomster ved hjelp av GPS-mottakar, og dei har følgjande UTM-koordinatar (alle MQ, og med 10 meter nøyaktigheit): (a)2976 6742, (b)3014 6752, (c)3025 6761, (d)3039 6755, (e)3078 6779, (f)3083 6781 (med myggblom), (g)3144 6810, (h)3151 6819 (med myggblom), (i)3153 6825 (med engmarihand), (j)3170 6836, (k)3190 6849, (l)3203 6860, (m)3206 6871, (n)3231 6881, (o)3250 6900, (p)6262 6921, (q)3267 6945, (r)3260 6950, (s)3200 6926 (med myggblom), (t)3173 6925 (med stortviblad, nattfiol & engstorr). Slett ikkje alle breiullforekomstar vart noterte. Mange forekomstar hadde ei betydeleg utstrekning, det er da oftast midtpunktet som er notert.

*Kulturpåverknad:* Eit område sør og sørvest for Langlisetra (310 679 - 314 681) hadde mykje daud bjørk i den sørvendte dalsida, og synest å vera sprøyta frå helikopter. Det vart observert unge granplantefelt (0,5 - 1,5 meter høge granplanter) heilt ned i myrkanten ved 312 680.

*Artsfunn:* Rikmyrområda var mange (registrert ca. 25 område med breiull) og til dels artsrike. For dei fleste smålokalitetane er det notert rikmyrartar, men dette blir ikkje ramsa opp her. Noterte krevande planteartar: bjønnbrodd, dvergjamne, engmarihand, engstorr, fjellfrøstjerne, fjelltistel, flekkmure, gulsildre, gulstorr, harerug, jåblom, kornstorr, kvitbladtistel, liljekonvall, loppestorr, myraugnetrøst, nattfiol, storblåfjør, stortviblad, sumphaukeskjegg, svarttopp, sveltull og særbustorr. Av andre artar kan nemnast: korallrot, kvitmyrak, kystmyrklegg, myggblom og sivblom. Sannsynlegvis hadde eg oversett ein del orkidéar på grunn av det seine undersøkingstidspunktet.

*Prioritering:* Som eit stort, velutvikla og artsrikt rikmyrområde kjem lokaliteten heilt klart i kategori A (svært viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje planta meir gran inntil myrene, heller ikkje sprøyta. Fysiske inngrep bør unngåast. Desse myrene ville truleg ha vore kvalifisert til verneplan for myr om dei hadde vore kjent på det rette tidspunktet. Det er no opp til lokal forvaltning å ta vare på dette flotte naturområdet.

## **Fursetfjellet: Stangarmyra, Langliløken (rikmyr, ferskvatn)**

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-314 (Naturbasen: 1557-68-2)  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 288-313, 670-700   |
| <b>Høgde over havet:</b> | 200-320 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr, ferskvatn  |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr, (+innsjø m. funksjon som hekkeområde for våtmarksfugl)                        |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | fysiske inngrep, forstyrning i hekketida (fugleliv)                                   |
| <b>Undersøkt:</b>        | 02.07.1980 AM (Moen 1984), 23.08.1999, 14.06.2000 og 29.08.2000, JBJ, 23.07.2000, GGa |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Stangarvatnet ligg ved riksvegen på Fursetfjellet. Mesteparten av vatnet ligg i Gjemnes, men grensa til Molde går ved sørenden. Rundt og særleg nordover frå vatnet ligg store myrområde som er skildra av Moen (1984). Dette gjeld Stangarmyra, som ligg nærast riksvegen, og Langlia/Langliløken som strekkjer seg heilt opp til ei lita tjønn i Nyseterskardet på austsida av Stokkåsen.

*Vegetasjon:* Ute i Stangarvatnet finst eit flaskestorrbelte (høgstorrsump) med trådstorr, bukkeblad og elvesnelle. Elles vart det funne blærerot (truleg sumpblærerot), og utom storrbeltet vaks flytebladplanter som kvit nøkkerose og vanleg tjønnaks. Nord for Stangarvatnet strekkjer eit variert myrområde seg, dels opp- splitta av fastmarksryggar med furuskog. Bakkemyr dominerer, men med store flat- og strengmyrparti ned mot vatnet. Små nedbørsmyrparti i kantane. Fattig vegetasjon dominerer, men store areal har også rik vegetasjon, særleg i Langlia. Opp mot Nyseterskardet finst ei større, flat myr som for det meste er fattig, men med intermediære parti i kanten på austsida, med breiull, bjønnbrodd, myraugnetrøst og dvergjamne.

*Kulturpåverknad:* Det er anlagt skytebane over Stangarmyra. Dette har truleg ikkje hatt avgjerande verknad på naturkvalitetane, men ein veg over myra har nok påverka dreneringstilhøva noko. Ein skogsveg går innover dalen mot Langlia. Det er planta gran ved Langliløken på nordaustsida av ei linje frå MQ 2962 6872 til 2969 6855.

*Artsfunn:* Det er særleg i Langlia og dråga oppover mot Stokkåsen funne m.a. breiull, svarttopp, sumphaukskjegg, engmarihand, stortveblad, vanleg nattfiol, fjelltistel, dvergjamne, bjønnbrodd, myrsaulauk, klubbstorr, særbustorr, gulstorr, myrkråkefot, kvitmyråk, sivblom og fleire rikmyrmoseartar (Moen 1984). I tillegg til dette fann Geir Gaarder i dette området også engstorr, fjellfrøstjerne, jåblom, lappmarihand, loppestorr, skavgras, småsivaks, sveltull og (låglands-)kvitkurle. Den siste står på raudlista som hensynskrevande. Ved tjønna i Nyseterskardet noterte han to gluttsnipar og ein kvitryggspett, her fann underarteikna mjuksivaks. Nærare riksvegen observerte han firfisle. Stangarmyra har og rikt fugleliv, m. a.

storlom og 2 par varslande gluttsnipe observert 14.06.2000 (JBJ). Underteikna fann strengstorr ved Stangarvatnet. Stangarvatnet har ein rik augnestikkarfauna, med 10 artar. Mest spesielt er verdens vestlegaste forekomst av den austlege arten nordisk blåvassnymfe (*Coenagrion johannsoni*), elles i fylket berre kjent frå Rindal (kjelde: Hans Olsvik).

#### *Prioritering:*

Dette er eit stort myrområde med ein del rikmyrparti. Til saman er dette såpass omfattande, velutvikla og rikt på kravfulle artar at det tilfredsstillar kriteria til kategori A (svært viktig). Fuglefaunaen understøttar dette.

#### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep som meir drenering, meir skogplanting og fleire vegar. Eventuell hyttebygging bør foregå på fastmark i skog.

## **Gjemnes: ved Gjemnes kyrkje (svartor)**

|                          |                              |
|--------------------------|------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-316                     |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll,             |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 377-380, 822              |
| <b>Høgde over havet:</b> | 1-5 m                        |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                         |
| <b>Naturtype:</b>        | rikere sumpskog (m. svartor) |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                   |
| <b>Mulege truslar:</b>   | hogst, fysiske inngrep       |
| <b>Undersøkt:</b>        | 26.08.1997, JBJ              |

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Stranda vestover frå Gjemnes kyrkje har over ei strekning på eit par hundre meter ein bestand av tildels ganske grov svartor med stammediameter opp til 50 cm.

*Vegetasjon:* Det er og planta ask i området. Andre treslag var bjørk, rogn og selje. Bestanden er opptil ca. 15 meter brei. Ovafor svartorbeltet er det dyrka mark og i aust kyrkjegard.

*Kulturpåverknad:* Skogen verkar relativt lite påverka, men øvre deler er brukt som dumpeplass for m.a. organisk avfall.

*Artsfunn:* Mange artar trivst under fuktige og næringsrike forhold i svartorskogen: bringebær, elvesnelle, hundekjeks, kratthumleblom, mjøddurt, skogsnelle, sløkje, soleihov og strandrøyr. I øvre del av strandsonen fanst t. d. hanekam, hestehavre, klengjemaure, skjoldberar og vendelrot. Den innførte arten amerikamjølke vart funnen her, han spreier seg raskt i distriktet.

*Prioritering:* Dette er truleg ein av dei finaste svartorstrandskogane på Nordmøre, med store gamle tre. Etter DN-handboka blir lokaliteten plassert i kategori B (viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Dette er ein fint utvikla svartorstrandskog, truleg blant dei finaste i Romsdal og på Nordmøre. Lokaliteten bør få liggja urørt. Ein bør unngå å bruka skogen som dumpeplass for t. d. organisk avfall.

## Gjemnes: Høgheiskarven (Blåfjellet)(rik fjellvegetasjon)

**Lokalitetsnummer:** 1557-317 (Naturbasen: 1557 - 25 - 0)  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (ED):** MQ 344 802  
**Høgd over havet:** 660-690  
**Hovudnaturtype:** fjell  
**Naturtype:** rik fjellvegetasjon  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** ingen kjente  
**Undersøkt:** Holten (1978)

### Områdeskildring

*Generelt:* Det vart undersøkt eit område rundt toppen av Høgheiskarven, som ligg ved Gjemnes nord for Blakkstad.

*Vegetasjon:* Vegetasjon tilknytta berg og rasmark vart undersøkt.

*Kulturpåverknad:* ingen kjent.

*Artsfunn:* Det vart funne fleire regionalt sjeldne og næringskrevande fjellararter. Dette er artar som har sin hovedutbreiing i meir sentrale fjellstrok. Holten nemner følgjande artar: raudsildre, fjellsmelle, taggbregne, rosenrot, bleikvier, blårapp, bergfrue, tuesildre, bergubloom og reinrose.

*Prioritering:* Dette er eit av dei få områda i Gjemnes der det er funne reinrose. Området kvalifiserer til B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ingen nødvendige tiltak.

## Gjemnes: Høgsetleira (strand)

**Lokalitetsnummer:** 1557-318  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 363-370, 823-827  
**Høgd over havet:** 0-3 m  
**Hovudnaturtype:** havstrand  
**Naturtype:** undervasseng, sandstrand, strandeng  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** ingen kjente  
**Undersøkt:** 06.09.1984, JIH (Holten m. fl. 1986b), Oterhals (1996), 30.08.1999, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på Høgset i Gjemnes, omgjeve av skog, kulturlandskap og eit meieri. Jfr omtale av Holten m. fl. (1986b), og Oterhals (1996).

*Vegetasjon:* Stort gruntvassområde omkransa av strandenger. Ein av dei mest artsrike havstrandlokalitetane i fylket med 95 påviste artar. Rustsevaks og saltsev dominerer, medan småhavgras er ein sjeldan art som veks her. Breie strandenger med intakte og fullstendige soneringar, grensar mot fukthei og oreskog i sør og sørvest, elles mot dyrka mark.

Kantskogen består dels av bjørk og platanlønn, men det er noko spreidd svartor, m. a. nedanfor meieriet. Små inngrep gjer at området er høveleg som referanseområde for

strandenger av landhevningstypen. Det er registrert fleire sjeldne plantesamfunnstypar, og saltengene er velutvikla.

*Kulturpåverknad:* Relativt lite påverka, litt næringstilførsel frå areala rundt.

*Artsfunn:* Det finst litt småhavgras og grusstorr i området. Dei produktive leirene og strandområdet er vurdert til å vere av lokal verdi for strand- og sjøfugl. Området er fast overvintringslokalitet for gråhegre, storskarv, ærfugl, siland og fleire andre ender. M.a. tjeld og strandsnipe hekkar i området.

*Prioritering:* Etter DN-handboka synest lokaliteten å hamna i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Området er med i framlegget til ein verneplan for havstrand- og elveos for fylket. Ein bør unngå fysiske inngrep og forureining.

## **Gjemnes: Ikornneset-Høgset (svartor m.m.)**

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-319   |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                                    |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 360-363, 828-832                                |
| <b>Høgde over havet:</b> | ca. 0-10 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog, kulturlandskap, havstrand                    |
| <b>Naturtype:</b>        | rikare sumpskog (svartor), kystlynghei, tangvollar |
| <b>Prioritet:</b>        | C (lokalt viktig)                                  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | ingen kjente                                       |
| <b>Undersøkt:</b>        | 30.08.1999, JBJ                                    |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området er begge sider av Ikornneset på Høgset, og stranda innover mot Høgsetleira.

*Vegetasjon:* I dette området finn ein ulike naturtypar som strandenger med tangvollar, open kystlynghei og spreidd svartorstrandskog. Den opne lyngheia på Ikornneset er ei av dei få typiske kystlyngheiene i Gjemnes. Her dominerte tørr og fuktig røsslynghei og fukthei. På tørre, grunnlendte berg fanst m. a. kystbergknapp, geitsvingel, lækjeveronika, blåknapp, knegras og småsyre. Vest for Ikornneset ligg ei lita bukt med rullesteinsstand og rikeleg tangvollvegetasjon. I denne bukta er det ein del svartorstrandskog i kanten mellom tangvollane og skogen ovanfor, som dels består av planta sitkagran.

*Kulturpåverknad:* Det er laga ein natursti med informasjonstavler om kulturminne som gravhaugar m. m. Elles er det planta ein god del sitkagran og bergfuru.

*Artsfunn:* I fuktig røsslynghei og fukthei på Ikornneset vart det notert bjønnskjegg, torvull, heisiv, lyssiv, rome, klokkelyng og knappsiv. I bukta vest for Ikornneset vart det notert frå tangvollane: strandrøyr, mjødur, kveke, krushøymole, hestehavre, klengjemaure, stornesle, tangmelde, vassarve og hanekam. Svartorbestandane hadde ingen spesielle artsfunn.

*Prioritering:* Den einaste kjente kystlyngheia i Gjemnes blir vurdert til C (lokalt viktig), det same gjeld dei små svartorbestandane i strendene.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep. Kystlyngheia bør ikkje tilplantast, men vil truleg gro til med skog av seg sjølv om ikkje rydding blir gjennomført. Det er også fornminne i område, der det kan vera aktuelt å opna opp vegetasjonen noko meir.

## Gjemnesaksla (alm)

|                          |                                  |
|--------------------------|----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-320                         |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 366-372, 808-812              |
| <b>Høgde over havet:</b> | 180-300 m                        |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                             |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog                 |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                       |
| <b>Mulege truslar:</b>   | borkgnag av hjort, treslagskifte |
| <b>Undersøkt:</b>        | 10.09.1997, JBJ                  |

### Områdeskildring

*Generelt:* Befaringa starta ved å gå rett opp frå Jutulen og Øverjutulen og så litt austover over ein bekk.

*Vegetasjon:* Det innførte treslaget platanlønn er i kraftig ekspansjon etter heile lia, mange tre var opp mot 30 cm i stammediameter i brysthøgde, og arten er no utbreidd til høgt opp i lia. Denne arten utbreier seg på bekostning av heimlege lauvtreslag, og trugar mange stader med å endra økosystema vesentleg (Fremstad & Elven 1996). Lønna stammar truleg opprinneleg frå Gjemnes gard, som hadde store frøtre rundt 1930, da arten var uvanleg elles i distriktet (Tollan 1937). Skoglia innover frå Gjemnes høver derfor truleg godt til å forutseia korleis lauvskogslie andre stader i distriktet kan koma til å sjå ut om nokre tiår. Lønna har svært stor spreiringsevne og konkurransekraft.

Dei fleste almetre står i bratta opp mot 300 m o.h. saman med mellom anna osp, bjørk, selje, furu, rogn, krossved, einer og hassel. Over 90% av dei 34 registrerte almetrea er skadd av borkgnag av hjort, og i gjennomsnitt er over 50% av stammeomkretsen avbarka (tabell 7). Det var ei sjokkerande oppleving å konstatera at heile bestanden er i ferd med å døyt ut. Alle observerte småtre og buskar av alm var avbeita. Sjølv om materialet er lite, er det ein tendens til at hjorten beitast mest på mindre tre. Ingen andre treslag hadde borkgnag av hjort, berre alm.

*Kulturpåverknad:* Relativt lite bortsett frå sterk spreiring av platanlønn.

*Artsfunn:* Varmekjære planteartar som vart observerte i skogbotnen: myske, sanikel, taggbregne, hundekveke, skogsvinerot, lundrapp og svarterteknapp.

*Prioritering:* Dette er eit relativt lite almebestand, og vil etter eigne kriteriar (justering av kriteriar i DN-handboka, sjå metodekapitlet) hamna i kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Almeforekomstane bør ikkje utsettast for hogst eller treslagskifte. Men almen er her først og fremst truga av hjorten, og er rett og slett i ferd med å døyt ut på grunn av borkgnag. Reduksjon av vinterbestanden av hjort vil vera avgjerande for overleving av alm både her og andre stader i distriktet. Det vil vera ein fordel med betre kunnskap om vandringsmønstra til hjorten for å forvalta stammen betre gjennom avskyting. Eit anna trugsmål kjem frå dei umerkelege endringane i skogane over tid som følgje av den kraftige ekspansjonen av platanlønn. Det er uvisst om lønna over tid vil utkonkurrera alm, men arten er i dette området ute av kontroll, og har i andre tilfelle her i fylket m. a. konkurrert ut gråor (eigne observasjonar). Ved evt. hogst bør ein prioritera uttak av platanlønn og la alm stå att.

## Gjemnesstranda: Jutulen & Øverjutulen (naturbeitemark)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-321  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 369-371, 805-806                                 |
| <b>Høgde over havet:</b> | 20-70 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap                                      |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark                                      |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)                                    |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing   |
| <b>Undersøkt:</b>        | 23.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 10.10.1999, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Jutulen ligg ned mot riksvegen, medan Øverjutulen er ein gammal husmannsplass som i dag berre finst som tufter og beitemark eit stykke ovafor vegen eit par kilometer innover frå Gjemnes. Her finst opne beitemarker omkransa av skog.

*Vegetasjon:* I øvre deler er det oppslag av platanlønn og gråor, som kan bli verta vanskeleg å halda unna. Av andre tre- og buskslag finst bjørk, bustnype, einer, hassel, hegg, rogn og svartor. I beitemarkene er det m. a. ein god del engkvein og sølvbunke.

*Kulturpåverknad:* Både i 1996 og 1999 gjekk det hestar på beite i området. Desse sørgjer for eit høveleg beitetrykk, og trakkar ned ein del busker. Det vart observert litt trakkskader og skrensespor.

*Artsfunn:* Det vart funne 60 planteartar, av desse 17 naturengplanter. Dette er eit relativt høgt tal, men det var likevel for det meste vanlege artar som blåklokke, geitsvingel, gulaks, harerug, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, smalkjempe og småengkall. Elles vart det funne nyresoleie, skoggråurt og fagerperikum. Det vart funne 14 artar av beitemarkssopp, av desse 8 vokssoppartar (28 artspong). Dette er relativt høge tal. Her bør nemnast dei sårbare artane raud honningvokssopp (*Hygrocybe splendidissima*), røykkøllesopp (*Clavaria fumosa*) og limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*). Elles vart det funne skarlagenvokssopp (*Hygrocybe punicea*).

*Prioritering:* Lokaliteten blir plassert i kategori A (svært viktig) på grunn av tilstand (godt beita), artsriksdom og forekomst av tre beitemarkssopp som står som sårbare på raudlista.

### Skjøtsel og hensyn

Det er positivt at området blir beita. Dersom ein vil ta vare på landskapet, bør ein likevel gå inn med massiv rydding av gråor og platanlønn. Platanlønna bør ein prøva å fjerna heilt. Dette er ein innført art som er svært konkurransesterk i kyst- og fjordstrok, og som trugar med å utkonkurrera dei treslaga vi har frå før i solrike lier.

## Hoem: Kinna (naturbeitemark)

|                          |                     |
|--------------------------|---------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-322            |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 482-486, 788-790 |
| <b>Høgde over havet:</b> | 200-260 m           |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap      |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark      |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)          |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing           |
| <b>Undersøkt:</b>        | 03.10.1999, JBJ     |

### Områdeskildring

*Generelt:* Kinna ligg i øvre del av dalføret som går vestover frå Hoem. Dette er eit gammalt bruk som no blir bruka til hestebeite. Lokaliteten vart berre overfladisk undersøkt, berre ei natureng ved husa vart oppsøkt.

*Vegetasjon:* Innmarka har mykje sølvbunkeeng og innslag av engkvein-gulakseng og blåbærlyng i kantane.

*Kulturpåverknad:* Det gjekk hest på beite i området (1999). Innmarka er i stor grad tidlegare overflatedyrka eller fulldyrka mark.

*Artsfunn:* Det vart funne 5 naturengplanter. Det vart funne 3 artar av beitemarkssopp, av desse 2 vokssoppartar (6 artspong). Her kan nemnast den hensynskrevande arten lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*) (eitt av ca. 20 funn i Norge).

*Prioritering:* Etter eigne kriteriar (justeringar av DN-handboka) hamnar lokaliteten i kategori B.

### Skjøtsel og hensyn

Det er positivt at bruket blir beita av hest. Dette motverkar attgroingsprosessane.

## Hoem: Svanavollen (naturbeitemark)

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-323   |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 475-476, 785  |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 260-270 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap   |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark   |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing  |
| <b>Undersøkt:</b>        | 17.09.1996, JBJ, 18.10.1996, GGa & JBJ (Jordal & Gaarder 1997),<br>03.10.1999, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Svanavollen ligg på austsida av Reinsfjellet, på ei lita høgd inst i dalføret langs Hoemselva, med Kinna som næraste nabo. Staden er nemnt som gard alt på slutten av 1500-talet, men vart aude frå 1699. I 1645 fødde dei 2 hestar, 12 vaksne kyr, 3 kviger, 12 sauer og 12 geiter. Dette er altså opprinneleg ein markagard. Etter 1701 har Svanavollen vore seter for 5-6 gardar. Derfor er det også mange hus her i dag. Setringa tok slutt i 1945 (kjelde: Gards- og ættesoge for Tingvoll, band 1).

*Vegetasjon:* På det som i dag er open setervoll er det ein god del einer og lyngmark i nedre del. På vollen elles er det mykje engkvein- og gulaks-dominert vegetasjon, og noko sølvbunkeeng. Det blir slått rundt nokre av seterhusa, elles er vollen beita av streifande sauer. I omgjevnadene finst planta gran, elles ein del fattigmyr og lauvskog.

*Kulturpåverknad:* Beiting.

*Artsfunn:* Det vart funne 49 planteartar på vollen, av desse 8 vanlege naturengplanter. Det vart funne 11 vanlege artar av beitemarkssopp, av desse 5 vokssoppartar (12 artspong). Den hensynskrevande arten glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*) vaks her.

*Prioritering:* Etter eigne kriteriar (justeringar av DN-handboka) hamnar lokaliteten i kategori B.

### Skjøtsel og hensyn

Det er ønskeleg å halda vegetasjonen ved like. Den enklaste måten å oppnå dette på er ved framhaldande beiting, tynning av einer og litt rydding av buskar og tre i kantane.

## Osmarka: Aspåsmyran (intakt låglandsmyr)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-365 (Naturbasen 1557-77-1)                               |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 481-507, 709-732   |
| <b>Høgde over havet:</b> | 125-140 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | Myr   |
| <b>Naturtype:</b>        | intakt låglandsmyr, rikmyr                                    |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | ingen kjente (naturreservat)                                  |
| <b>Undersøkt:</b>        | Gjerde (1975), Folkestad (1978), Moen (1984), 15.09.1999, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Naturbasen: "Skogsmyrkompleks med hekkande våtmarksfugl. Austleg fuglefauna det ikkje er maken til i fylket med kvinand, trane, gluttsnipe og grønstilk registrert hekkande. Av vernereglane kjem det mellom anna fram at det er forbod mot all ferdsel i området i perioden 1.5-31.7. Variert myrområde med planmyr, flatmyr, bakkemyr, øyblandingsmyr og strengmyr i veksling. Myrane er oppsplitta av fuktskogar med furu og lauvkratt. Fattig myrvegetasjon dominerer, innslag av rikmyr med gulstarr og breiull. Området må sjåast i samanheng med Heggemsvatnet/Holåvatnet."

Moen (1984): "Store myrer i brei dal på begge sider av Angvikelva. Flatmyr, planmyr og bakkemyr (til 15° helling) dominerer. Det finst og fleire elementsamlingar med øyblandingsmyr og strengmyr (med lausbotn, flark i veksling med mattestrenger). Overgangstypar myr- fuktskog dekkjer store areal."

*Vegetasjon:* Moen (1984): "Fattigmyr dominerer, men også ombrotrof og intermediaer vegetasjon er vanleg. Små areal har rikmyr. I ombrotrof tuevegetasjon dominerer heigråmose (*Racomitrium lanuginosum*), medan kysttorvmose (*Sphagnum imbricatum*) og rusttorvmose (*S. fuscum*) er vanlege artar. I veksling med tuvevegetasjon er lausbotn vanleg. Fattigmyrene har trivielle samfunn der artar som pors, kløkkelyng, rome og blåtopp er mellom dei vanlegaste. Intermediære mjukmattesamfunn finst i flarkar. I nord finst og flekker med rik bakkemyr der gulstarr og breiull inngår.

Eigne undersøkingar: (15.09.99 JBJ) Myrane vart undersøkt for å vurdere dagens tilstand i tilfelle kommunal overtaking av forvaltninga, og for m. a. å dokumentera dei botaniske kvalitetane i ferskvatn. I tjønner og pyttar ute på myra vart det funne kvit nøkkerose, flotgras, elvesnelle, krypsiv, sump- eller mjuksivaks (nådde ikkje tak i det), grastjønnaks, vanleg tjønnaks, kysttjønnaks og småpiggnopp. Angvikelva er nokså stilleflytande med lite fall over Aspåsmyrane. I vassdraget veks m. a. kvit nøkkerose, flotgras, krypsiv og tjønnaks. Langs breidda er det m. a. strandrøyr, sølvbunke, vendelrot, sløkje, skogburkne og skogrøyrkvein. Kantskogen består dels av gråor og bjørk med innslag av øyrevier. Åbakkelva har ein flommarksskog av gråor som dels inngår i reservatet.

*Kulturpåverknad:* Moen (1984): "Elva og vatna i dalbotnen var tidlegare oppdemt (nedbygd 1965, opplysning Jan Flemseter). Myrene vart tidlegare nytta som slåttemyr. I nord er det

dyrka betydelege areal med myr, og dyrkingsfelta har sig ned til myrene i dalbotnen. I sør er det eit forsøksfelt for bartreplanting og her det utført omfattende grøfting."

*Artsfunn:* Av regionalt mindre vanlege myrartar som vart funne på disse myrene, kan nemnast: blystorr, kvitmyrak, brunmyrak, sivblom, fløyelstorvmose (*Sphagnum molle*), heitorvmose (*S. strictum*). Arnfinn Skogen (medd. Fylkesmannen i Møre og Romsdal) skal ha funne brunskjene, myggblom og nøkkesiv. Det er observert 11 augnestikkarartar, noko som er relativt mykje (kjelde: Hans Olsvik).

*Eigne undersøkingar:* I tillegg til artane nemnt av Moen (1984) vart det i myr funne myrkråkefot og strengstorr. Av fugl vart det observert 1 hegre, 15 krikkender, 15 stokkender og fleire enkeltbekkasinar.

*Prioritering:* Lokaliteten blir verdsett til A (svært viktig) på grunn av at dette er ei stor og velutvikla, relativt intakt låglandsmyr med ein del regionalt sjeldne planter, innslag av rikmyr og svært viktig funksjon for våtmarksfugl med vekt 4 og 5, som dels også er regionalt sjeldne (DN 1996). I tillegg er det påvist rik fauna av augnestikkarar.

### Skjøtsel og hensyn

Forvaltninga vil i stor grad vera regulert av verneforskriftene. Det kan vera ønskeleg med ei oppsynsordning.

## Osmarka: Duskardbekken (rikmyr)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-324 (Naturbasen 1557-14-0)                     |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                                     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | ED: MQ 384-409, 710-736                             |
| <b>Høgde over havet:</b> | 200-797 m.  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | Myr (kulturlandskap)                                |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr (slåttemyr)                                  |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | ingen kjente  |
| <b>Undersøkt:</b>        | 06.07.1979, JIH (Holten 1979), egne obs. 08.10.1999 |

### Områdeskildring

*Generelt:* Jarle I. Holten har befart eit større myrområde sør og aust for fjellet Duå på Osmarka. Deler av det området han omtalar ligg i Molde. Duåskarbekken dannar eit dalføre opp til Duskaret, som fører over til Skeisdalen og Øre. Både Holten og underteikna har besøkt Hanasetmyrene, som ikkje blir prioriterte her.

*Vegetasjon:* Området har store areal med fattige/intermediære bakkemyrer og fuktskog. Underteikna har konstatert det same på m. a. Hanasetmyrene. Dei har eit tydeleg kystpreg med stort innslag av øyrevier, rome, klokkelyng, pors og kystmyrklegg. Deler av desse myrene har vore slått, og det står framleis ei stakkstong som markerer dette. Mest interessant biologisk sett er rikmyrer langs Duskarbekken oppover frå kote 240 meter.

*Kulturpåverknad:* Svakt/moderat sauebeite, traktorveg. Myrene ved Duskardbekken har truleg vore verdifulle som slåttemyr tidlegare. Det er oppsett informasjonsplakatar i området som fortel om ulike sider av kulturpåverknaden i eldre tid. Ei informasjonstavle på Duålisetra fortel at myrene i området vart slått og sett i stakk. Fjellslåtten i området til Duålisetra var totalt 70 lass i 1863.

*Artsfunn:* Av regionalt mindre vanlege myrartar som vart funne på disse myrene, kan nemnast kystblåfjør, myrkråkefot og sveltull. Myrene langs Duaskardbekken frå Duaskardet ned til

240 meter er artsrike og interessante og Holten observerte fleire hundre eksemplarer av den regionalt sjeldne og næringskrevande orkidéen engmarihand. Etter Surnadal og Rindal har truleg Gjemnes dei viktigaste bestandane i fylket av denne arten. Saman med engmarihand vaks ei rekkje andre krevande planter, t.d. gulstorr, loppestorr og breiull. Den austlege arten klubbestorr vart funnen ein stad. Denne arten er sjeldan på Vestlandet.

*Prioritering:* Lokaliteten blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det er rikmyr i området.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det bør ikkje gjerast fysiske inngrep i rikmyrene langs Duskardbekken. Rindal bygdemuseum held den gamle myrslåtten i hevd på eit mindre område i Fossdalen der dei og har sett høyet i stakk, og Universitetet i Trondheim har eit forskningsfelt der det blir drive myrslått i Tågdalen på Nordmarka (Surnadal, Moen 2000). Dette med myrslått kunne kanskje vera ein idé å ta opp att i mindre målestokk t. d. langs Duskardbekken. No når slåttardag på Duålisetra er etablert, er det ikkje utenkeleg å utvida dette med litt myrslått, til lærdom for dagens oppveksande slekt. Ein kunne t. d. slå eit mindre område annakvart år, eller ha to område slik at ein slår eitt av dei kvart år. Moen (2000) konstaterer at det blir meir orkidéar på rikmyrer som blir slått på tradisjonelt vis. Orkidéane er eit vakkert syn når dei blomstrar, og fleire burde få nytta dette synet.

## **Osmarka: Duålia (gammel furuskog)**

|                          |                      |
|--------------------------|----------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-325             |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll      |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 396-401, 726-730  |
| <b>Høgde over havet:</b> | 350-400 m            |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | Skog                 |
| <b>Naturtype:</b>        | gammelskog           |
| <b>Prioritet:</b>        | C (lokalt viktig)    |
| <b>Mulege truslar:</b>   | hogst, treslagskifte |
| <b>Undersøkt:</b>        | 08.10.1999, JBJ      |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg på austsida av Duskardbekken opp mot Duskardet, i sørvestvendt li.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er lysopen blandingsskog med lauvtre og furu, dels med blåbærvegetasjon, dels med meir gras/urterik vegetasjon. Mykje av området har høg bonitet, med ein vegetasjon beståande av sølvbunke, skogstorkenebb, tepperot, mykje smørtelg, elles marikåpe, firkantperikum m.m. Området har ein del gammel furu, mellom anna del kjente Stortolla. Det er fleire furutre med stammediameter rundt 1 meter i brysthøgde. Stortolla er 5,98 meter i omkrets ved brysthøgde (informasjonstavle), men deler seg raskt i fleire stammer oppover.

*Kulturpåverknad:* Dette er tidlegare slåtteliet som truleg vart slått fram til 1940-talet, og det blir i dag streifbeita av sau. Vegetasjonen har eit artsinventar som tyder på kulturpåverknad, og har truleg vore godt egna til slått (gras/urterik). Det er få spor av tømmerhogst i området, men lauvskogen har nok vore nytta til ved i samband med setringa, som opphøyrt i 1945 (sjå omtale under Duålisetra). Grunnen til at skogen her er gammel, kan ha noko med at den i over 150 år har vore ått av ein gard ved Batnfjorden, som truleg har hatt lettare tilgang på anna tømmer nærare garden. Nærast Dualisetra er det eit større område med einsaldr, yngre bjørkeskog med undervegetasjon av sølvbunke, engkvein, firkantperikum og marikåpe, og

med ein del spreidd einer. Dette tyder på at her har vore open slåtte/beitemark. Dette området er ikkje med i det avgrensa furuskogsområdet.

*Artsfunn:* Det vart ikkje gjort særleg interessante artsfunn. Nokre meir vanlege knappenåslavar vart funne på daud ved.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til C (lokalt viktig) på grunn av forekomst av gamle furutre. Lokaliteten når ikkje opp i kategori B (viktig) fordi det ikkje er påvist indikatorartar på kontinuitet.

### **Skjøtsel og hensyn**

Dei store furuene som finst her er til glede for folk som ferdast i området og bør få stå. Eventuell vedhogst bør ikkje laga for store flater. Ein bør unngå treslagskifte. Det beste er å unngå hogst i området.

## **Osmarka: Duålisetra (naturbeitemark)**

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-326   |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 403 726   |
| <b>Høgde over havet:</b> | 350-380 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap   |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark   |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing  |
| <b>Undersøkt:</b>        | 17.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997) og 08.10.1999, JBJ. |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Duålisetra ligg fritt til i ein solvendt bakke aust for fjellet Duå på Osmarka. Duåskarbekken dannar eit dalføre opp til Duskaret, som fører over til Skeisdalen og Øre. Duålisetra ligg i dalsida på nordaustsida av bekken (feilaktig kalla Heggemssetra på M711-kartet).

*Vegetasjon:* Setervollen har dels tørr og dels frisk fastmark. Beitetrykket er lågt, og grasets veks nokså høgt. Mykje av vollen er utmagrande sølvbunkeeng med mykje mose og smalkjempe, men det er og litt blåbærdominert hei, og i øvre og nedre deler ein del gras- og urterik engkvein/gulaks-eng. Det vart teke ei ruteanalyse på 10x10 meter i nedre del av vollen, og her dominerte sølvbunke, engkvein, gulaks og tepperot. Ruta inneheldt 25 planteartar, av desse 10 naturengplanter (Jordal & Gaarder 1997). Dette er eit vanleg resultat på kalkfattige setervollar. Eit større område rundt setra har einsaldr, yngre bjørkeskog med undervegetasjon av sølvbunke, engkvein, firkantperikum, marikåpe og spreidd einer. Dette tyder på at her har vore open slåtte- og beitemark i tidlegare tider.

*Kulturpåverknad:* Setervollen vart rydda og seterhus oppsett av John Neergaard i 2. halvdel av 1800-talet (han kjøpte eit område på 1560 dekar i 1847 ifølgje informasjonstavle ved setra). Matrikkelen frå 1863 fortel om berre fjellslått (avling 70 lass) og beiting, inga setring. Rundt århundreskiftet vart det setra med rundt 30 kyr og 50 geit, dyra kom frå fleire stader, m. a. Frei. Geitehaldet tok slutt i 1928, setringa i 1945. Myrane vart slått og sett i stakk. Fjellslåtten tok også slutt i 1940-åra (kjelde: Gards- og ættesoge for Gjemnes, bind 1). Etter den tid har her berre vore streifbeiting. Også i 1999 beita det sau her.

*Artsfunn:* Det vart funne 55 planteartar, av desse 15 naturengplanter (relativt høgt). I dei gras- og urterike naturengene vaks m. a. heiblåfjør, marinøkkel, aurikkelsvæve, hårsvæve og mykje smalkjempe. Funn av marinøkkel var uventa, denne arten er uvanleg i lågare strok og ut mot

kysten i dag. Marinøkkel er ei merkeplante på gammel og artsrik kulturmark. Det vart funne 12 artar av beitemarkssopp (18 artspoeng), av desse 10 vokssopp-artar, noko som er relativt bra for ein setervoll av denne typen. Her kan nemnast den sårbar limvokssoppen (*Hygrocybe glutinipes*) og den hensynskrevande arten skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*).

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av artsrikdom og artsutval.

Lokalitetar med artar i kategori sårbar på raudlista skal strengt tatt plasserast i kategori A, men limvokssopp kjem til å bli fjerna frå raudlista ved neste revisjon, slik at dette ikkje er tatt omsyn til.

### Skjøtsel og hensyn

Sitat frå Jordal & Gaarder (1997): "Duålia kan vera ein aktuell stad for etablering av ein tradisjon med slåttardag på ettersommaren (sist i juli eller først i august), der t. d. bygdeungdomslag eller bondelag slår heile eller deler av vollen med ljå, slik som på Vaulen (Nordmarka) i Surnadal. Det er i så fall viktig at graset blir raka bort. Eit lag som tek på seg slått bør kunne få tilskot sidan lokaliteten har registrerte biologiske verdiar, og elles har kulturhistorisk interesse. Ein slik dag kan og innehalda mykje anna som har med lokal kultur og identitet å gjera."

I 2000 vart det gjennomført ein slåttardag, og det er å håpa at dette blir ein tradisjon. Det er ønskjeleg med slått og beiting også i framtida.

## Osmarka: Fosterlågen (ferskvatn)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-329 (Naturbasen: Storelva/Fosterlågen 1557 - 80 - 1)                         |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 417-459, 680-709   |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 100 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | Ferskvatn   |
| <b>Naturtype:</b>        | Andre viktige forekomstar (låglandsvatn)  |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig) (gjeld først og fremst delområda Duneset og utløpsosen)                |
| <b>Mulege truslar:</b>   | Forureining, fysiske inngrep.   |
| <b>Undersøkt:</b>        | Gjerde (1975), Folkestad (1978), NOU (1991, 12 A, 12B), 15.09.99 og 29.09.99, JBJ |

### Områdeskildring

*Plassering m.m.:* (Frå Naturbasen): "Vassdraget er eit låglandsvassdrag. Dalføret er slakt og vidt, og er dominert av to store vatn, Osvatnet og Fosterlågen. Gneis er dominerande bergart. Det ligg mektige løsmasseavsetningar i dalføret, hovudsakleg bunnmorene, samt ei rekkje moreneryggjar på tvers av dalføret. Naturen langs vassdraget består av store skogmyrområde. Vegetasjonen er dominert av langstrakte myrdrag med glissen furuskog i dalbotnen, mens dalsidene har tettare skog med både furu og bjørk. Det er knytta store botaniske og ornitologiske interesser til myrene og våtmarkene. Vassdraget er ei viktig lakseelv i Romsdal. Det er gjort ein del inngrep i enkelte av områda i nedbørfeltet."

*Vegetasjon:* Sjå omtale under delområde.

*Kulturpåverknad:* Sjå omtale under delområde.

*Artsfunn:* Sjå omtale under delområde. Gjerde (1975) oppsummerer fugleobservasjonar frå 1975, og Stokke & Gjeldnes (1998) har ytterlegare ein del informasjon om fuglelivet.

*Verdsetting:* Sørvestre del av Fosterlågen blir verdsett til B (viktig) hovudsakeleg på grunnlag av forekomst av vassfugl (DN 1996). Det er vidare eit relativt stort, velutvikla og på mange

måtar intakt låglandsvatn og vassdrag. Soleinøkkerose er ein regionalt sjeldan planteart ved Duneset. Vidare finst godt utvikla ferskvassvegetasjon både ved Duneset og i utløpsosen.

### **Skjøtsel og hensyn**

Vassdraget vart varig verna mot kraftutbygging 01.04.93. Fleire observasjonar tyder på ei viss forureiningsbelastning. Det mest aktuelle synest å vera ei kartlegging av forureiningstilstanden, og ei vurdering av om ein bør gjera noko med dette.

### **Omtale av delområde**

Eigne undersøkingar vart utførte i Fosterlågen 15.09.99 og 29.09.99. Ein har her velt å omtala separat fleire ulike delområde. Dette er gjort dels fordi dei ulike områda har ulik flora. Dei delområda som ikkje blir prioriterte etter DN-handboka, er tatt med fordi kommunen har bedt underteikna om å observera og vurdere forureiningssituasjonen i Fosterlågen.

### ***Duneset***

Prioritert dellokalitet

(28.09.1999). Sjå også omtale av flommarkskogen lenger opp frå vatnet. Ved utløpet av Duelva er det ein relativt artsrik vegetasjon på elvegrus og sandet ferskvasstrand (blåtopp, kvitmaure, tiriltunge, blåkoll, myrfiol, tepperot, løvetann, raudsvingel, tågebær, blåknapp, myrmaure, fjelltistel, pors). I vatnet og våte deler av stranda fanst høgstorrump med flaskestorr, trådstorr og elvesnelle, elles evjesoleie, myrhatt, skogrørkvein, krypsiv, botnegras, kvit nøkkerose, soleinøkkerose, tjønnaks, rusttjønnaks, mannasøtgras, mjukt brasmegras og kanskje storblærerot (over 50 cm), og dessutan vart det funne ein del ertemuslingar. Det vart observert eit lite felt med nitrofil vegetasjon ved ei grøft noko nordafor elveutløpet: strandrøyr, mykje amerikamjølke, høymole, krypssoleie, mjødur, vendelrot og kjeldeurt. Sivsongar har vore observert i hekketida (1978, Stokke & Gjeldnes 1998).

### ***Utløpsosen***

Prioritert dellokalitet

(28.09.1999). I området ved utløpsosen er det mykje botnegras, elles sylblad, flotgras, truleg småtjønnaks, stivt brasmegras, tjønnaks, spreidd elvesnelle og flaskestorr-vegetasjon, krypsiv, tusenblad, dessutan vart det notert ferskvass-svamp. Det vart og sett ei myrsnipe på trekk. I utløpsosen er det ei låg demning på 1/2-3/4 meter. Det har vore flom som har gått rundt ein halv meter over denne demningen. I sjølve utløpsosen vart det notert mannasøtgras, skogrørkvein, strandrøyr, bekkeblom, amerikamjølke, myrmaure og bekkestjerneblom. Det var relativt mykje grønske i elva. Elva var litt forbygd eit godt stykke nedover. Ifølgje Gjerde (1975) er utløpsosen det viktigaste området for vassfugl i Fosterlågen.

### ***Utløpet av Sagelva***

Ikkje prioritert dellokalitet

(28.09.1999). Der Sagelva renn ut i Fosterlågen er det laga ny veg og grave ein del i strandsona. Her vart det notert brønnkarse, skogkarse, amerikamjølke, strandrøyr, engsyre, knereverumpe og mjødur, dessutan ein vasshår-art, truleg sprikjevasshår. Det vart observert eit kvitt belegg på steinane i strandsona, på same måte som oppe i Sagelva, ca. 15-20 cm over vasstanden på dette tidspunktet. Ein del grønske låg og flaut i stranda, og vaks i elva og på grunt vatn i vatnet. Mange av dei artane som er noterte er gjødseltolerante og nitrofile, og grønske og lyst belegg (inntørka grønalgar) tyder på forureining. I sum tyder desse observasjonane på ei viss forureining, men dette må undersøkast grundigare med andre metodar. Prøvar innsendt av kommunen frå Fosterlågen er analysert av NIVA: det blir

karakterisert som "meteorpapir", inntørka grønalgar av slekta *Oedogonium* (Olav Skulberg, NIVA, i brev av 11.10.1999). I mindre mengder treng ikkje dette indikera forureining. Store mengder grønske saman med nitrogenindikerande planter tyder likevel på forureining på det aktuelle tidspunktet.

### ***Utløpet av Kjerringelva***

Ikkje prioritert delokalitet

(15.09.1999, 28.09.1999). I nordaustenden ved utløpet av Kjerringelva besto botnen og strendene av grus og sand utan nemnande vegetasjon (iserosjon?). Vatnet var på dette tidspunktet ca. 1,70 meter under høgaste flommerke (gammal flostreng av rask). Det vart observert botnegras i vatnet. Kjerringelva hadde i nedre deler kantskog av gran, furu, bjørk og gråor, og kantvegetasjon av trollhegg, pors, sølvbunke, blåtopp, gullris, hengeveng, blåknapp, vendelrot, engsoleie, engkvein. Elveløpet er av grus og stein. Det var ubetydeleg begroing å sjå.

### ***Sandnes og Åneselva***

Ikkje prioritert delokalitet

(28.09.1999). Dette området har slakt hellande strender av sand og grus. Det var relativt mykje grønske i stranda på denne strekninga. I stranda ved Sandnes og Åneselva vart det notert vassvegetasjon med flotgras, tjønnaks, tjønngras, botnegras og krypsiv. Elles vart det observert kvinand og fossefall.

## **Osmarka: Fosterlågen: Duneset (skog)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-330  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 424-428, 692-695  
**Høgd over havet:** 100-110  
**Hovudnaturtype:** Skog  
**Naturtype:** Gråor/heggeskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** fysiske inngrep, treslagskifte  
**Undersøkt:** 28.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Området ligg på vestsida av Fosterlågen, og er danna av Duelva der den renn ut i Fosterlågen.

*Vegetasjon:* Utløpet av Duelva i Fosterlågen dannar eit deltaområde (Duneset) med leddrenerte grus- og steinmassar. Området har mykje gammal og frodig lauvskog og ein frodig undervegetasjon, dels av høgstauder. På dei mest fukt- og flompåverka partia er gråor dominerande, men det finst og mange andre treslag. Det vart funne bjørk med stammediameter over 30 cm, dessutan grov gråor og rogn. Elles vart det funne furu med stammediameter over 0,5 meter. Dette er biologisk sett truleg det finaste eksemplet på flommarksskog i kommunen. Det finst også ein del daud ved, og truleg har dette funksjon både for sopp, mose, lav og hulerugande fugleartar. Undervegetasjonen var dominert av store bregner (skogburkne) og høgstauder. Elva er lite begrodd.

*Kulturpåverknad:* Litt hogstspor, men hovudsakeleg eldre skog. Planta gran på vestsida.

*Artsfunn:* Høgstaudevegetasjonen besto av mjødur, bringebær, skogstorkenebb, sølvbunke, skogrørkvein, skogstjerneblom, sløkje, vendelrot, kvitmaure, gullris, strandrøyr og engsyre.

Ingen uvanlege artar vart funne. Duneset er m. a. det eine av to kjente hekkeområde for gråspett i kommunen (Stokke & Gjeldnes 1998).

*Verdsetting:* Lokaliteten får prioritet B særleg på grunn at det er ein velutvikla flommarkskog (gråor-heggeskog) med ein del gamle tre, noko daud ved, og på grunn av hekking av gråspett, som står som hensynskrevande på raudlista.

### **Skjøtsel og hensyn**

Denne flommarkskogen har ein viktig funksjon både for plante- og fugleliv. Plukkhogst eller ingen hogst vil best ivareta dei biologiske verdiane området.

## **Osmarka: Heggemsvatnet-Holåvatnet naturreservat**

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-331 (Naturbasen: 1557 - 9 - 0)  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 438-474, 722-733  |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 140-160 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | ferskvatn  |
| <b>Naturtype:</b>        | rike kulturlandskapssjøar  |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>   | forureining  |
| <b>Undersøkt:</b>        | Gjerde (1975), Folkestad (1978), Stokke & Gjeldnes (1998), Olsvik (1996a), 15.09.1999, JBJ |

Naturbasen: "Vassdrag med hekkande våtmarksfugl. To vatn og fleire småtjønner i eit landskap prega av skogsmyr og småvaksen furu- og ospeskog. Naturen og fuglefaunanen er av austleg type, noko hekking av grønstilk, gluttsnipe, kvinand og småspove vitnar om. I tillegg er den sjeldne storlomen registrert hekkande med to par. Området må sjåast i samanheng med Aspåsmyran."

Gjerde (1975) oppsummerer fugleobservasjonar frå 1975, og Stokke & Gjeldnes (1998) har ytterlegare ein del informasjon om fuglelivet. Av hekkeartar kan nemnast stokkand, brunnakke, storlom, krikand, kvinand, vipe, raudstilk, gluttsnipe, grønstilk, strandsnipe, storspove, småspove, enkeltbekkasin, fiskemåse, raudnebbterne og sivsporv.

Området blir prioritert i kategori A (svært viktig) på grunn av funksjonar for vilt, særleg fugl (DN 1996). Elles førekjem regionalt sjeldne artar som soleinøkkerose og raudaugevassnymfe, og det er ein svært rik fauna av augnestikkarar.

Ein har her velt å omtala separert tre ulike delområde: Holåvatnet med nærliggjande tjønner, Heggemsvatnet og Junen. Dette er gjort dels fordi dei tre områda har litt ulik flora, noko som er undersøkt av underteikna. Vatnet vart undersøkt for å vurdere dagens tilstand i tilfelle kommunal overtaking av forvaltninga, og elles m. a. for å dokumentera dei botaniske verdiane.

### **Skjøtsel og hensyn**

Området er verna som naturreservat. Forvaltninga vil i stor grad vera regulert av verneforskriftene. Det kan vera ønskeleg med ei oppsynsordning. Som ein del av skjøtselen bør ein undersøka næringstilførselen og næringstilstanden i reservatet. Eit anna moment kan vera å følgja med om det foregår forstyrning i hekkesesongen.

### ***Delområde Heggemsvatnet***

**UTM (EUREF 89):** MQ 438-451, 723-733

**Høgd over havet:** 153 m

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Vatnet er verna som naturreservat. Vatnet er ca. 1 km langt i aust-vest-retning.

*Vegetasjon:* Vassvegetasjonen er dominert av trådstorrsump med noko elvesnelle og flaskestorr, og dessutan store sjøsvaksbelte. Sistnemnte er ikkje vanleg i distriktet, og tyder på god næringstilgang.

*Kulturpåverknad:* Noko næringstilførsel frå omliggjande areal.

*Artsfunn:* Mest spesielt er funn av augnestikkaren raudaugevassnymfe (*Erythromma najas*), som her har sin einaste funnstad i Møre og Romsdal og på Vestlandet (Olsvik 1996a). Arten er ikkje sett etter 1993 og må reknast som regionalt utryddingstruga (Olsvik 1999). I Heggemsvatnet er det observert ialt 12 augnestikkarartar, noko som er svært bra (kjelde: Hans Olsvik). I vatnet finst flytebladplanter som tjønnaks og kvit nøkkerose. I utløpsosen vart det også funne småpiggnopp, grastjønnaks, rusttjønnaks og kysttjønnaks. Av andre planter kan nemnast bekkeblom, skogrørkvein, pors, blåtopp, myrmaure, myrklegg, myrhatt, krypsiv, sump- eller mjuksivaks (ikkje nådd tak i), sverdlilje og fagerfredlaus (truleg frå hageavfall). Det er sett mykje vassfugl i vatnet hausten 1999 og våren 2000.

### ***Delområde Holåvatnet m.m.***

**UTM (EUREF 89):** MQ 457-474, 726-732

**Høgd over havet:** 145-158 m

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Delområdet ligg aust for vegen til Storlia.

*Vegetasjon:* I vestenden er det høgstorrsump med flaskestorr, elvesnelle og bukkeblad. I austre del er det også flaskestorrbelte.

*Kulturpåverknad:* Noko næringstilførsel frå omliggjande areal. Siktedjupet i Holåvatnet var rundt 1 meter. Sig frå dyrkajord i sørvest, med m.a. amerikamjølke, høymole, krypssoleie og markrapp (nitrofile planter, forureiningsindikatorar)

*Artsfunn:* (15.09.99 JBJ). Mest interessant var eit funn av soleinøkkerose på grunt vatn på sandbotn i austenden av Holåvatnet. Elles fanst det her flotgras (steril), tjønnaks, botnegras, grastjønnaks, krypsiv og kvit nøkkerose. I vestenden vart det funne sivblom. Det vart observert 6 krikender, 7 stokkender 1 storlom og 1 enkeltbekkasin.

Vatn ved Holåvatnet (MQ 461 731)

(15.09.99 JBJ) Vatnet er ein del av naturreservatet. Dette er ei grunn tjønn som er i attgroing. Mest dominerande er høgstorrsump med flaskestorr, trådstorr og elvesnelle, vidare finst ein del bukkeblad. Elles vart det notert kvit nøkkerose, krypsiv, myrhatt, og noko grønske i gjørma. Lenger inn på kanten var det mykje pors, duskull, myrmaure, brunmyråk, kornstorr, vanleg myrklegg, særstorr, grønstorr og litt breiull (rikmyrindikator).

Vatn v. vegen til Storlia (Litjvatnet) (MQ 458 729)

(15.09.99 JBJ) Vatnet er ein del av naturreservatet. Dette er ei også grunn tjønn som er i attgroing. Mest dominerande er frodig elvesnellevegetasjon i nord, aust og vest, og svært frodig bukkeblad/myrhattvegetasjon i vestenden. Noko flaskestorrvegetasjon i austenden. Kantkratt av svartvier vart observert.

## ***Delområde Junen***

**UTM (EUREF 89):** MQ 447-456, 722-728

**Høgd over havet:** 140-155 m

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Vatnet ligg på sørsida av vegen, og har tilførsel av vatn frå både Heggemsvatnet og Holåvatnet. Delområdet ligg aust for vegen til Storlia. Det er ein del av naturreservatet.

*Vegetasjon:* Vassvegetasjonen er dominert av flaskestorrsump med noko bukkeblad og myrhatt, og litt trådstorr og elvesnelle.

*Kulturpåverknad:* Litt næringspåverknad frå omliggjande område lenger oppe i nedbørfeltet. I Sagelva, som renn ut frå Junen, vart det observert begroing som kan tyda på periodevis næringstilførsel i meste laget.

*Artsfunn:* Det vart funne tjønnaks, sumpblærerot, klovasshår, grastjønnaks, kvit nøkkerose og kysttjønnaks. Langs breidda vart det vidare funne pors, mjødur, skogrøyrkvein, myrklegg, stjernestorr og strandrøyr. I det stilleflytande partiet av Sagelva i utløpet frå Junen finst vanleg tjønnaks, grastjønnaks, elvesnelle, klovasshår, tusenblad, kvit nøkkerose, flaskestorr, krypsiv og småpigknopp.

## **Osmarka: sørvest for Fosterlågen (myr)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-332

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 400-422, 655-685

**Høgd over havet:** 90-120 m

**Hovudnaturtype:** Myr

**Naturtype:** intakt låglandsmyr

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** fysiske inngrep

**Undersøkt:** 29.09.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dei undersøkte myrene ligg langs Storelva ved utløpsosen frå Fosterlågen og sørvestover ca. 1 kilometer. Myrområda strekkjer seg over eit større område enn det som vart undersøkt.

*Vegetasjon:* Myrene i området er dels fattige og dels ombrotrofe (nedbørsmyr). Tjønnan (dystrof myrtjønn MQ 419 680) var svært artsfattig, berre bukkeblad vart notert. Det var oppsett ein kvinandholk ved tjønna. Myrene rundt Tjønnan var fattigmyr og nedbørsmyr.

*Kulturpåverknad:* Det er drenert ein del i myrene sørover frå Tjønnan, på austsida av Storelva mot vegen som går på austsida av Fosterlågen.

*Artsfunn:* Det mest interessante funnet på denne myra var kvitmyråk. På myra vest for utløpsosen vart det notert mykje pors og blåtopp, rome, bjønnskjegg, elles, dvergbjørk, klokkelyng, slåttestorr røsslyng og torvull, elles sopparten myrhette (*Mycena megaspora*). I Tjønnan har det hekka kvinand, smålom og fiskemåse (Gjerde 1975, Stokke & Gjeldnes 1998). Myrene har bestandar av vadefuglar som vipe, raudstilk, storspove og småspove.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at dette er store og velutvikla låglandsmyrer. Artsrikdomen synest å vera låg, det er myrtypen og storleiken som her gjer utslaget i verdivurderinga.

### **Skjøtsel og hensyn**

Myrene bør ikkje drenerast eller tilplantast.

## Osmarka: Storelva

**Lokalitetsnummer:** 1557-333  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 396-407, 668-674  
**Høgde over havet:** 60-80 m  
**Hovudnaturtype:** Ferskvatn, skog  
**Naturtype:** gråor-heggeskog  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** fysiske inngrep, forureining  
**Undersøkt:** 29.09.1999, JBJ, 19.05.2000 GGa

### Områdeskildring

*Plassering:* Storelva startar ved utløpsosen frå Fosterlågen og slynger seg i slakt hellande terreng sørvestover. Ho renn først ca. 2 km i Gjemnes, deretter dannar ho for det meste kommunegrense mot Nesset eit par km til før ho renn ut av Gjemnes og blir kommunegrense mellom Molde og Nesset dei siste kilometra før utløpet i Osvatnet (Molde).

*Vegetasjon:* Skogen langs elva er dels gråor-heggeskog med ein frodig undervegetasjon, men det forekjem også ein del fattigare, lyngdominert skog. Dels er det innslag av rik lågurtskog i den sør- og austvendte terrassekanten.

*Kulturpåverknad:* I utløpsosen frå Fosterlågen er det ei låg, eldre demning, vidare er det utført ei mindre elveforbygging i øvre deler. Flommarksskogen er dels lite kulturpåverka, med ein del eldre tre og læger og daud ved. Enkelte mindre granplantefelt forekjem inntil elva fleire stader.

*Artsfunn:* Ifølgje Gjerde (1975) er både elva og kantskogen viktig, med fuglearter som fossekall, strandsnipe, sivspurv, og ei rekkje småfuglartar. Alm finst med eit par tre. Av lav forekjem lungenever og skrubbenever sparsamt. Størst interesse har skorpelaven langnål (*Chaenotheca gracillima*). Dette er ein noko austleg, flommarkstilknytt art som helst veks på morken gråor. På denne lokaliteten er arten funne på 2-3 gråorstubbar, og førekomsten her utgjer en sørvestleg utlaupar av dei rikare førekomstene frå Surnadal og oppover i Trøndelag.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av forekomst av gammal flommarkskog, og funksjon for viltet.

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør ikkje gjera fleire fysiske inngrep i eller langs elveløpet. Ein bør ikkje utføra treslagskifte i kantskogen.

## Osmarka: Åslitjvatnet (rikmyr)

**Lokalitetsnummer:** 1557-334  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 460-470, 700-715  
**Høgde over havet:** 110-160 m  
**Hovudnaturtype:** Myr  
**Naturtype:** rikmyr, intakt låglandsmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** drenering o.a. fysiske inngrep

**Undersøkt:** 22.06.1975 AM (Moen 1984), Gjerde (1975)

### **Områdeskildring**

*Plassering m.m.:* Myrområde i austenden av Fosterlågen. Flatmyr og planmyr på flat mark og bakkemyr i kantane. Det er ofte vanskeleg å setta grense mellom ombrotrof og minerotrof myr og mellom myr og fuktskog. Nokre av flatmyrpartia har tendens til strengstrukturar.

Avgrensinga er gjort på grunnlag av Moen (1984), området er ikkje oppsøkt av underteikna.

*Vegetasjon:* Fattig og ombrotrof vegetasjon dominerer. Intermediær og rik vegetasjon inngår. Dei ombrotrofe partia har mest like store areal kvar av typane: tuve, fastmatte, mjukmatte, lausbotn.

*Kulturpåverknad:* Ei stor grøft ned i tjønna frå nord, og grøftingar inntil lokaliteten i aust reduserer naturverdien.

*Artsfunn:* Av interessante arter: engmarihand, heiblåfjør, bjønnbrodd. Fuglelivet i dette området blir av Gjerde (1975) karakterisert som fattigare enn Aspåsmyrene lenger aust.

*Verdsetting:* Området blir verdsett til B (viktig) på grunn av at det finst rikmyr her.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje drenera og gjera andre fysiske inngrep.

## **Silsetfjellet: Gammelsetra (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-335  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 332-333, 703-705  
**Høgd over havet:** 360-400 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing  
**Undersøkt:** 19.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 03.10.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setrane ligg fritt til i sørhellinga på ei høgd aust for Silsetvatnet, 370-390 meter over havet. Det er fleire hytter i området.

*Vegetasjon:* Vollen har ein del sølvbunkeeng, finnskjeggdominerte parti, litt engkvein/gulaks-eng og litt blåbærhei.

*Kulturpåverknad:* Vollen er beita av storfe og streifande sauer.

*Artsfunn:* Det er funne 43 planteartar, av desse 13 naturengplanter. Heiblåfjør, aurikkelsvæve, harerug og smalkjempe var mellom desse. Det er funne 13 artar av beitemarkssopp, av desse 10 vokssopp (18 artspong). Det er særleg grunn til å trekkja fram den sårbare limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) og den hensynskrevande arten glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*).

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori B (viktig) på grunn av storleik og artsutval. Limvokssopp vil bli teken ut av raudlista, og er ikkje teken omsyn til i verdsettinga.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskjeleg at landskapet og vegetasjonen blir teke vare på ved beiting også i framtida. Det kan også vera aktuelt med fjerning av buskar og småtre i kantane.

## Silsetfjellet: Innergardssetra (naturbeitemark)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-336  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 339-342, 704-706   |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 400-420 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap  |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark  |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing   |
| <b>Undersøkt:</b>        | 19.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 03.10.1999, 08.10.1999, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Innergardssetra ligg i ei slak sørvendt li aust for Gammelsetra, og noko lenger frå Silsetvatnet. Det er seterhus og nokre hytter i området.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er nokså ueinsarta med litt sølvbunkeeng, noko grasmark med engkvein og kvitkløver, litt finnskjegg-eng, litt fukteng med trådsiv og stjernestorr, fattigmyr med bjønnskjegg og duskull, vidare steinutgardar med skogburkne rundt og noko blåbærlyng. Somme parti verkar litt nitrofile. Det er mykje engkransmose i botnen og lite strø, noko som tyder på bra beitetrykk.

*Kulturpåverknad:* Det synest å vera godt beitetrykk av hovudsakeleg storfe, men og streifande sauer.

*Artsfunn:* Det vart funne 51 planteartar, av desse 10 naturengplanter. Blant desse var heiblåfjør, harerug og småengkall. Det vart funne 17 artar av beitemarkssopp, mellom desse 10 vokssoppartar (23 artspong). Her kan nemnast dei hensynskrevande artane musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*) og glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*).

*Prioritering:* Lokaliteten er plassert i kategori B (viktig) på grunn av storleik og artsutval. To hensynskrevande artar vart funne.

### Skjøtsel og hensyn

Beitinga bør halda fram, og buskas og treoppslag bør ryddast etter kvart.

## Silsetfjellet: Stokkåsen (naturbeitemark)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-337  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide  |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 338 695  |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 360 m   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap                                      |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark                                      |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)                                    |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing   |
| <b>Undersøkt:</b>        | 19.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 08.10.1999, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Stokkåsen er ein gammal markagard som ligg i ei sørhelling aust for sørenden av Silsetvatnet, ca. 360 meter over havet.

*Vegetasjon:* Her finst noko sølvbunkeeng, ein del gulaks- eller finnskjeggdominert grasmark og litt blåbærlyng, beita av hovudsakeleg storfe. Aust for plassen finst eit gammelt granplantefelt, og elles er staden omkransa av lauvskog med m. a. bjørk, hegg og rogn. Det vart lagt ut ei 10x10 meters analyserute. Her dominerte engkvein, gulaks, kvitkløver, tepperot, smalkjempe, engsoleie, blåbær, myrfiol og sølvbunke. I ruta vart det funne 35 planteartar, av desse 11 naturengplanter og to seterplanter (fjellaugnetrøst og fjellmarikåpe), noko som er eit vanleg resultat på kalkfattige setervollar.

*Kulturpåverknad:* Beiting av storfe og streifande sau. Litt dårleg beitetrykk.

*Artsfunn:* Det vart funne 51 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 2 seterplanter. Her kan nemnast heiblåfjør (mykje), jonsokkoll, smalkjempe, småengkall og hårsvæve. Det vart funne 18 artar av beitemarkssopp, av desse 13 vokssoppartar (35 artspoeng). Dette er relativt høge tal. Her kan nemnast dei sårbare artane halmgul køllesopp (*Clavaria flavipes*) og limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) og dei hensynskrevande artane musserongvokssopp (*Hygrocybe fornicata*), skifervokssopp (*Hygrocybe lacmus*), gulfotvokssopp (*Hygrocybe flavipes*) og glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*). Halmgul køllesopp er heilt klart den sjeldnaste av desse.

*Prioritering:* Lokaliteten blir prioritert i kategori A (svært viktig) på grunn av funn av fleire soppartar som er oppført som sårbare på raudlista. Trass i ufullstendig datagrunnlag er det funne 6 raudlisteartar.

### Skjøtsel og hensyn

Streifbeiting fjernar ein del av produksjonen, men det er litt attgroingstendensar. Dersom det er råd å få til, kunne det vera positivt med låslått og fjerning av gras med visse års mellomrom. I tillegg kunne det vore fjerna noko greiner og rusk.

## Silsetfjellet: Torkilsbu (naturbeitemark)

|                          |                             |
|--------------------------|-----------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-228                    |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll             |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 348-350, 713             |
| <b>Høgde over havet:</b> | 500-520 m                   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap              |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark              |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)            |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing                   |
| <b>Undersøkt:</b>        | 23.08.1999, 08.10.1999, JBJ |

### Områdeskildring

*Generelt:* Torkilsbu er ein gammal setervoll oppå ei høgde sørvest for fjella Mana og Randa på Silsetfjellet, ca. 1 km aust for Innergardsetra ved Silsetvatnet.

*Vegetasjon:* Setervollen er av vanleg type med innslag av sølvbunkeeng, gulaks-engkvein-eng, litt oppslag av vier og småbjørk, og litt nitrofil vegetasjon ved husa. I lia nedanfor er det lysopen bjørkeskog med ein artsrik gras- og urterik undervegetasjon. Inventaret er dominert av firkantperikum, blåbærlyng og sølvbunkeeng m.m. I denne skogen er dei fleste bjørkene relativt unge og einsaldra.

*Kulturpåverknad:* Beiting av storfe og sau. Nedst mot elva vart det funne tufter etter ei løe. Lia nedanfor Torkilsbu er ei gammal slåtteli med relativt intakt vegetasjon frå den tida det vart slått her, ein av dei finaste utslått-restane i kommunen.

*Artsfunn:* Det vart funne 71 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 2 seterplanter. Her kan nemnast aurikkelsvæve, heiblåfjør, jåblom, kattedot, kornstorr og kvitmaure. Det vart funne 13 artar av beitemarkssopp, av desse 8 vokssoppartar (35 artspoeng). Dette er relativt høge tal. Her kan nemnast dei sårbare artane halmgul køllesopp (*Clavaria flavipes*) (eitt av ca. 15 funn i Norge), *Clavulinopsis cinereoides* (eitt av ca. 10-12 funn i Norge) og limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) og dei hensynskrevande artane lillabrun raudskivesopp (*Entoloma porphyrophaeum*) (eitt av ca. 25 funn i Norge), og glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*).

*Prioritering:* Lokaliteten blir prioritert i kategori A (svært viktig) på grunn av funn av fleire soppartar som er oppført som sårbare på raudlista. Trass i ufullstendig datagrunnlag er det funne 5 raudlisteartar.

### **Skjøtsel og hensyn**

Streifbeiting fjernar ein del av produksjonen, men det er attgroingstendensar med oppslag av busker m.m. Slåtteliene nedanfor er svært interessante fordi dei har att ein god del av det opprinnelege preget og artsinventaret frå tida som utslått. Dersom ein i Gjemnes skulle ta vare på ei gammal slåtteli med tradisjonelle metodar, kan det vera her eller i Duålia. Ut frå det biologiske inventaret er slåttelia ved Torkilsbu den finaste i kommunen.

## **Silsetfjellet: ved Silsethytta (rikmyr)**

|                          |                                 |
|--------------------------|---------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-339                        |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                    |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 327-329, 709-710             |
| <b>Høgde over havet:</b> | 300-320 m                       |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr                             |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr                          |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                      |
| <b>Mulege truslar:</b>   | fysiske inngrep (hytter, vegar) |
| <b>Undersøkt:</b>        | 19.09.1996, 23.08.1999, JBJ     |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Ved Silsetvatnet nær vegen bl. a. i nærleiken av Silsethytta er det fleire stader funne små flekker med rikmyr. Ca. 100 m nord for Innergardssetra ligg også ein flekk med rikmyr.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er bakkemyr med rike sig med ei rekkje kalkkrevande myrplanter og mosar.

*Kulturpåverknad:* Vegen avskjer noko av myrene.

*Artsfunn:* Ulike rikmyrartar som breiull, gulsildre, bjønbrodd, kornstorr, gulstorr, jåblom, særbustorr, myrfrytle, fjellfrøstjerne, engstorr, dvergjamne, myrsauløk, kvitmaure, hårstorr. Ein har høyrte rykte om at det skal vera funne engmarihand i området.

*Prioritering:* Området blir plassert i kategori B (viktig), fordi det er eit mindre område, men med eit godt artsutval.

Innergardssetra: Ulike rikmyrartar som breiull, gulsildre, bjønbrodd, kornstorr, gulstorr, myraugnetrøst, dvergjamne, myrfrytle og ei ubestemt marihand utan flekker på blada.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep som veg- og hyttebygging i rikmyrene.

## Silsetvatnet: Under Durmålhaugen (alm)

**Lokalitetsnummer:** 1557-340  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 323-325, 713-716  
**Høgd over havet:** 320-380 m  
**Hovudnaturtype:** skog  
**Naturtype:** rik edellauvskog  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** ingen kjente (høgt for treslagskifte)  
**Undersøkt:** 23.08.1999, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Lokaliteten ligg ved nordenden av Silsetvatnet. Dette er ei frodig sørvestvendt lauvskogslia under Durmålhaugen i høgdeintervallet 300-400 meter over havet.

*Vegetasjon:* I lia står spreidd alm. Undervegetasjonen er dels storbregner (skogburkne, ormetelg, smørtelg), dels høgstauder med relativt lite innslag av varmekjære artar. Det var vart registrert 7-8 almerøter med 20-25 stammar. Almene var stort sett små (5-30 cm i stammediameter) med varierende skade etter borknag av hjort (0-100% av stammeomkretsen fjerna), rundt ein tredel av stammene var daude eller døyande.

*Kulturpåverknad:* Litt hogstspor.

*Artsfunn:* Artsutvalet inneheldt ingen særleg sjeldne artar, men er typisk for høgareliggjande bratt lauvskog med alm i kommunen. Høgstauder: bringebær, sølvbunke, kvitbladtistel, sumphaukeskjegg, skogstorkenebb, strandrøyr, vendelrot, sløkje, skogsvinerot, brunrot, hundekveke, stornesle, gullris, skogrøyrkvein, hundekjeks, skogstjerneblom, kratthumleblom, geitrams, storklokke, myskegras. I meir lågurtprega vegetasjon: skogfiol, hengjeaks, myske, småmarimjelle, engsoleie, blåknapp, tågebær, tviskjeggveronika, markjordbær, gjerdevikke, liljekonvall. Almene hadde ein del påvekst av lungenever.

*Prioritering:* Dette er ein relativt dårleg utvikla gråor-almeskog, og vil etter eigne kriteriar (justering av kriteriar i DN-handboka, sjå metodekapitlet) hamna i kategori C (lokalt viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå treslagskifte, og almen bør ikkje hoggast. Gjenveksten av alm er dårleg på grunn av hjortebeiting.

## Storlandet: Nerlia-Sevikneset (svartor)

**Lokalitetsnummer:** 1557-341  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 285-294, 792-798  
**Høgd over havet:** 1-5 m  
**Hovudnaturtype:** skog  
**Naturtype:** rik sumpskog (svartorstrandskog)  
**Prioritet:** C (viktig)  
**Mulege truslar:** treslagskifte  
**Undersøkt:** 26.08.1997, JBJ

### Områdeskildring

*Generelt:* Området ligg på Storlandet i nordvestre del av kommunen, og er ei nord-nordvestvendt strand med slakt hellande terreng på oversida.

*Vegetasjon:* Svartor står her som ein smal strandskog over ei strekning på rundt 500 meter.

Stranda er grus- og steinstrand med triviell strandvegetasjon og svakt utvikla tangvollar.

Marka er fuktig med mjødukt, hestehov, sølvbunke, englodnegras, vendelrot og strandrøyr.

*Kulturpåverknad:* Ovafor strandskogen er det dels plantefelt, dels lauvskog og dels attgroande sølvbunkeeng.

*Artsfunn:* Lokaliteten var ganske artsfattig og det vart ikkje teke fullstendig planteliste.

*Prioritering:* Lokaliteten blir vurdert til C (lokalt viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Denne strandskogen har liten skogbruksmessig interesse, og bør kunne stå urørt.

## **Storlandet: Stokkedalen/Storåsen (kalkskog)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-342 (Naturbasen: del av 1557-70-5)

**Kartblad:** 1320 IV Eide

**UTM (EUREF 89):** MQ 334-338, 811-815

**Høgd over havet:** 250-450 m

**Hovudnaturtype:** skog

**Naturtype:** kalkskog

**Prioritet:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** treslagskifte

**Undersøkt:** Holten (1978)

### **Områdeskildring** (etter Holten 1978)

*Generelt:* De nedre delene av liene mellom Stokknoken og Stokkedalen, i høgderegionen ca. 250 - ca. 450 m, er svært frodige og floristisk rike, med mykje bjørk og gråor.

*Vegetasjon:* Store deler av skogliene er lauvskogar av høgstaudetype. Den viktigaste høgstaudplanten er mjødukt. Karakteristisk for artsinventaret er det store innslaget av relativt kalkkrevande artar. Skogtypen kan karakteriserast som kalkbjørkeskog. Aktuelle bergartar på Storlandet som kan forklara dette er gabbro, amfibolitt og glimmerskifer.

*Kulturpåverknad:* Beitetrykket er relativt dårleg (1978). Deler av lia har truleg vore skogfri av ein eller annan grunn. I dag ser ein ein omfattande attgroingsprosess, der gråor og bjørk representerer dei viktigaste treslaga.

*Artsfunn:* Mjødukt dominerer feltsjiktet saman med loppestorr, engstorr, sumphaukeskjegg og gulsildre. Andre interessante artar i mindre mengde er kvitkurle (underart ukjent), skogmarihand, stortviblad, hjartegras, grov nattfiol, gulstorr og raudsildre. Kvitkurle, hjartegras og stortveblad vart registrert i rike fuktenger. Hjartegras er i dag svært sjeldan i fylket vårt. Kvitkurle er sannsynlegvis av låglandsforma, som i så fall står som hensynskrevande på raudlista. Stortviblad er også ein sjeldan og kravfull orkidé.

*Prioritering:* Kalkskog med eit slikt artsutval er sjeldan i fylket. Dersom kvitkurle hadde vore sikkert bestemt til låglandskvitkurle (hensynskrevande på raudlista) ville dette automatisk ha gitt kategori A. Sidan lokaliteten synest å vera stor, velutvikla, og dessutan er regionalt svært sjeldan, tilfredsstillar han likevel krava til kategori A (svært viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Kalkskogar er sjeldne i vårt fylke. Området bør ikkje utsettast for treslagskifte eller større fysiske inngrep.

## Storlandet: Stokkedalen/Storåsen (rikmyr)

|                          |   |
|--------------------------|---|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-343 (Naturbasen: del av 1557 - 70 - 5) |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                                |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 329-338, 808-815                         |
| <b>Høgde over havet:</b> | 130-200 m                                   |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr   |
| <b>Naturtype:</b>        | rikmyr                                      |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                                  |
| <b>Mulege truslar:</b>   | fysiske inngrep                             |
| <b>Undersøkt:</b>        | Holten (1978)                               |

### Områdeskildring (Holten 1978)

*Generelt:* Lokaliteten ligg på nordsida av Stokkedalen på Storlandet. Avgrensinga er usikker, da underteikna ikkje har oppsøkt området.

*Vegetasjon:* I botnen av Stokkedalen finst eit større lynghei- og myrområde med eit stort utval av lynghei- og myrtypar. Fuktheiane er kanskje særleg interessante, sidan dei har ei stor forekomst av sørlege kystarter. Rikmyrer opptek mindre areal ned mot dalbotnen. Desse har også eit vestleg og oseanisk preg.

*Kulturpåverknad:* Området er i dei nedre delene grøfta og dels tilplanta med furu og gran. Elles er det store og fint utforma lynghei- og myrområdet intakt, når en ser bort frå at bjørka er i ferd med å etablere seg nokre stader.

*Artsfunn:* Dei viktigaste kystartane er: heiblåfjør, klokkeling, grov nattfiol, heisiv, heitorvmose og blåmose. Rikmyrindikatorar: loppestorr, svarttopp, bjønnbrodd, gulsildre, dvergjamne, engstorr, makkrose, brunklomose.

*Prioritering:* Slik området er skildra, tilfredsstillar det krava til kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå fysiske inngrep i rikmyrene.

## Storlandet: Øverlandsetra (naturbeitemark)

|                          |                   |
|--------------------------|-------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-344          |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide      |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 295 776        |
| <b>Høgde over havet:</b> | 210 m             |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap    |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark    |
| <b>Prioritet:</b>        | C (lokalt viktig) |
| <b>Mulege truslar:</b>   | attgroing         |
| <b>Undersøkt:</b>        | 23.09.1996, JBJ   |

### Områdeskildring

*Generelt:* Øverlandsetra ligg sør for Øverland i nordvestre del av kommunen, i dalføret mellom Harstadjellet og Storfjellet vel 200 meter over havet.

*Vegetasjon:* Området er prega av bjørkeskog og fattigmyrar. Ved setertuftene finst mindre areal med kulturpåverka engvegetasjon med engkvein, sølvbunke, engrapp, kvitkløver m.m. Litt ovafor setrane finst myrsig med ein del basekrevande artar. I området finst einsaldra, ung bjørkeskog som kan tyda på at landskapet har vore meir ope tidlegare.

*Kulturpåverknad:* Litt beiting.

*Artsfunn:* Det vart funne 75 planteartar, av desse 16 naturengplanter og 2 seterplanter. Dette er ganske høge artstal, men skuldast dels variert vegetasjon med myr, skog og kulturmark, og dels eit riksig ca. 100 meter innafor setrane med m. a. dvergjamne, kornstorr, loppestorr, gulsildre og særbustorr. Andre artar som kan nemnast er aurikkelsvæve, heiblåfjør, heisiv, knegras, smalkjempe og småengkall. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

*Prioritering:* Kulturlandskapet blir plassert i kategori C (lokalt viktig) på grunn av tilstand og artsutval.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskjeleg at beitinga held fram.

## **Torvik: Orsetsetra (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-345  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 433 797-799  
**Høgd over havet:** 280-300 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing  
**Undersøkt:** 04.10.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Setrane ligg oppa ein åsrygg aust for Torvikbukta.

*Vegetasjon:* Det opne området er relativt stort. Det er noko fukteng med myrtistel, knappsiv, sølvbunke og trådsiv, vidare ein del sølvbunkeeng og fattig myr omgjeve av blandingsskog.

*Kulturpåverknad:* Orsetsetra vart driven til 1952 (kjelde: Birgit Orset). Eit parti er inngjerda, og her har storfe beita.

*Artsfunn:* Det vart funne 48 planteartar, av desse 11 vanlege naturengplanter. Mellom desse var smalkjempe, kornstorr, heiblåfjør og knegras. Det vart funne 5 vanlege artar av beitemarkssopp.

*Prioritering:* Kulturlandskapet blir plassert i kategori C (lokalt viktig) på grunn av tilstand og artsutval.

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er positivt at området framleis blir beita, dette motverkar attgroing.

## **Torvik: Orsetsetra (rikmyr)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-346 (Naturbasen: 1557 - 98 - 10)  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (ED):** MQ 432, 797  
**Høgd over havet:** 200-220 m  
**Hovudnaturtype:** myr  
**Naturtype:** rikmyr  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** ingen kjente

**Undersøkt:** Holten (1978)

**Områdeskildring** (etter Holten 1978)

*Generelt:* Dette er ein lokalitet med rike bakkemyrer og rike fuktenger som ligg ca. 150 m sørvest for Orsetsætra ved Torvikbukta.

*Vegetasjon:* Rikmyrer og rike fuktenger vart konstatert, og dette er sjeldne plantesamfunn på Ytre Nordmøre.

*Kulturpåverknad:* Ein del beitepåverknad.

*Artsfunn:* Av planteartane kan nemnast breiull, engstorr, kornstorr, mjødur, enghumleblom, rome, svarttopp, gulstorr og heiblåfjør. Av mosar kan nemnast brunklomose.

*Prioritering:* Slik lokaliteten er skildra, tilfredsstillar han krava til B (viktig).

**Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje foreta fysiske inngrep i området.

## **Torvik: Ranem: Neshammaren (rik fjellvegetasjon)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-347 (Naturbasen: 1557 - 98 - 9)

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (ED):** MQ 44 8I

**Høgde over havet:** 310-380 m

**Hovudnaturtype:** fjell

**Naturtype:** rik fjellvegetasjon

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** ingen kjente

**Undersøkt:** Holten (1978)

**Områdeskildring**

*Generelt:* Lokaliteten ligg i nordhelling på nordsida av fjellet Nøssa aust for Torvikbukta.

*Vegetasjon:* Lokaliteten omfattar nordeksponerte berg og rasmarker.

*Kulturpåverknad:* Ingen kjent påverknad

*Artsfunn:* Dei vanlegaste artane var gulsildre, fjellsmelle, svartstorr, loppestorr, svarttopp, dvergjamne, bjønnbrodd, fjellfrøstjerne og fjelltistel. Elles vart det funne raudsildre, hårstorr, rukkevier, flekkmure og grønkurle.

*Prioritering:* Lokaliteten blir plassert i kategori B (viktig) på grunn av eit godt artsutval av kalkkrevande artar, men reinrose vantar.

**Skjøtsel og hensyn**

Ingen tiltak nødvendige.

## **Torvikbukta (strand)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-348

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 421 799

**Høgde over havet:** 0-1 m

**Hovudnaturtype:** havstrand

**Naturtype:** strandeng

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** fysiske inngrep  
**Undersøkt:** 03.07.2000, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ein liten rest av eit tidlegare større strandengområde ved utløpet av Torvikelva.

*Vegetasjon:* Mindre område mellom elva og idrettsplassen med blåtoppeng, raudsvingeleng og saltsiveng. Rukkerose har etablert seg.

*Kulturpåverknad:* Mesteparten av tidlegare strandenger er nedbygde (m. a. idrettsplass).

*Artsfunn:* Trivielt artsutval, t. d. strandkjeks, skjørbuksurt, fjøresauløk, hanekam, paddesiv, strandsmelle, saltsiv.

*Prioritering:* Sjølv om dette er ein liten rest, er naturtypen elvedelta/strandeng viktig, og restane blir prioritert i kategori B (viktig)

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje gjera fleire fysiske inngrep.

## **Torvikdalen: Reitan (alm)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-349 (Naturbasen: 1557 - 72 - 9)

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 44,75

**Høgde over havet:** 120-ca. 280 m.

**Hovudnaturtype:** skog

**Naturtype:** edellauvskog

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** treslagskifte

**Undersøkt:** Holten (1978)

### **Områdeskildring** (etter Holten 1978)

*Generelt:* Sør- og sørvesteksponert skogli nord for garden Reitan i Torvikdalen.

*Vegetasjon:* Lia har ei veksling mellom gråor-, alm- og hasseldominerte bestandar. Nedst dominerer høgstaude-gråorskogen med eit uvanleg frodig feltsjikt (høgstaudeutforming). Opp mot berget, ved ca. 200 m o.h., blir almeinnslaget gradvis større i tillegg til at flere typiske almeliarter kommer inn, som f.eks. hundekveke, storklokke og lundrapp. Ovafor alm/hasselbestandet står det lågurtbjørkeskog. Videre oppover er det bregnebjørkeskog og ved skoggrensa blåbærbjørkeskog. Heile denne lia er eit sjeldant godt døme på vegetasjonen i ei sørvendt nordmørslia. Bjørkeskogen er ikkje med i det avgrensa området.

*Kulturpåverknad:* Beiting og trakk er merkbar i nedre deler (1978).

*Artsfunn:* I berget ovanfor almebestandet veks den sjeldne oseaniske mosen *revemose* (*Thamnobryum alopecurum*, sjå Størmer 1969). I ei bergsprekk vart det funne lodneperikum, som er ein austleg art her i fylket. Av andre artar i skoglia kan nemnast ramsløk, skogkarse, nyresoleie og trollurt. Kulturindikatorplantar som lækjeveronika, tveskjeggveronika, sølvbunke og engsoleie vitnar om skogsbeiting.

*Prioritering:* Holten (1978): "Denne usedvanleg rike utforminga av almeskog og gråorskog med høgstaude, storbregner og ramslauk er sjeldan på Nordmøre. Det kan tenkjast at den gunstige berggrunnen ovanfor Reitan er årsak til den frodige vegetasjonen." Lokaliteten vil etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) hamna i kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Ein bør unngå treslagskifte. Alm bør ikkje hoggast.

## Torvikdalen: Haugbulia (alm)

|                          |                     |
|--------------------------|---------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-350            |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll     |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 430-433, 768-771 |
| <b>Høgde over havet:</b> | 120-220 m           |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog    |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)          |
| <b>Mulege truslar:</b>   | treslagskifte       |
| <b>Undersøkt:</b>        | 10.09.1997, JBJ     |

### Områdeskildring

*Generelt:* Det undersøkte området ligg rundt ein bergnase som går fram mot fylkesvegen til Torvikbukt, nokre hundre meter nordvest for Dalen. Det finst fleire flekkar med alm lenger nord, som ikkje er undersøkte.

*Vegetasjon:* Terrenget under berget var steinet, med ganske mykje alm, for det meste mindre tre under 20 cm i stammediameter. Andre tre- og buskslag var bjørk, rogn, hassel, selje, einer og hegg.

*Kulturpåverknad:* Litt hogstspor.

*Artsfunn:* Lavartane lungenever og skrubbenever fanst m. a. på selje. Varmekjære planteartar: hengjeaks, lundrapp, myske, hundekveke, trollbær, myskegras, firblad, vårerteknapp, kransmynte og svarterteknapp. Andre artar: skogsvinerot, liljekonvall, storklokke, strutsvegg, skogvikke, haremat og brunrot.

*Prioritering:* Dette er eit mindre almebestand, og vil etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) hamna i kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Almeforekomstane bør ikkje utsettast for hogst eller treslagskifte.

## Torvikvatnet (innsjø)

|                          |                                      |
|--------------------------|--------------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-351 (Naturbasen: 1557 - 28 - 0) |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 I Tingvoll                      |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 416-420, 782-785                  |
| <b>Høgde over havet:</b> | 91 m                                 |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | ferskvatn                            |
| <b>Naturtype:</b>        | andre viktige førekomstar            |
| <b>Prioritet:</b>        | C (lokalt viktig)                    |
| <b>Mulege truslar:</b>   | fysiske inngrep, forureining         |
| <b>Undersøkt:</b>        | 14.06.2000, JBJ                      |

### Områdeskildring

*Generelt:* Eit lite vatn i kulturlandskapet eit par km sør for Torvikbukt.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen i vatnet er berre vurdert med kikkert på avstand, men synest å vera typisk for næringsfattige til middels næringsrike låglandsvatn i regionen.

*Kulturpåverknad:* Verdien av vatnet er noko redusert etter at det har vore senka to ganger.

*Artsfunn:* Naturbasen: Vatnet er hekkeplass for ender. Beite- og rasteplass for m.a. songsvaner.

*Prioritering:* Torvikvatnet er ingen prioritert naturtype etter DN-handboka, men er vurdert å vera C (lokalt viktig), mellom anna ut frå funksjon for vassplanter og fuglefauna.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje gjera fleire fysiske inngrep i vatnet.

## **Øre: Rådalen (hasselskog)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-353 (Naturbasen: 1557 - 94 - 2)

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 379-383, 764-770.

**Høgd over havet:** 60-350 m

**Hovudnaturtype:** skog

**Naturtype:** rik edellauvskog (hassel)

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** treslagskifte

**Undersøkt:** Holten (1979)

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Vestvendt skogli på austsida av Skeisdalen.

*Vegetasjon:* Middelsrik hasselli med gråorskog nedst mot dyrka mark. Den sørvestvendte lia under Kammen er ei intermediær edellauvskogli dominert av hassel. I den nedre og slakke delen av lia, ved dyrkamarka, dominerer gråora som treslag, og her vantar den varmekjære urtefloraen.

*Kulturpåverknad:* Svakt beite og noko hogstpåverknad.

*Artsfunn:* Av interessante artar i denne lia bør nemnast kusymre, skogstorr og ramsløk, dei to sistnemnde med berre ein lokalitet kvar.

*Prioritering:* Dette skogområdet blir vurdert til B (lokalt viktig) basert på undervegetasjonen i skogen.

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra treslagskifte eller større fysiske inngrep.

## **Øre: Sjømælingfjellet (rik fjellvegetasjon)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-354 (Naturbasen: 1557 - 87 - 1)

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (ED50):** MQ 365 760

**Høgd over havet:** 400-610 m

**Hovudnaturtype:** fjell

**Naturtype:** rik fjellvegetasjon

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** ingen kjente

**Undersøkt:** 24.09.1979 (Holten 1979)

### **Områdeskildring** (Holten 1979)

*Generelt:* Den nordaustvendte delen av lia over skoggrensa ovanfor garden Sjømæling (MQ 365 760, ED50).

*Vegetasjon:* På eit relativt lite areal har ein her rike bakkemyrer og rikkjelder med fjellartar som er mest vanlege i sentrale fjellstrok.

*Kulturpåverknad:* Svak beitepåverknad.

*Artsfunn:* Dei mest interessante og sjeldne artane er tvillingsiv og fjellstorr. Kastanjesiv er neppe funne nærare kysten før i vårt fylke, men på denne lokaliteten er arten vanleg. Alle desse artane er kalkkrevande.

*Prioritering:* Lokaliteten tilfredsstillar kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ingen spesielle.

## **Øre: Sjømælingfjellet: Raudberget (olivin)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-352 (Naturbasen: 1557 - 87 - 1)

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (ED50):** MQ 360 752

**Høgde over havet:**

**Hovudnaturtype:** fjell

**Naturtype:** andre viktige forekomstar (olivin)

**Prioritet:** B (viktig)

**Mulege truslar:** ingen kjente

**Undersøkt:** 24.09.1979 (Holten 1979)

### **Områdeskildring** (Holten 1979)

*Generelt:* Nedlagt olivingruve sør for toppen av Sjømælingfjellet (Blånebb).

*Vegetasjon:* Vegetasjon på olivinstein, som er eit særprega miljø.

*Kulturpåverknad:* Spor etter tidlegare gruvedrift.

*Artsfunn:* Mineralet olivin har ein viss giftvverknad på dei fleste karplanter, men ei lita eksklusiv gruppe planter i vår flora tåler dette sterkt magnesiumhaldige mineralet. På Sjømølingsfjellet vart desse "magnesium"-plantene funne: grønburkne, strandsmelle, fjelltjøreblom og fjellarve. Karplanter som veks på dette substratet, tilhøyrer ofte spesielle serpentin/ olivin-rasar og er vitenskapeleg sett interessante. Av de ovanfor nemnde gjeld dette strandsmelle og fjelltjøreblom.

*Prioritering:* Lokaliteten tilfredsstillar kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ingen spesielle.

## **Øre: Skeisdalen: v. Sjømælingsetra (rikmyr)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-367 (Naturbasen: 1557 - 87 - 1)

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (ED):** MQ 363-373, 744-749

**Høgde over havet:** 280-360 m

**Hovudnaturtype:** fjell, myr

**Naturtype:** rik fjellvegetasjon, rikmyr

**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** fysiske inngrep  
**Undersøkt:** 24.09.1979 (Holten 1979)

#### **Områdeskildring** (Holten 1979)

*Generelt:* Lokaliteten omfattar bakkemyrene i Sæterdalen særleg sørvest for Sjømælingssætra. Avgrensinga av området er usikker (basert på kart hos Holten 1979).

*Vegetasjon:* Rikmyrer.

*Kulturpåverknad:* Svak/moderat beitepåverknad.

*Artsfunn:* Stor forekomst av de regionalt sjeldne myrartane loppestorr, engstorr og breiull.

*Prioritering:* Lokaliteten tilfredsstillar truleg kategori B (viktig).

#### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør unngå fysiske inngrep i rikmyrene.

## **Øre: Skeidsdalen: Kvennrotdalen (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-355  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 353-356, 739-741  
**Høgd over havet:** 430-480  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** opphøyr av beite  
**Undersøkt:** 20.09.1996, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Kvennrotdalen ligg på austsida av Tørrisetnebba vest for Skeidsdalen. Det omtala snøraspåverka saubeitet ligg i ein austvendt botn.

*Vegetasjon:* Kvennrotdalen er spesiell i denne rapporten, da det er den einaste som kan beskrivast som intensivt saubeita snøraseng. Denne enga ligg i tillegg i ytre fjordstrok og ikkje særleg høgt (undersøkt område ligg 430-480 meter over havet). Raspåverknad og sein snøsmelting (bratt austhelling) gjer at lokaliteten er trelaus med eit lågalpint preg, trass i at områda rundt i same høgd er kledde med skog. Vegetasjonen kan beskrivast som beita engsnøleie og bregnedominerte snøleie (fjellburkne, hestespreng). Det vart lagt ut ei 10x10 meters rute for vegetasjonsanalyse. Her dominerte sølvbunke (nokså kortbeita), og vidare var det ein god del myrfiol, marikåpe, trefingerurt, engkvein, engsoleie, følblom, musøyre og hestespreng. Ruta inneheldt 44 artar, av desse 7 naturengplanter og 9 seterplanter. Talet på artar i ruta var relativt høgt.

*Kulturpåverknad:* Ifølgje lokalkjende folk er lokaliteten svært attraktiv for sauene, og det var også mange sauer her på undersøkingstidspunktet.

*Artsfunn:* Det vart funne 74 planteartar, av desse 12 naturengplanter og 13 seterplanter. Dette er dermed ein ganske artsrik lokalitet med eit betydeleg innslag av fjellplanter som trivst i beita engsamfunn (seterplanter). Fleire artar tyder på ein viss kalkpåverknad i jordsmonnet, slik som dvergjamne, fjellfrøstjerne, hårstorr og gulsildre. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

*Prioritering:* Ut fra storleik, tilstand og artsinventar blir lokaliteten vurdert til B (viktig) som kulturlandskap (naturbeitemark).

### **Skjøtsel og hensyn**

Denne lokaliteten vil halda seg omlag som no så lenge her blir sleppt ei tilstrekkeleg mengd sauer.

## **Øre: Skeidsdalen: Sjømælingsetra (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-356  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 371 750-751  
**Høgde over havet:** 280-290 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing  
**Undersøkt:** 20.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 04.10.1999, JBJ

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Sjømælingsetra ligg på ein rygg vest for Skeidsdalen.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen er dels sølvbunkeeng, dels meir finnskjeuggdominert eng. Ved husa fanst noko nitrofil vegetasjon med krypsoleie, høymole, stornesle og bringebær. På vollen finst ein del einer som gjev landskapet preg av einerbakke. I omgjevnadene finst elles bjørk, rogn og lerk. Vollen er moserik og med relativt lite strø, noko som tyder på eit brukbart beitetrykk.

*Kulturpåverknad:* Vollen blir beita av storfe og streifande sauer.

*Artsfunn:* Det vart funne 53 planteartar, av desse 12 naturengplanter. Mellom desse var heiblåfjør, aurikkelsvæve, knegras og kornstorr. Det vart funne 12 artar av beitemarkssopp, av desse 9 vokssoppantar (17 artspoeng). Her kan nemnast den sårbare arten limvokssopp (*Hygrocybe glutinipes*) og dei hensynskrevande artane *Entoloma caesiocinctum* og glasblå raudskivesopp (*Entoloma caeruleopolitum*).

*Prioritering:* Lokaliteten blir ut frå kriteria definert i metodekatiplet sett i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskeleg at beitinga held fram som no. Etter kvart kan ein vurdera å tynna litt i eineren og fjerna andre buskar og småtre.

## **Åndal, beite v. Kvernaelva (naturbeitemark)**

**Lokalitetsnummer:** 1557-357  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 276-277, 705-706  
**Høgde over havet:** 80-90 m  
**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Naturtype:** naturbeitemark  
**Prioritet:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** attgroing  
**Undersøkt:** 16.07.1996, JBJ (Jordal & Gaarder 1997)

### Områdeskildring

*Generelt:* Vi oppsøkte eit beite frampå kanten mot Batnfjordelva på garden til Nils M. Sæther.

*Vegetasjon:* Vegetasjonen består dels av sølvbunkeeng, men det finst og magrare, gras/urterik naturengvegetasjon. Vidare finst det i skråningane ned mot elva bjørk, einer, hassel og gråor.

*Kulturpåverknad:* Beiting. Beitet er dels gjødsla, men somme parti har truleg fått lite gjødsel.

*Artsfunn:* Det vart funne 53 planteartar, av desse 15 naturengplanter. Her kan nemnast harerug, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kystmaure, aurikkelsvæve og smalkjempe. Eit mindre område hadde mykje kystmaure, og dette er eit av dei nordlegaste funna i fylket. Arten er kjent nord til Smøla, og har isolerte funn i Agdenes og Namdalseid (Fægri 1960, Elven m. fl. 1994). Det vart funne 2 vanlege artar av beitemarkssopp.

*Prioritering:* Her finst nokre indikatorartar på gammalt kulturlandskap, men førebels blir lokaliteten vurdert til kategori C (lokalt viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Dei små magre partia er mest interessante, og det er ønskjeleg at desse blir beita og lite gjødsla.

## Åndal: Åndalslia (edellauvskog, styva alm)

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-359                                   |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                               |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 265-271, 704-708                        |
| <b>Høgde over havet:</b> | ca. 180-380                                |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog, kulturlandskap                       |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog, hagemark                 |
| <b>Prioritet:</b>        | A (svært viktig)                           |
| <b>Mulege truslar:</b>   | opphøyrt lauving, attgroing, treslagskifte |
| <b>Undersøkt:</b>        | 23.08.1999, JBJ                            |

### Områdeskildring

*Generelt:* Dette er ei skogli langs dei øvste bruka på Åndal.

*Vegetasjon:* Skogen består av gråor, bjørk, selje, hegg, rogn, hassel og spreidd alm. Det er lite gran i denne lia. Undervegetasjonen er ikkje av dei mest artsrike for almeskog å vera, men ein del varmekjære artar finst (sjå nedanfor). Almene i nedre del av lia er styva og store til svært store i omfang. Det vart rekna 25-30 almepilar med ein stammediameter i brysthøgde på 0,5-2,0 meter. Ein stammediameter opp mot 2 meter er heilt uvanleg. Fleire av pilane var uvanleg store i fylkessamanheng, og denne bestanden må vera ein av dei viktigaste i fylket utanom Eikesdalen, som har hundrevis. Men sjølv Eikesdalen har ikkje mange pilar over 1,5 meter i stammediameter.

*Kulturpåverknad:* Almen har her i generasjonar vore lauva dvs. ein har hogge greiner og tørka til vinterbruk som for. Nokre av almepilane må ha vore lauva i fleire hundre år.

*Artsfunn:* På 10 av ca. 20 undersøkte pilar vart det funne knappenåslav av slekta *Sclerophora*. Det som er bestemt til no er kvitdoggnål (*Sclerophora nivea*). Denne arten er relativt uvanleg i fylket. Av plantefunn kan nemnast turt, myske, trollurt, skogsvinerot, kratthumbleblom, haremat, raud jonsokblom, kvassdå, hengjeaks, trollbær, svartburkne, lundrapp, ramslauk, firblad, stankstorkenebb, brunrot, skogvikke, hundekveke, storklokke, strandrøyv. Området har noko lungenever og andre artar frå lungeneversamfunnet.

*Prioritering:* Dette er eit område med 25-30 digre styvingstre av alm, noko som er regionalt sjeldan. Saman med funn av uvanlege lav og potensiale for fleire artar tilknytt styvingstre med grov bork blir lokaliteten vurdert til kategori A (svært viktig). Av alt som er funne av natur i Gjemnes i 1999-2000 er dette noko av det mest spesielle.

### **Skjøtsel og hensyn**

Verdien i området ligg først og fremst i dei store og gamle almepilane med tilhøyrande lavflora som krev gammal, stabil og oppsprukken bork. Ein bør for det første bevara dei pilane som står i området så lenge som råd, og vidare burde det vore laga nye pilar, slik som det er gjort forsøk med i Eikesdalen. Somme av pilane er noko topptunge på grunn av manglande styving, og her kunne det vore fjerne nokra greiner for å bevara dei i ståande tilstand noko lenger. Ein bør vurdere å få utarbeidd ein skjøtelsesplan i samarbeid med fagfolk. Det er muleg å få tilskott over ordninga med særskilte tiltak i kulturlandskapet. Ein forekomst som denne bør ha betydeleg almann interesse for skular m.m.

## **Åndal: Øyalia (alm)**

|                          |                     |
|--------------------------|---------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-364            |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide        |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 241-254, 693-697 |
| <b>Høgde over havet:</b> | ca. 140-400 m       |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog    |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)          |
| <b>Mulege truslar:</b>   | treslagskifte       |
| <b>Undersøkt:</b>        | 18.08.1999, JBJ     |

### **Områdeskildring**

*Generelt:* Dette er ei skogli med granplantingar og lauvskog med ein del alm. Øyalia ligg om lag midt mellom Åndal og Åndalssetra.

*Vegetasjon:* Den strekninga der det finst alm er over 1,5 km i aust-vest-retning.

Granplantingane har somme stader fortrent noko av almen. Almen hadde her lite borkgnag av hjort. Lauvskogen består forutan alm av bjørk (dunbjørk), gråor, hassel, hegg, osp og rogn. Skogen er dominert av storbregner (ormetelg, skogburkne, strutsving) og høgstauder (bringebær, geitrams, krattmjølke, kvassdå, kvitbladtistel, lundrapp, mjødukt, myrtistel, raud jonsokblom, skogrøyrkvein, skogstjerneblom, skogstorkenebb, storfrytle, strandrøyr (ofte dominerande), sølvbunke, turt og vendelrot).

*Kulturpåverknad:* Granplanting og skogsvegar.

*Artsfunn:* På alm vart det notert påvekst av sølvnever, lungenever, kystnever og vanleg blåfylllav. Følgjande meir varmekjære planter vart noterte: hengjeaks, hundekveke, myske, kratthumbleblom, liljekonvall, sanikel, skogsvinerot og trollbær.

*Prioritering:* Dette er rik edellauvskog av ein viss storleik, men det vart funne relativt få varmekjære planter. Etter eigne kriteriar (justering av kriteria i DN-handboka, sjå metodekapitlet) vil lokaliteten hamna i kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Ein bør ikkje utføra meir treslagskifte enn det som er gjort i almebestandane. Fordi denne bestanden står såpass langt inn, i ein snørisk del av kommunen, er ikkje almen nemnande utsett

for borkgnag frå hjort, og har derfor god sjanse til å overleva, i motsetnad til bestandane i ytre strok av kommunen.

## Åndalsfjellet: Litjvassdalen (alm)

|                          |                                   |
|--------------------------|-----------------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-360                          |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide                      |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 203-205, 692-695               |
| <b>Høgde over havet:</b> | ca. 300-420 m                     |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | skog                              |
| <b>Naturtype:</b>        | rik edellauvskog, gammel lauvskog |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)                        |
| <b>Mulege truslar:</b>   | ingen kjente                      |
| <b>Undersøkt:</b>        | 18.08.1999, JBJ                   |

### Områdeskildring

*Generelt:* I den sørvendte lia ved Litjvatnet vest for Åndalssetra står det frodig, del ganske gammel og storvaksen lauvskog med innslag av alm. Lokaliteten strekkjer seg nordover frå nordenden av Litjvatnet under Trolldalsfjellet.

*Vegetasjon:* Dei få almene som vart undersøkte vaks 340-400 m over havet og var opp til 25 cm i stammediameter i brysthøgde. Det vart observert ein del grov bjørk og rogn som tyder på at det er lenge sidan det har vore hogge her. Elles vart det funne gråor, osp og hegg. Slik gammal lauvskog er det ikkje funne mykje av i Gjemnes. Det finst og opne rasmarker. Einskilde mindre bakkemyrer vart funne, med intermediær vegetasjon av t. d. dvergjamne og fjellaugnetrøst.

*Kulturpåverknad:* Lite hogstspor, svak beiting.

*Artsfunn:* Det mest spesielle var funn av stortviblad, ein kalkkrevande, uvanleg orkidé. På ei daud almegrein vart det funne lønnekjuke. Undervegetasjonen er uvanleg frodig med ei rekkje høgstaudeartar og bregner (skogburkne, strandrøyr, sløkje, geitrams, turt, skogstorkenebb, vendelrot, gullris, ormetelg, myskegras, bringebær, raud jonsokblom, sauetelg, krattmjølke, skogmarihand, skogrøyrkvein og storfrytle) og innslag av få varmekjære artar (hengjeaks, kranskonvall, liljekonvall). I ei av bakkemyrene vart det funne ein stor bestand på over 100 individ av myrjordtunge (*Geoglossum sphagnophilum*).

*Prioritering:* Dette er eit relativt lite og dårleg utvikla almebestand. Undervegetasjonen er likevel artsrik og frodig, og funnet av stortviblad tilseier kategori B (viktig).

### Skjøtsel og hensyn

Dette er eit av dei få områda som er funne i kommunen med gammal og grov lauvskog (og innslag av alm). Slik skog har ein viktig funksjon for mange artar av mosar, sopp og lav, og dessutan truleg også hulerugande fugleartar. I tillegg er her svært frodig vegetasjon og mange planteartar. Noko av denne gamle skogen bør få stå urørt.

## Åndalsfjellet: Litjvatnet og Botnavatnet (myr/ferskvatn)

|                          |                           |
|--------------------------|---------------------------|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-361                  |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide              |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 204-210, 680-685       |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 240-265 m                 |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | myr, ferskvatn            |
| <b>Naturtype:</b>        | andre viktige forekomstar |
| <b>Prioritet:</b>        | C (lokalt viktig)         |
| <b>Mulege truslar:</b>   | fysiske inngrep           |
| <b>Undersøkt:</b>        | 18.08.1999, JBJ           |

### Områdeskildring

*Generelt:* Litjvatnet og Botnavatnet ligg vest for Åndalssetrene, nær kommunegransa til Molde.

*Vegetasjon:* Rundt begge vatna er det betydelege myrområde med mest fattig myr med bjønnskjegg, rome, duskull og blåtopp. I Litjvatnet er det høgstorrump med flaskestorr og elvesnelle særleg i nordende, men og elles. I Botnavatnet var det og belte av flaskestorr og elvesnelle. Det er ingen naturtypar i DN-handboka som passar i dette området.

*Kulturpåverknad:* Ubetydeleg. Sti og bru over bekken.

*Artsfunn:* I blaut myr ved innløpsosen i Botnavatnet (bekken frå Litjvatnet, sørvest for brua over bekken) vart det funne både sivblom og ein del *strengstorr*. Sistnemnte er ein austleg og nokså sjeldan art i fylket, men har fleire funnstader i Gjemnes. I Litjvatnet er det elles notert botnegras, krypsiv, sumpbærerot, tjønnaks, truleg fjellpiggnopp (steril), bukkeblad. I Botnavatnet vart det notert bukkeblad, krypsiv, tjønnaks, sumpblærerot, flotgras, mykje botnegras, tjønngras, stivt brasmegras og tusenblad (dei to siste i utløpet).

*Prioritering:* Området er skildra som ein lokalitet mest på grunn av funn av den sjeldne myrplanten strengstorr. Sidan det ikkje finst nokon type i DN-handboka som passar til desse myrene, er lokaliteten berre plassert som uspesifisert myr i kategori C (lokalt viktig). Ein har avgrensa bekken mellom dei to vatna, og parti med ferskvassvegetasjon i tillegg til myra der strengstorr veks.

### Skjøtsel og hensyn

Særleg biologisk interessant på grunn av god bestand av strengstorr. Ein bør mest muleg unngå fysiske inngrep i myrområda og strandsonene rundt vatna.

## Åndalssetrane (naturbeitemark)

|                          |  |
|--------------------------|--|
| <b>Lokalitetsnummer:</b> | 1557-362   |
| <b>Kartblad:</b>         | 1320 IV Eide   |
| <b>UTM (EUREF 89):</b>   | MQ 220-225, 684-685  |
| <b>Høgd over havet:</b>  | 250-280 m  |
| <b>Hovudnaturtype:</b>   | kulturlandskap   |
| <b>Naturtype:</b>        | naturbeitemark   |
| <b>Prioritet:</b>        | B (viktig)   |
| <b>Mulege truslar:</b>   | mindre beiting, attgroing  |
| <b>Undersøkt:</b>        | 16.09.1996 (Jordal & Gaarder 1997), 04.10.1999, JBJ, 23.07.00, GGa |

### Områdeskildring

*Generelt:* Åndalssetrane består av fleire setrar og hytter. I omgjevnadene dominerer bjørkeskog og fattigmyr.

*Vegetasjon:* Også i seterlandskapet er det noko tre og skogkrullar. Vegetasjonen er ueinsarta med noko lynnmark, noko sølvbunkeeng, noko fukteng med trådsiv, slåttestorr og stjernestorr, og mindre parti med gras/urterik natureng med engkvein, gulaks, jonsokkoll, småengkall, hårsvæve og aurikkelsvæve.

*Kulturpåverknad:* Sauer streifar i området, og beiter særleg på føresommaren før dei dreg høgge opp.

*Artsfunn:* Det vart funne 56 planteartar, av desse 13 naturengplanter og 4 seterplanter, alle meir eller mindre vanlege artar. Det vart funne 8 vanlege artar av beitemarkssopp. Geir Gaarder har påvist 22 eks. av (låglands-)kvitkurle, i fuktig eng i austlege del av seterområdet. Dette er ein raudlisteart i kategori hensynskrevande på raudlista.

*Prioritering:* Dette er ein mindre lokalitet med ein del hytter og relativt små areal naturbeitemark som dessutan er i byrjande attgroing. Funnet av kvitkurle trekkjer mot kategori A, men konklusjonen etter ei heilskapsvurdering blir kategori B (viktig).

### **Skjøtsel og hensyn**

Det er ønskeleg å halda landskapet og vegetasjonen ved like gjennom beiting, og skog- og krattrydding etter behov.

## Ikkje undersøkte lokalitetar

Under denne overskrifta er det samla ein del lokalitetar som ikkje er undersøkt (kan vera verdifulle). Nedanståande er tatt med fordi det representerer ei informasjonsmengd som vil ha interesse i ei vidare kartlegging.

### *Angvik: utløpet av Angvikelva (strand)*

**Hovudnaturtype:** havstrand

**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ

**Områdeskildring:** (03.07.2000). Utløpet av Angvikelva har nokre mindre strandenger (ca. 0,5 dekar) og grusøyrrer som er intakte. Området har ein funksjon for strandplanter og våtmarksfugl, særleg måse-artar. Området burde vore undersøkt.

### *Batnfjorden: Blakstad: Litjekammen (alm)*

**Hovudnaturtype:** skog

**Kartblad:** 1320 IV Eide

**UTM (EUREF 89):** MQ 343-348, 787-789

**Høgde over havet:** ca. 200-340 m

**Naturtype:** edellauvskog

**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ

**Områdeskildring:** Lauvskogsli med bjørk, osp og rogn. Det står spreidd med små alm relativt høgt i lia, rundt 250-300 meter over havet. Lenger ned i lia ligg eit granplantefelt.

### *Batnfjorden: Knutset (alm)*

**Hovudnaturtype:** skog

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 350-354, 789-795

**Høgde over havet:** ca. 140-300 m

**Naturtype:** edellauvskog

**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ

**Områdeskildring:** Lauvskogsli med spreidd alm ca. 150-300 meter over havet. Bjørk, osp og rogn dominerer.

### *Batnfjorden: Nord for Dundateigselva (alm)*

**Hovudnaturtype:** skog

**Kartblad:** 1320 IV Eide

**UTM (EUREF 89):** MQ 334-338, 774-779

**Høgde over havet:** ca. 200-320

**Naturtype:** edellauvskog

**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ

**Områdeskildring:** Lauvskogsli med mykje bjørk, elles rogn, osp og selje. Det finst spreidd alm høgt i lia, mest rundt ca. 300 meter over havet.

### *Batnfjorden: Nordaust for Knutset under Stokknoken (alm)*

**Hovudnaturtype:** skog

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 350-354, 788-796

**Høgde over havet:** ca. 150-300

**Naturtype:** edellauvskog  
**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** Stor lauvskogsli under Stokknuken med få almer.

### ***Batnfjorden: Rød (alm)***

**Hovudnaturtype:** skog  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 330-336, 767-772  
**Høgde over havet:** ca. 120-280 m  
**Naturtype:** rik edellauvskog  
**Undersøkt:** berre betrakta på avstand med kikkert  
**Områdeskildring:** Her finst ein almebestand i øvre del av lia på begge sider av Rødelva, med store granplantefelt både nedanfor og i nordaust. Granfelta har redusert almebestandane, men framleis stikk spreidd alm opp mellom granene.

### ***Bergsøya: Hylla-Litjvika-Hamna (kulturlandskap)***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap  
**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det ikkje har vore tid til å undersøkje det. Frå bilen vart det observert gamle slåtteeuger/naturbeitemarkar med jordnøtt, grov nattfiol m.m. *Desse kan ha betydeleg biologisk verdi.*

### ***Flemma: Flemselva (myr)***

**Naturbasen** (1557-103-10): "Flatmyrområde på begge sider av Flemselva. Innslag av nedbørsmyr av høgmyrtypen."  
**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det ikkje er undersøkt, og deler av lokaliteten er dyrka.

### ***Flemma: utløpet av Flemselva (strand)***

**Hovudnaturtype:** havstrand  
**Undersøkt:** berre betrakta på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** (03.07.2000). Utløpet av Flemselva har nokre mindre strandenger og grusøyrrer. Området har ein funksjon for strandplanter. Området burde vore undersøkt.

### ***Flemma: Hesthamna (alm)***

**Hovudnaturtype:** skog  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 506-520, 770-783  
**Høgde over havet:** ca. 140-300 m  
**Naturtype:** edellauvskog  
**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** Lauvskogsli med spreidd alm i sørausthellinga av fjellet Hesthamna vestover frå Flemma, ca. 200-350 meter over havet.

### ***Hoem: utløpet av Hoemselva (strand)***

**Hovudnaturtype:** havstrand  
**Undersøkt:** berre betrakta på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** (03.07.2000). Utløpet av Hoemselva har ei lita strandeng og grusøyrrer. Området har ein funksjon for strandplanter. Området burde vore undersøkt.

***Osmarka: Fagerlia (alm)***

**Hovudnaturtype:** skog  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 479-482, 742-744  
**Høgd over havet:** ca. 280-340 m  
**Naturtype:** edellauvskog  
**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** Lauvskogsli med spreidd alm i sørausthellinga av fjellet Fagerlihøgda vestover frå Flemma, ca. 300 meter over havet.

***Skeisdalen: Larsetra (alm)***

**Hovudnaturtype:** skog  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 385-388, 751-754  
**Høgd over havet:** ca. 80-300 m  
**Naturtype:** edellauvskog  
**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** Sørvestvendt lauvskogsli med spreidd alm mellom Larsetra og Skei, ca. 100-300 meter over havet.

***Torvikdalen: Torvikelva (meandrerande elv)***

**Hovudnaturtype:** ferskvatn  
**Kartblad:** 1320 I Tingvoll  
**UTM (EUREF 89):** MQ 419-426, 767-782  
**Høgd over havet:** 91-100 m  
**Naturtype:** viktig bekkedrag  
**Undersøkt:** berre betrakta på avstand, JBJ  
**Områdeskildring:** Meandrerande bekk/elv frå like nord for Dalen og fram til Torvikvatnet. Det er gjort nokre inngrep, men vassdraget synest å ha eit i hovudsak intakt "slyngeløp". Bør undersøkast.

***Åndal: Under Seterfjellet (alm)***

**Hovudnaturtype:** skog  
**Kartblad:** 1320 IV Eide  
**UTM (EUREF 89):** MQ 225-230, 689-690  
**Høgd over havet:** ca. 400-450 m  
**Naturtype:** edellauvskog  
**Undersøkt:** berre betrakta med kikkert på avstand, 18.08.1999 JBJ  
**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er ei bratt skogli med berghamrar og lauvskog nokre hundre meter nordaust for Åndalssetra. I denne lauvskogen er det observert nokre mindre almetre, forutan bjørk og rogn. Undervegetasjonen er frodig med ein del høgstauder.

## Ikkje prioriterte lokalitetar

Under denne overskrifta er det samla ein del oppsop, som dels fell utanfor verdsettingskriteria i DN-handboka. Dette kan vera viltområde, t. d. hekkeområde for sjøfugl, eller det kan vera meir triviell natur. Nokre små rikmyrflekker i eit landskap med større rikmyrområde er også plassert hit. Dette er tatt med fordi det representerer ei informasjonsmengd som kan ha interesse.

### ***Bergsøya: Bergsholmen***

**Hovudnaturtype:** Kulturlandskap, skog.

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det ikkje er gjort særleg interessante funn.

**Generelt:** Bergsholmen ligg på innsida av Bergsøya noko sør for flytebrua. Holmen er i dag landfast med ein molo.

**Vegetasjon:** Ein del av holmen er kledd med lauvskog som dels kan klassifiserast som blåbærbjørkeskog. Elles finst opne beitemarker, strandberg, strandeng og svartorstrandskog. Registrerte tre- og buskslag var bjørk, svartor, einer, gråor, kjøtttype, osp, rogn, selje, furu, øyrevier og platanlønn. Beitemarkene er gjødsla og sølvbunkedominerte med noko englodnegras og myrtistel. Det mest interessante er førekomsten av svartorstrandskog.

**Artsfunn:** Det vart funne 90 planteartar, av desse 12 vanlege naturengplanter. Det høge talet på planteartar må sjåast på bakgrunn av at her finst mange vegetasjonstypar med skog og strand som dei viktigaste i tillegg til beitemarkene. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Skjøtsel og hensyn:** Bergsholmen har i noverande tilstand relativt lita biologisk interesse som kulturlandskap, men framhaldande beiting kombinert med lite gjødsling kan leggja tilhøva til rette for innvandring av fleire beiteavhengige artar. Svartorstrandskogen bør ikkje hoggast.

### ***Bergsøya: Høgholmen***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit attgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** Høgholmen er den vestlegaste og høgste (34 m) av holmane på nordsida av Bergsøya. Her har ikkje vore beita på lenge, og holmen har mykje lynghei med grov og høgvaksten røsslyng. Elles finst noko storfrytledominert vegetasjon, fukthei, strandberg og knausar med usamanhengande vegetasjon. Av tre- og buskslag fanst kjøtttype, furu, platanlønn og selje.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 46 planteartar, av desse 7 vanlege naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** I dagens tilstand har Høgholmen liten biologisk verdi som kulturlandskap, men oppattaking av beitet kan gje ein del artar sjansen til å dukka opp att.

**Naturbasen:** 1557 - 11 - 0. "Fleire holmar og skjer med hekkande sjøfugl. Gruntområda er viktige beiteområde for fugl."

### ***Bergsøya: Isakholmen***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit attgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** Isakholmen er den midtre av dei tre større holmane på nordvestsida av Bergsøya, omlag midt over Freifjordtunellen. Her finst både røsslynghei og meir fuktig hei, men og ein del attveksande grasmark med mykje smyle, raudsvingel, gulaks og englodnegras. På grunnlendt berg går attveksinga seint, og her veks ein del engplanter som lækjeveronika og smalkjempe. Ved stranda fanst både tangvoll- og strandbergplanter. Av tre- og buskvekstar fann vi einer, kjøtttype og rogn.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 54 planteartar, av desse 9 vanlege naturengplanter. Av spesielle artar kan nemnast sverdlilje. Det vart ikkje funne beitemarkssopp. Grønfink vart observert under befaringa.

**Råd om framtidig bruk:** Isakholmen har i dag inga stor biologisk interesse som kulturlandskap. Om nokon vil sleppa dyr her er det berre positivt, og kan leggja tilhøva til rette for innvandring av beiteavhengige artar.

**Naturbasen:** 1557 - 11 - 0. "Fleire holmar og skjer med hekkande sjøfugl. Gruntområda er viktige beiteområde for fugl."

### ***Bergsøya: Storholmen***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit attgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er den største av holmane som vart undersøkt på utsida av Bergsøya. Her finst ein del røsslynghei, og på sørsida er det ein god del einer. Elles finst parti med smyledominerte grasheiar og fukthei med m. a. knappsiv. Langs stranda finst strandberg- og tangvollvegetasjon. På grunnlendt berg finst ein del engplanter i usamanhengande vegetasjon, t. d. hårsvæve, lækjeveronika, smalkjempe og geitsvingel. Av tre- og buskslag fanst bjørk, einer, furu, gråor, kjøtttype og rogn.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 56 planteartar, av desse 11 naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Som kulturlandskap er heller ikkje Storholmen særleg interessant biologisk sett, men som elles på kysten er det positivt dersom hevdten blir teken opp att på tradisjonelle beiteholmar.

**Naturbasen:** 1557 - 11 - 0. "Fleire holmar og skjer med hekkande sjøfugl. Gruntområda er viktige beiteområde for fugl."

### ***Brakstadstranda: Brubæksetra***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit attgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** Brubæksetra finst i dag berre som tufter, og det som ein gong truleg har vore setervoll, er i dag forsumpa til fattig myr med duskull og bjønnskjegg. Rundt sjølve tuftene er det framleis noko fastmark med ein del vanlege kulturlandskapstilknytte artar som engfrytle, finnskjegg, gulaks, harerug, engkvein, engsoleie, krypssoleie og sølvbunke.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 45 planteartar, av desse 6 vanlege naturengplanter. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

### ***Brakstadstranda: Kattvika (alm)***

**Hovudnaturtype:** skog (litt alm)

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det knapt kan kallast edellauvskog

**Undersøkt:** 03.09.1999, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Kattvika ligg ved Tingvollfjorden litt sør for Angvika.

*Vegetasjon:* Ovafor riksvegen og kraftlinjegata er det austvendt lauvskog med hengjebjørk, dunbjørk, rogn, selje, hegg, osp, gråor, furu og spreidd alm og hassel. Dei få almetrea som vart undersøkt var ikkje styva, og lite utsett for borkgnag av hjort. Vidare finst noko planta gran. Vegetasjonen veksla mellom storbregner, blåbærvegetasjon, mosedominans og gras og høgstauder.

*Kulturpåverknad:* Litt planta gran.

*Artsfunn:* Av artsinventaret kan nemnast markjordbær, krossved, krattlodnegras, hengjeaks, stankstorkenebb, skogsalat, firblad, myske, lundrapp, hundekveke, myskegras og skogsvinerot.

*Verdsetting:* Lokaliteten har berre nokre spreidde almer, og kan knapt definerast som edellauvskog.

### ***Brusen***

**Naturtype:** hekkeområde for sjøfugl (ikkje definert som naturtype av DN 1999a, inngår i viltkartlegging, DN 1996)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell under viltkartlegging (inngår ikkje i dette prosjektet).

**Områdeskildring:** (Naturbasen 1557-4-0): "Ein stor og ein liten holme med hekkande sjøfugl."

### ***Flemma: Gagnatsetrane***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit attgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** Gagnatsetrane ligg i dag i eit landskap som har kome langt i attgroinga, og er nærast for skog å rekna. Rundt setrane veks lauvskog og blandingsskog med bjørk, furu, osp, rogn, einer og øyrevier. I botnen er det mykje blåbærlyng. Elles finst fuktmark med mykje blåtopp, fattige og intermediære myrar (ein flekk med breiull vart observert), og inntil setrane noko høgvaksen, fuktig og frodig sølvbunkeeng med skogsnelle, bringebær, knappsiv og mjøduert. Somme artar, som geitsvingel, vart berre observert på torvtaket.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 58 planteartar, av desse berre 6 vanlege naturengplanter. Nedanfor setrane sto ein krull med turt. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Som kulturlandskap har lokaliteten i dag liten biologisk verdi. Landskapsmessig kan det likevel vera verdt å fjerna noko av skogen rundt husa.

### ***Fursetfjellet: vest for Heia (rikmyr)***

**Hovudnaturtype:** myr

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er ein liten rikmyrflekk i eit landskap med større avgrensa rikmyrområde

**Undersøkt:** 23.07.2000, GGa

**Områdeskildring, vegetasjon:** Rike sig i skogli på vestsida av Heia, MQ 288 694 (ED).

Notert gulstorr, breiull, myrsauløk, klubbstorr, svarttopp, loppestorr, småsivaks og fjelltistel. Klubbstorr er regionalt relativt sjeldan.

### ***Gjemnessundbrua***

**Naturtype:** hekkeområde for sjøfugl (ikkje definert som naturtype av DN 1999a, inngår i viltkartlegging, DN 1996)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell under viltkartlegging (inngår ikkje i dette prosjektet).

**Områdeskildring:** På undersida av brua på Gjemnessida, frå land og ca. 100 meter utover, har det utvikla seg ein stor krykkjekoloni, som vart opptelt 30.08.1999 av underteikna. Ein fann da ca. 25 reir på vestsida av brua og ca. 350-400 reir på austsida. Dette tyder på at det kan ha vore mangel på høvelege hekkstader. Krykkje er ein fugl som primært hekkar i fuglefjell på ytterkysten, men menneskeskapte konstruksjonar som t. d. sjøhus, steinbrot og bruer kan gjera same nytten. Næringstilgangen er truleg bra i området for tida.

Gjemnessundbrua er det som ein på fagspråket kallar ein erstatningbiotop - ei menneskeskapt erstatning for ein naturleg hekkebiotop.

**Omsyn og skjøtsel:** Det viktigaste her er at kolonien får vera i fred, og at eventuelt arbeid på brua der kolonien held til, tek omsyn til dette. Slikt arbeid bør leggjast utanom hekketida, og kommunen bør kontakta Statens vegvesen og informera om dette.

### ***Gjemnessundet: Skarvholmen/Seiholmen***

**Naturtype:** hekkeområde for sjøfugl (ikkje definert som naturtype av DN 1999a, inngår i viltkartlegging, DN 1996)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell under viltkartlegging (inngår ikkje i dette prosjektet).

**Områdeskildring:** (Naturbasen:1557-20-0): "Fleire småholmar og skjer i Gjemnessundet. Beiteområde for sjøfugl."

### ***Kvalvågneset (svartor)***

**Hovudnaturtype:** havstrand, nokre svartorer

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det fell utanfor kriteriana i DN-handboka

**Områdeskildring:** (03.07.2000). Ved kraftstasjonen (MQ 477 827) står nokre svartorer i stranda + bukta vest for Landfastholmen. Velutvikla tangvollsamfunn.

### ***Kvalvågholmane***

**Naturtype:** hekkeområde for sjøfugl (ikkje definert som naturtype av DN 1999a, inngår i viltkartlegging, DN 1996)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell under viltkartlegging (inngår ikkje i dette prosjektet).

**Områdeskildring:** (Naturbasen: 1557 - 98 - 8): "Fleire holmar og skjer med hekkande sjøfugl." Folkestad & Loen (1998): "Fire mindre holmar ved utlaupet av Tingvollfjorden. Hekking av terner og fiskemåse (125-335 par)".

### ***Osmarka: Hanaset-tjønn***

**Hovudnaturtype:** ferskvatn

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det ikkje er ein prioritert naturtype i DN-handboka (myrtjønn). Lokaliteten kan bli prioritert høgare ved evt. viltkartlegging.

**Områdeskildring:** (08.10.1999). MQ 420 718. Lita tjønn der det vart notert følgjande vassplanter: kvit nøkkerose, elvesnelle, krypsiv, tjønnaks, ubestemt blærerot, og i kantane sivblom, kvitmyrâk, dystorr og flaskestorr. Nedbørsmyr m. torvull og kvitlyng rundt.

### ***Osmarka: Heggemsetra***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit atgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** (08.10.1999). Heggemsetrane ligg mellom Hanaset og Duå, oppå eit høgdedrag i terrenget. Det er fleire setrar i same området og ei rekkje høyløer, og kulturhistoria er presentert på ein fin og instruktiv måte med informasjonstavler laga av tidlegare Heggem skule. Tidlegaste skriftlege kjelde om drift her er frå 1723, men seterdrifta er truleg eldre. Stølane var inngjerda, gjødsla, og vart slått. Nordigardsstølen setra til 1927-28. Vegetasjonen i dag ber preg av lang tids uhevd. Noko av området er tilplanta med gran, det er elles vorte ein del skog av bjørk og rogn. Det området som i dag er ope ved setrene er ikkje stort. Det er att litt sølvbunkeenger og små areal med engkvein-gulaks-eng med tepperot og blåbær.

**Artsfunn:** Det vart funne lite som er av biologisk interesse, og det vart ikkje laga planteliste.

**Skjøtsel og hensyn:** Heggemsetra har i dag lita biologisk interesse som kulturlandskap. Det er likevel svært positivt at ein her har teke vare på minna om kulturhistoria i form av ein natursti med informasjonstavler. Dette betyr noko for den lokale identiteten.

### ***Osmarka: Langvatnet (myr, ferskvatn)***

**Naturbasen** (1557 - 29 - 0): "Eit noko større vatn som er omkransa av myrlandskap. Fuglefaunaen er av austleg type."

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det ikkje er undersøkt

### ***Osmarka: Sagelva***

**Hovudnaturtype:** ferskvatn (bekkedrag)

**Verdsetting:** Området blir ikkje prioritert på grunn av at det ikkje er gjort spesielt interessante funn.

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ442-447, 708-723

**Høgde over havet:** 100-140 m

**Undersøkt:** Folkestad (1978), 15.09.99, JBJ

#### **Områdeskildring**

*Generelt:* Sagelva er namnet på elva som fører vatn frå Junen til Fosterlågen. Elva startar frå Junen heilt i kanten av Heggemsvatnet-Holåvatnet naturreservat, og renn først stilleflytande eit stykke før ho blir brattare ned mot saga, og deretter noko slakkare ut mot Fosterlågen att.

*Vegetasjon:* Vegetasjon av ulike vassplanter finst i øvre del ved utløpet frå Junen, dette inngår i naturreservatet. Elles har elva steinbotn og berre algebegroing.

*Kulturpåverknad:* Forureining frå areala i nedbørfeltet, sag, veg/bru. Det vart observert eit beige belegg på steinane frå ein periode med høgare vasstand. Dette kan vera det same som er identifisert frå prøvar innsendt av kommunen frå Fosterlågen: "meteorpapir", inntørka grønalgar av slekta *Oedogonium* (Olav Skulberg, NIVA, i brev av 11.10.1999). I mindre mengder treng ikkje dette indikera forureining. Ut frå ei slik rask befaring er det vanskeleg å seia noko sikkert om forureiningssituasjonen. Både belegg på steinane og forekomsten av nitrofile planter var likevel noko meir påfallande enn i andre liknande elver som renn ut i Fosterlågen utan å koma frå jordbruksområde eller andre forureiningskjelder (Duelva, Kjerringelva).

*Artsfunn:* Av nitrofile planter langs breidda vart det registrert amerikamjølke, mjødukt, mannosøtgras, høymole, strandrøyr, hundekjeks, stornesle, bringebær, vassarve og krypsøleie. Elles vart det observert skogkarse og fossefall. Fossefall hekkar ifølgje Folkestad (1978).

**Skjøtsel og hensyn:** Ein bør kartleggja og søkja å redusera forureininga i elva. Underteikna kan ikkje seia så mykje konkret om kjeldene, anna enn at heile vassdraget synest å vera påverka.

### ***Seivikneset***

**Naturtype:** hekkeområde for sjøfugl (ikkje definert som naturtype av DN 1999a, inngår i viltkartlegging, DN 1996)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell under viltkartlegging (inngår ikkje i dette prosjektet).

**Områdeskildring:** (Naturbasen: 1557-89-2): "Vestvendt nes med ein holme i Kvernesfjorden. Området har ein viss funksjon som hekke og beiteområde for sjøfugl."

### ***Silsetfjellet: ved Innergardssetra (rikmyr)***

**Hovudnaturtype:** myr

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det er ein liten rikmyrflekk i eit område med større rikmyrområde

**UTM (EUREF 89):** MQ 341 707 (430 m)

**Undersøkt:** 23.08.1999, JBJ

**Områdeskildring:** Ca. 100 m nord for Innergardssetra ligg ein flekk med rikmyr. Vegetasjonen er rik bakkemyr. Ulike rikmyrartar som breiull, gulsildre, bjønnbrodd, kornstorr, gulstorr, myraugnetrøst, dvergjamne, myrfrytle og ei ubestemt marihand utan flekker på blada. Ein bør unngå fysiske inngrep som veg- og hyttebygging i rikmyrene. Området bør undersøkast nærare.

### ***Silsetfjellet: Litjvatnet (innsjø)***

**Naturtype:** fjellvatn (ikkje definert som naturtype av DN 1999a)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell utanfor dei prioriterte naturtypane

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit fjellvatn aust for Silsetvatnet, det ligg 460 m over havet i ein botn sør for Steinmerra (772 m). Botnen består mykje av stein med litt finare sediment innimellom. Langs strendene i deler av vatnet står elvesnellevegetasjon. Det vart elles observert ein del krypsiv, bukkeblad, flotgras, stivt brasmegras, botnegras og sumpblærerot. Vatnet er eit vanleg, oligotroft (næringsfattig) vatn.

### ***Tjeldholmen***

**Naturtype:** hekkeområde for sjøfugl (ikkje definert som naturtype av DN 1999a, inngår i viltkartlegging, DN 1996)

**Prioritet:** ikkje prioritert fordi det fell under viltkartlegging (inngår ikkje i dette prosjektet).

**Områdeskildring:** (Naturbasen: 1557-27-0): "Lita holme som er hekkeplass for sjøfugl. Gruntvassområda ikring er raste- og beiteplass for vassfugl."

### ***Øre: Mokkelbostad (naturbeitemark)***

**Kartblad:** 1320 I Tingvoll

**UTM (EUREF 89):** MQ 373 774

**Høgd over havet:** 70-80 m

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Naturtype:** naturbeitemark

**Undersøkt:** 05.10.1993, GG & JBJ (Jordal & Gaarder 1993)

**Områdeskildring:** Lokaliteten ligg ved skogkanten opp for Mokkelbostad i Øre. Kupert beite med einer i hellende terreng, mellom dyrka mark og skog. Lokaliteten er tuvet og har en del lyng. Det vart funne gul vokssopp, seig vokssopp og skarlagenvokssopp vart funne ved dette besøket. Det vart ikkje teke planteliste. Lokaliteten bør beitast også i framtida.

### ***Åndalsfjellet: Litjvassdalen, Bjørndalen (tidl. kulturlandskap)***

**Hovudnaturtype:** kulturlandskap

**Prioritering:** ikkje prioritert fordi det er eit attgrodd kulturlandskap

**Områdeskildring, vegetasjon:** Dette er eit utmarksområde vest for Botnvatnet (nær kommunegrensa mot Molde) der det finst tufter av høylør, og der det har vore dreve utmarksslått, men der kulturpåverknaden ikkje er så lett synleg i dag. Området har fattig- og intermediær myr og tørr og fuktig hei. Dessutan vart det funne eit mindre område med frodig, lysopen gras/urterik bjørkeskog med ryddingsrøyser. Her dominerte sølvbunke, engkvein, gulaks, tepperot, skogstorkenebb og fleire bregneartar. Dette har truleg vore open, produktiv slåttemark for ganske lang tid attende. I dag er den einaste kulturpåverknaden streifbeiting av sau. Av tre- og buskslag fann vi bjørk, dvergbjørk, einer, gråor, furu, hegg, rogn, svartvier og øyrevier.

**Kommentarar til funn:** Det vart funne 75 planteartar i området, av desse berre 6 naturengplanter. Artar som kan nemnast er dvergjamne, jåblom og kornstorr. Det vart ikkje funne beitemarkssopp.

**Råd om framtidig bruk:** Det har vorte sett opp att ei høyløe i området. Dette kan tena som ei fokusering på tidlegare tiders strev med å skaffa vinterfôr frå utmarka. Litt ljåslått rundt denne høyløa vil kunne gjenskapa den vegetasjonen som var i desse utslåttane. Dagens streifbeiting har mindre innverknad på vegetasjonen, og attgroing vil etter kvart viska ut spora etter utmarksslåttan.

# RAUDLISTEARTAR I GJEMNES

## Kjelder

Kjelder til informasjon om raudlisteartar er vist i tabell 4 tidlegare i rapporten.

Med raudartar meiner her artar som er oppført på nasjonale raudlister. Den nasjonale raudlista er utgjeven av Direktoratet for naturforvaltning (DN 1999b). Funn av planter, lav og sopp som står på raudlista er samanstilt for heile fylket av Jordal & Gaarder (1998a). Funn/observasjonar av virveldyr er ikkje tatt med, sidan Direktoratet for naturforvaltning har bestemt at dette høyrer inn under viltkartlegging. Viltkartlegging inngår ikkje i dette prosjektet.

Følgjande kategoriar er nytta i raudlistene:

|    |                 |
|----|-----------------|
| Ex | utdøydd         |
| E  | direkte truga   |
| V  | sårbar          |
| R  | sjeldan         |
| DC | hensynskrevande |
| DM | bør overvakast  |

*Ingen raudlisteartar av lav og mose er kjent frå Gjemnes* (Frisvoll & Blom 1997, Tønsberg m. fl. 1996, Jordal & Gaarder 1998a)

## Karplanter

### Kvitkurle

Låglandsforma (*Leucorchis albida* ssp. *albida*) er oppført som hensynskrevande. Følgjande funn er kjent:

- mellom Reitan og Reinsfjellet 510 m o.h. gras-urterik fjellbjørkeskog, 22.6.1978, Jarle Holten, kartblad 1320 I Tingvoll, MQ 4576 (TRH) (Jordal & Gaarder 1998a)
- Åndalssetra, austlege del, ovafor vegen ved første hytta, i attgroande, sørvendt fukteng 23.07.2000, Geir Gaarder, kartblad 1320 IV Eide, MQ 224 685, 260 m o. h.
- Fursetfjellet: Langlia, i tørrare parti i artsrik, svakt nordvendt rikmyr 23.07.2000, Geir Gaarder, kartblad 1320 IV Eide, MQ 308 691 (ED), 280 m o. h.

Denne arten finst ofte i slåtteenget og beitemarker, eller i myrkantar og lysopen bjørkeskog. Det finst funn der eg ikkje er sikker på underarten, men som truleg høyrer hit, t. d. frå Stokkdalen på Storlandet (J. I. Holten).

### Solblom

Arten er oppført som hensynskrevande. Arten er særleg ein slåtteengetart, som i seinare år har vorte sjeldan i takt med at gamle, lite gjødsla naturenger i god hevd har forsvunne. Følgjande funn er registrert i karplantedatabasen ved Botanisk Museum i Oslo:

- "Battenfjord, 14.7.1895, J. Lossius"

Fram til etter 2. verdkrig var solblom ein relativt vanleg art nord til Romsdal og Ytre Nordmøre. Arten er no kjent først og fremst frå visse distrikt på Sunnmøre, og det er lite truleg at ein vil finna han att i Gjemnes.

## Sopp

Det er kjent godt over 7000 soppartar i Norge, av desse står no 763 på raudlista (Bendiksen m. fl. 1997, DN 1999b). I vårt fylke er det kjent rundt hundre av desse raudlisteartane.

